Budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030 - Kvam herad



Innhald

På ny på rett sida av streken 6
Innsparingsprogram 9
Status innsparingsprogram 9
Nytt innsparingsprogram 10
Oversikt over tidlegare vedtekne innsparingar inkludert endringane som er føreslått i ØP 2027-2030 10
Oversikt over endringar i innsparingstiltak mellom 2.tertial 2026 og Budsjett 2027 13
Justeringar og tiltak - forslag til budsjettendring 18
Rådmann sine endringsframlegg til budsjett og økonomiplan 2027-2030 18
Oppsummering av forslag til endringar i budsjett og økonomiplan 2027-2030 18
Endringar i budsjett og økonomiplan 2027-2030 19
Nye tiltak i budsjett og økonomiplan 2027 -2030 19
Oversikt over foreslåtte endringar på innsparingskrava i budsjett og økonomiplan 2027 -2030 23
Bruk og avsetjing av disposisjonsfond i økonomiplanperioden 25
Føresetnader og risikovurdering 26
Risikotabell 28
Lesarrettleiing og vedlegg 35
Kva er budsjett og økonomiplan? 35
Korleis finne fram i dokumentet? 35
Tenesteområda i kommunen 36
Budsjettvedtak 39
Framlegg til budsjettvedtak - Rådmann sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2027-2030 39
Forslag til vedtak - budsjettendringar 41
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6 41
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd 42
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd 42
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd 43
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd 44
Hovudtal i budsjettforslaget 49
Sentrale inntekter 50
skatt på inntekt og formue 50
Ordinært rammtilskudd 50
Skatt på eigedom 51
Andre generelle statstilskudd 52

Konsesjonsavgift 53
Sentrale utgifter 53
Pensjon 53
Netto finansresultat 54
Finansinntekter og -utgifter 55
Andre tabellar 55
Netto driftsresultat 56
Netto driftsresultat uten kraftrelaterte inntekter 57
Disponering eller dekning av netto driftsresultat 57
Finansielle måltal og utvikling i planperioden 58
Finansielle måltal og utvikling i planperioden 58
Saldo på disposisjonsfond 61
Kraftinntekter 63
Prosjekt i økonomiplan 67
Driftsprosjekt i Kvam herad 67
Investeringsprosjekt i Kvam herad 67
Nye og endra prosjekt 68
Nye investeringar 68
Endring på prosjektramme 69
Avslutta prosjekt 69
Samfunnsutvikling 73
Samfunnstryggleik og beredskap 74
Organisasjon 77
Klimabudsjett 87
Gebyrliste 90
Tenesteområda i kommunen 115
Finans og fellespostar 115
Innleiing 115
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 115
Driftsbudsjett med endringar 115
Styring og kontrollverksemd 117
Innleiing 117
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 117
Driftsbudsjett med endringar 117
Fordeling på teneste (Tabell) 118

Administrasjon 119
Innleiing 119
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 119
Driftsbudsjett med endringar 120
Barnehagar 123
Innleiing 123
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 123
Driftsbudsjett med endringar 125
Grunnskuleopplæring 127
Innleiing 127
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 127
Driftsbudsjett med endringar 129
Kommunehelse 131
Innleiing 131
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 131
Driftsbudsjett med endringar 135
Pleie og omsorg 137
Innleiing 137
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 137
Driftsbudsjett med endringar 138
Sosialteneste 140
Innleiing 140
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 140
Driftsbudsjett med endringar 142
Barnevern 144
Innleiing 144
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 144
Driftsbudsjett med endringar 145
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon 147
Innleiing 147
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 147
Driftsbudsjett med endringar 148
Plan og byggesak 150
Innleiing 150
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 150

Driftsbudsjett med endringar 151
Fordeling på hovudart 151
Fordeling på teneste (Tabell) 151
Måltabell 152
Kultur 153
Innleiing 153
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 153
Driftsbudsjett med endringar 154
Kyrkja 156
Innleiing 156
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 156
Driftsbudsjett med endringar 156
Samferdsel 157
Innleiing 157
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 157
Driftsbudsjett med endringar 158
Bustad 160
Innleiing 160
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 160
Driftsbudsjett med endringar 161
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft 163
Innleiing 163
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 163
Driftsbudsjett med endringar 164
Brann- og ulykkesvern 166
Innleiing 166
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 166
Driftsbudsjett med endringar 167
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde 169
Innleiing 169
Retning for tenesteområdet i økonomiplan 169
Driftsbudsjett med endringar 169

På ny på rett sida av streken

På ny er det på tide å leggja fram forslag til rammer for eit nytt budsjettår og ein ny økonomiperiode. Og på ny er det lagt ned eit stort arbeid for å finna balanse og berekraft.

På ny er tal og tekst kverna og strekt for å finna handlingsrom og best mogleg løysingar. Og på ny heng ikkje ynskjer og ambisjonar saman med tilgjengelege ressursar.

På ny går me inn i eit budsjettår der me treng fokus på gjennomføring og oppfølging av innsparingstiltak. Og på ny må me finna nye måtar å spara på.

På ny reddar ekstraordinære store kraftinntekter økonomien vår. Og på ny ligg utfordringane i den ordinære, underliggjande drifta.

På ny er det store krav og forventningar til kva kommunane skal levera til storsamfunnet. Og på ny sviktar storsamfunnet i å oppfylla krav og forventningar frå kommunane.

På ny går me inn i eit valår og skal gjera ein ekstra innsats for å leggja til rette for lokaldemokratiet. Og på ny skal innbyggjarane finna motiverte og kompetente folkevalde til å sitja i styret for den desidert største arbeidsplassen i Kvam som forvaltar over 1,3 milliardar av fellesskapet sine midlar, og produserer livsviktige velferdstenester.

På ny er mykje velkjent og tradisjonelt i budsjettframlegget.

Samstundes er det eit større underliggjande alvor i oppgåvene som må utførast. Større slitasje i organisasjonen og større frustrasjon over å oppleva å ikkje ha tilstrekkelege verktøy og arbeidsvilkår til å utføra nødvendige oppgåver og nødvendig utvikling av tenestene med. Desto meir imponert er rådmannen av å sjå medarbeidarar, leiarar og tillitsvalde som hentar fram ekstraordinær innsats og engasjement langt utover kva me kan krevja, i møte med brukarar, innbyggjarar, samarbeidspartar og kollegaer, for å gjera sin del for å byggja samfunn og levera framtidsretta tenester til kommunen sin. Dei fleste av dei er synlege i møte med mange tenestemottakarar som i klasserom og pasientrom. Andre skal utføra sine tenester i det skjulte i ein-til-ein-møter, eller som støttetenester. Og alle er viktige for at me skal kunne levera som samfunnsutviklar, tenesteprodusent, arbeidsgjevar og ressursforvaltar.

Me går inn i ei tid der rolla som arbeidsgjevar vert stadig viktigare i ei tid der konkurransen om arbeidskrafta aukar. Det set større krav til kommunen som attraktiv arbeidsgjevar for ein stor og kompleks kompetansearbeidsplass. Me går også inn i ei tid der me må prøva ut fleire nye måtar å gjera ting på. Om me skal lukkast, må me ha rom for feiling, kompetanseutvikling og meistringsorientert leiing, meir myndiggjering og mindre detaljstyring.

Framlegget til statsbudsjett er skuffande for Kvam. Mest skuffande er at nok ein gong sviktar storsamfunnet kommunane som i si tid tok på seg ei oppgåva som vertskommune. Denne gongen gjeld det for menneske med utviklingshemming, der me bygde institusjonar for omliggjande kommunar. Og deretter bygde opp tilbod i bufellesskap slik at dei kunne verta buande i Kvam når institusjonane vart lagt ned. Det er ikkje så mange det gjeld i Kvam, men at storsamfunnet fjernar kompensasjonen medan kommunane framleis har oppgåva, viser at minnet til staten er for kort. Tilsvarande som at vertskommunar for kraft stadig vert utfordra på kompensasjon frå storsamfunnet. Om storsamfunnet gløymer, hugsar vertskommunane. Og det utfordrar viljen til nye vertskommunar om å ta på seg ekstra oppgåver for storsamfunnet som å husa vindkraftmøller.

Krava frå staten til kva kommunane skal kunne levera av tenester i omfattande krise- og krigssituasjonar, har auka i løpet av totalforsvarsåret. Desto meir skuffande er mangelen på økonomiske ressursar til å førebu kommunane på dei aukande utfordringane med klima og geopolitisk uro. Rådmannen har likevel tilrådd av me i Kvam investerer 2,5 mnok for å kunne handtera utfall av straum og nett i lengre periodar. Her er også framlegg om å auka prosjektkapasiteten på vatn og avløp, som er grunnleggjande, livsviktige tenester som er sentrale og som må sikrast i kvardagar og beredskapssamanheng.

Etter svært mange år med indirekte innsparingskrav i organisasjonen i forma av manglande kompensasjon for prisvekst på kjøp av varer og tenester, er dette verkemiddelet brukt opp. Marginane i drifta har vorte vesentleg knappare, samstundes med stor prisvekst på varer og tenester som kommunen kjøper, særleg for tekniske tenester. I samband med budsjettarbeidet i 2026, er det difor teke ein grundigare gjennomgang av budsjettrammer for kjøp og føreslått rammejusteringar for drivstoff, renovasjon, filter, alarmar o.l. på tvers av tenestene. Det er viktig å få realistiske rammer både for ansvar og lojalitet til rammene, og for å unngå budsjettavvik. Å justera rammene inneber ikkje at me ikkje skal halda fram arbeidet med å redusera kostnadane våre, men at arbeidet må gjerast på det me kan påverka og ikkje på årlege avtalefesta prisjusteringar. I tillegg er det lagt inn ein pott til prisjustering tilsvarande som for lønsvekst, for å forenkla det administrative arbeidet med dei tekniske endringane.

Det er mange som har mange ynskje til budsjettet. Tidlegare år har me også hatt ein intern prosess i organisasjonen der me har opna for "ynskjeliste" for nye tiltak. All den tid organisasjonen held på med gjennomføring av krevjande innsparingar, har det ikkje vorte opna for dette. Av den grunn har heller ikkje rådmannen opna for å leggja inn ynskje frå andre aktørar, som kyrkja og RMF. Det må verta ein del av vurderinga i den politiske prosessen.

På ny kjem Kvam på rett sida av "streken" på grunn av at kommunen får ekstraordinære kraftinntekter i 2027. Estimert overskot er på 46,2 mnok som utgjer eit netto driftsresultat på 3,5%. Også vidare i økonomiplanperioden er me på rett sida, men då svingar det mellom 0,9% og 1,6%. Det forutset at me får realisert resterande innsparingstiltak på 27,3 mnok. Det forutset også at me startar eit nytt innsparingsprogram i løpet av 2027 på 20 mnok. Like viktig er det at det forutset at me klarar å stabilisera og halda på dei tiltaka som me har gjennomført. Og det forutset at heradsstyrepolitikarane ikkje legg opp til ny, vesentleg auke i driftsnivået ved inngangen på eit valår, og har fokus på dei lange, berekraftige linjene.

Sjølv om det er ekstraordinære kraftinntekter som fører oss langt over på rett side av streken, så er det viktig å hugsa at me ikkje hadde kome der utan den store innsatsen som er lagt ned i innsparingsprogrammet dei siste åra. Frå å finna og gå gjennom ulike løysingar. Vurdera tiltaka ut frå mål om å framleis kunne levera framtidsretta tenester med høg kvalitet, og vera ein attraktiv arbeidsgjevar. Til å sjå på drifta med nye auge, gjera modige og nødvendige politiske prioriteringar, og gjennomføra omstillingsprosessar i etterkant. Og finna nye løysingar om dei viste seg å ikkje ha tilstrekkeleg effekt.

Det budsjetterte resultatet gjev rom for å letta litt på trykket. Dei same leiarressursane, tillitsvalde og administrative støttetenestene, står også i eigne nedbemanning- og omstillingsprosessar samstundes som at dei skal yta inn i andre prosessar. Rådmannen sitt inntrykk er at det er behov for å redusera litt på trykket på organisasjonen for å sikra at me har nok ressursar til å følgja opp dei tiltaka me alt er i gang med. Og forhåpentlegvis politisk overskot til å påverka fylket til å oppretthalda den viktige regionsenterstatusen til Norheimsund.

Dei lange linjene og rolla som samfunnsutviklar vil verta ein stor del av det komande året. Både planarbeid og omtale av retning for dei ulike tenesteområda i budsjettdokumentet, tyder på at me også

i 2027 kan ta viktige steg mot eit framtidsretta Kvam. Handsaming av ny samfunnsplan og mykje anna planarbeid til neste år, vil gje rikeleg med høve for å arbeida med framtidsbiletet for Kvam.

Lykke til med det politiske arbeidet, og god lesing!

Anita Hesthamar, rådmann

Innsparingsprogram

Status innsparingsprogram

Kvam herad står, som mange andre kommunar, overfor store utfordringar med å få budsjetta til å gå opp. Årsakene er mellom anna høgare finansutgifter, varierande inntekter frå kraft, utbytte og havbruksfond, prisvekst og auka krav til ulike kommunale tenester. Dette har ført til at den økonomiske situasjonen har endra seg vesentleg dei siste åra.

Det er i fleire omgangar vedteke innsparingstiltak i heile organisasjonen. Dei fleste tiltaka er gjennomført, men nokre er framleis under arbeid.

Den siste runden med tiltak i innsparingsprogrammet hadde utgangspunkt i KS Konsulent sin rapport. I rapporten vart enkelte tenester i kommunen samanlikna med tenester i andre kommunar der dei dreiv tenestene billegare enn Kvam. Det vil seia at det ikkje var samanlikningar på det samla tenestetilbodet på kommunenivå mellom samanliknabare kommunar.

Samanlikningane har vore nyttige for å finna mogelege rom for innsparingar, og mange av tiltaka er realiserte. Etter kvart som me har jobba oss gjennom enkelttenestene og samanlikningar finn me likevel nokre skilnader som gjer at det er tiltak me ikkje får realisert fullt ut. I ein del høve dreier dette seg om struktur, der Kvam har ein tenestestruktur som er fordelt på fleire lokasjonar og dette fordyrar tenesteproduksjonen. I andre høve hadde me alt henta ut meir potensiale enn det som kom fram på samanlikningstidspunktet, som for individuelt tilrettelagt undervisning (ITO). Det medfører at innsparingspotensialet er lågare enn forventa. I nokre høve er her også interkommunalt samarbeid/kjøp av tenester mellom andre nærliggjande kommunar, der me i vårt geografiske område utfordringar med å få til tilsvarande tenestekjøp, som for vaksenopplæringa.

I samband med budsjettet for 2027 og økonomiplanperioden er det difor gjort ny vurdering av realismen i omfanget på innsparingstiltaka. Gjennomgangen har ført til at om lag 20 mnok av er tilrådd reversert, eller delvis reversert. Etter justeringa av innsparingstiltaka i programmet, står me igjen med 27,3 mnok av tidlegare vedtekne innsparingskrav, der det framleis står igjen eit arbeid med å få realisert og innarbeida tiltaka i rammer og bemanningsplanar til avdelingane. Reverseringane medfører at me må i gang med eit nytt innsparingsprogram med andre tiltak, som gjev tilsvarande nedtrekk i drifta på 20 mnok. For å nå målet om 2% netto driftsresultat, er behovet for nedtrekk i drifta framleis på minst 47,3 mnok. Dette er meir omtala i kapittel under.

Dei fleste av dei urealisterte innsparingstiltaka er frå 1,5 mnok og nedover. Størst av urealiserte innsparingstiltak, er nedbemanning i pleie- og omsorgstenestene på 17 mnok i løpet av perioden. Organisasjonen er i gang med nytt nedtrekk i ny turnus frå midten av mars 2027. Sannsynlegvis innan tenestene KRB, heimetenester og MMU. I 2028 ligg det i praksis fullårseffekt av nedtrekk i 2027, men frå 2029 må tenestene ytterlegare ned med minst 8 mnok til om me skal få ein økonomi i balanse. For desse tenestene er pleie- eller bemanningsfaktoren vel så viktig som å få til ein berekraftig økonomi. Me veit at dette er tenester som me må driva på eit anna nivå og på ein annan måte i nær framtid, når behovet for tenester aukar og tilgjengeleg personell minkar.

Nytt innsparingsprogram

Samstundes som me ser at me ikkje får like mykje ut av innsparingstiltak i programmet som me har forutsett, ser me også at me ikkje får berekraftig økonomisk resultat utan ytterlegare innsparing. Rådmannen tilrår difor at me går i gang med ein ny runde i 2027 der me må finna andre måtar å ta ned driftsnivået med om lag 20 mnok innan utgangen av perioden (halvårseffekt i 2028). Då må me både henta fram igjen tidlegare framlegg til innsparingstiltak som er prioritert vekk, og sjå om utvikling innan tenesteområde på til dømes samarbeid og digitalisering gjev oss nye moglegheiter til å driva tenester med færre ressursar.

Det nye innsparingsprogrammet er førebels fordelt på dei største tenestene, men fordeling og innhald må arbeidast vidare med i 2027. Me veit barnetalet er på veg ned, men det er endå nokre år før her er vesentleg nedgang. Etter mange rundar med omstrukturering og nedlegging av skular og barnehagar, føreligg det ikkje framlegg til nye endringar. Oppveksttun i Ålvik er under etablering, og ny barneskule i Øystese under bygging. Barnehagane i sentrum (Norheimsund og Øystese) har byrja å få ledig areal, som opnar for ny omstrukturering, men av erfaring er dette krevjande prosessar der økonomisk effektar kan vera relativt små. Me må likevel vurdera slike strukturar på ny, innan alle tenesteområde. Og andre tradisjonelle innsparingstema som reduksjon i tenester som ikkje er lovpålagte og auka betaling for tenester.

Kvam herad har fått ekstra utfordring i økonomiplanperioden med at vertskommunetilskotet på om lag 9 mnok fell vekk, og i tillegg er veksten våre i statlege inntekter (rammetilskot og skatt) lågare i prosent enn pris- og lønsvekst, i motsetnad til landssnittet av kommunar og i Vestland. Det vil seia at me berre ut frå dette måtte ha gjort grep for å redusera utgiftene våre.

På grunn av høge kraftrelaterte inntekter, får me likevel eit godt resultat i 2027. Mykje tydar også på at det kan koma auka overføringar til kommunane gjennom Stortinget si handsaming av statsbudsjettet for neste år, noko som kan redusera behovet for eit nytt innsparingsprogram. Sjølv om netto driftsresultat er betre enn tidlegare, må me likevel halde fram arbeidet med innsparingar og omstilling. Drifta er framleis for avhengig av ekstra kraftinntekter, noko som gjer økonomien sårbar. Samstundes vil talet på eldre auke betydeleg i åra som kjem, og dette vil gi større behov for helse- og omsorgstenester, samstundes med at me må syta for gode oppvekstvilkår. For å kunne møte denne utviklinga med ein berekraftig økonomi, må me framleis halda fram arbeidet med å tilpasse omfang og måten me produserer tenester på, på enkelte område.

Oversikt over tidlegare vedtekne innsparingar inkludert endringane som er føreslått i ØP 2027-2030

Tabellen viser ei oversikt over alle innsparingskrav som ikkje er realiserte per budsjett 2027. Det har vore arbeidd med innsparingstiltaka over tid. Fleire av tiltaka er delvis realisert, slik at det er restbeløpet som står igjen.

Rådmann foreslår å reversere eller redusere enkelte av dei tidlegare vedtekne krava. Reduksjonen vert erstatta med eit nytt innsparingsprogram frå 2028.

Endringar i innsparingstiltak er vist i tabellen "Oversikt over endringar i innsparingstiltak mellom 2.tertial 2026 og Budsjett 2027" lengre nede i kapittelet.

Tiltak	Bud. 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Beskrivelse
Innsparingskrav Alle: Nytt innsparingsprogram frå 2028	0	-10 000	-20 000	-20 000	Nytt innsparingskrav som følgje av at andre er tilbakeført og sletta. Det må jobbast vidare med korleis innsparinga skal fordelast og gjennomførast, så fordeling på tenesteområdet er berre førebels.
Nytt innsparingsorogram erstattar reverserte innsparingstiltak	**0**	**-10 000**	**-20 000**	**-20 000**	
Innsparing Administrasjon: HR/økonomi	0	-1 081	-1 081	-1 081	Reduksjon i stillingar på økonomi og HR. Har redusert med 0,75 årsverk så langt.
Innsparing Administrasjon totalt	**0**	**-1 081**	**-1 081**	**-1 081**	
Innsparing helse: Nedbemanning andre tenester i helse og omsorg	-1 051	-1 602	-3 102	-3 102	Reduksjon i stillingar i andre tenester i helse og omsorg som ikkje er knytt til PU, heimetenesta og heildøgns omsorg. Førebels er ingen stillingar reduserte.
Innsparing helse: Nedbemanning pleie og omsorg	-6 000	-9 000	-17 000	-17 000	Reduksjon i stillingar i PU, heimetenesta og heildøgns omsorg. Foreløpig har helse og omsorg redusert med 8,76 årsverk.
Innsparing Helse: Nedbemanning ROP 0,5 årsverk (Reduksjon av tilbod på Holmsund)	-500	-500	-500	-500	Innsparingskrav som er reduksjon i årsverk knytt til ROP si avdeling.
Innsparing Helse totalt	**-7 551**	**-11 102**	**-20 602**	**-20 602**	
Innsparing Oppvekst KS: Reduksjon i støtteapparat	2 853	2 520	-560	-560	Reduksjon i ramma til PPT, helsestasjon og skulehelsetenesta og barnevern i tråd med reduksjon i forventa nedgang i barnetal. Løyst med andre tiltak fram til 2029.
Innsparing Oppvekst KS: Redusere individuelt tilrettelagt opplæring i skule - ITO	0	-1 000	-1 200	-1 500	Omfang av individuelt tilrettelagt opplæring er redusert til nivå med landet. Vidare målretta arbeid for å auka inkluderande praksis kan gje både betre ressursutnytting og

					meir heilskapeleg opplæring. Dette føreset kompetanse, kapasitet og tid til å implementera og gjennomføra endringane.
Innsparing Oppvekst totalt	**2 853**	**1 520**	**-1 760**	**-2 060**	
Innsparing Samfunnsutvikling: Informasjons- og sekretariatsarbeid (inkl. IT)	-528	-404	-1 404	-1 404	Reduksjon i stillingar. Hittil er det redusert med totalt 1,0 årsverk fordelt på ulike stillingar
Innsparing Samfunnsutvikling: Politisk	0	0	-1 000	-1 000	HST 057/25. Møtetidspunkt, tal møter (møtebolkar i løpet av eit år), storleik på møtegodtgjersle, tak på tapt arb. forteneste, og møtemat, godtgjersle til gruppeleiarane, osv.
Innsparing samfunnsutvikling: Vaktordning IT	0	0	-447	-447	HST 057/25_Innsparing_Vaktordning IT, samarbeid mellom fleire kommunar. Ved samarbeid får ein 1/3 kostnad. Dialog er starta.
Innsparing samfunnsutvikling:HST vert redusert til 23 og FSK til 7 frå 2028	0	-250	-250	-250	Vil verta realisert frå hausten 2027 i samband med nytt kommunestyre.
Innsparing Samfunnsutvikling totalt	**-528**	**-654**	**-3 101**	**-3 101**	
Innsparing Teknisk KS: Avklaring av eigarskap og overdraging av Ålvik industriarbeidarmuseum	-21	-21	-21	-21	Innsparing på driftskostnader. Ikkje starta.
Innsparing Teknisk KS: Oppseiing av leigeavtale for 3. etasje i Tingbakken	0	-90	-260	-260	Seia opp leigeavtale for kontorlokale til tillitsvalde og mellomleiarar i Helse frå 30.04.2028, som er fyrste moglege oppseiingstidspunkt.
Innsparing Teknisk KS: Overdraging av Aksnes skule	-2	-2	-2	-2	Innsparing på driftskostnader. Meglar er bestilt, skal seljast på den opne marknaden.
Innsparing Teknisk KS: Overdraging av Idrettsbygg på Haugamyr	-21	-21	-21	-21	Innsparing på driftskostnader. Frådeling av tomt er til behandling.

					Blir innfridd når Norheimsund fotball tek over bygget.
Innsparing Teknisk KS: Overdraging av Vikøy skulemuseum	-14	-14	-14	-14	Innsparing på driftskostnader. Har starta dialog med Vikøy/Aksnes Grendautval.
Innsparing Teknisk KS: Overdraging av Ålvik idrettshus	-20	-20	-20	-20	Innsparing på driftskostnader. Ikkje starta.
Innsparing Teknisk KS: Sal av festetomter og bustad ved Hardanger Fartøyvernsenter	0	-1	-1	-1	Innsparing på driftskostnader f.o.m. 2028. Bygg er taksert og oversendt til Fartøyvernsenteret.
Innsparing teknisk KS: Sal av trygdebustadar i Ålvik	-141	-141	-141	-141	Innsparing på driftskostnader. Salet kan gjennomførast når gang- og sykkelvegen er ferdigstilt og eigedomen er frådelt.
Innsparing Teknisk KS: Sal og ev. frådeling av naust i Holmen	-1	-1	-1	-1	Innsparing på driftskostnader. Søknad om dispensasjon er til behandling, og eigedomen må frådelast før sal kan gjennomførast
Innsparing Teknisk totalt	**-220**	**-311**	**-481**	**-481**	
Innsparingskrav som er under arbeid eller ikkje realisert, totalt	**-5 446**	**-21 628**	**-47 025**	**-47 325**	**0**

Oversikt over endringar i innsparingstiltak mellom 2.tertial 2026 og Budsjett 2027

Tabellen viser tidlegare vedtekne innsparingstiltak som er heilt eller delvis realisert i perioden. Tabellen viser også innsparingskrav som er foreslått reversert og nytt tiltak som erstattar det som vert tilbakeført.

Innsparingskrava som er foreslått reversert eller endra er også samla i ein tabell i kapittel “Justeringar og tiltak - forslag til budsjettendring”

Tiltak (tal i 1000)	Status	Bud 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Kommentar
Administrasjon: HR/økonomi	Delvis realisert	0	259	259	259	Innsparing HR 25 % stilling frå 2027. Resten står som urealisert.
Sei opp husleigeavtale med bustadstiftinga, 3 leiligheiter	Realisert	300	300	300	300	Kvam herad har overtatt Kvam bustadstifting med tilhøyrande eigedomar

						og gjeld, og innsparingstiltaket inngår i overtakinga.
Nytt innsparingsprogram frå 2028	Nytt innsparingskrav	0	-10 000	-20 000	-20 000	Nytt innsparingskrav som følgje av at andre er tilbakeført og sletta. Det må jobbast vidare med korleis innsparinga skal fordelast og gjennomførast, så fordeling på tenesteområdet er kun foreløpig.
Reduksjon i leiarstillingar i heile org som følgje av reduksjon tilsette	Reversert	1 000	5 000	5 000	5 000	Innsparingar på leiarstillingar har vorte og vert realisert i den enkelte eining sine innsparingskrav. Det er derfor ikkje realistisk å ha dette som enkeltkrav, men innarbeiding i andre tiltak.
Administrasjon og felles totalt		**1 300**	**-4 441**	**-14 441**	**-14 441**	
Auka betaling for tenester i pleie og omsorg (samling av tidlegare vedtekne)	Realisert	1 000	1 000	1 000	1 000	Innarbeida innsparing på auka inntekter. Nye gebyr og prisar er foreslått i pris- og gebyrhefte 2027. Innsparinga for prisauke er totalt berekna til 2,7 mnok.
Sosial tenester	Realisert	1 029	1 029	1 029	1 029	Realisert innsparingskravet på sosiale tenester ved å redusere introduksjonsstønad hos NAV. Det var ledige budsjettmidlar på introduksjonsstønad som var høgare enn nivået på busetjing av flyktningar.
Nedbemanning pleie og omsorg		1 754	1 754	1 754	1 754	Del av innsparing i auka prisar og gebyr på totalt 2,7 mnok. Denne auken

(samling av tidlegare vedtekne)						i inntekter erstattar delvis innsparingskrav knytt til nedbemanning i pleie og omsorg.
Nedbemanning pleie og omsorg (samling av tidlegare vedtekne)	Delvis reversert	1 391	5 691	5 591	5 591	Nivået på innsparingskravet er vurdert til å vere for høgt ut frå erfaringane så langt. Kravet er derfor noko redusert.
NAV - Oppseiing av 3 kommunale VTA-plassar ved Hardanger AKS	Realisert	449	898	898	898	Innsparing ved reduksjon i tal på kommunalt finansierte VTA-plassar ved Hardanger AKS frå 13 til 10 plassar, i samsvar med faktisk behov. Reduksjonen vert gjennomført ved naturleg avgang og ved å avvikle ledige plassar. Ingen brukarar skal miste sitt noverande tilbod som følgje av vedtaket. Denne innsparinga realiserer delvis innsparingskravet "Nedbemanning andre tenester i helse og omsorg"
Helse totalt		**5 623**	**10 372**	**10 272**	**10 272**	
Reduksjon i støtteapparat	Delvis realisert	2 853	2 520	1 440	1 440	Innsparingskravet knytt til støttetenestene i oppvekst er mellombels handtert gjennom reduserte kostnader til vidareutdanning som følgje av nye tilskotsordningar frå 2026, samt lågare kostnader til lærlingar grunna færre søkjarar. Innsparingskravet er likevel ikkje varig løyst og må vurderast på nytt i komande budsjettprosess. I 2027

						og 2028 er det spart inn meir enn det som var i innsparingskravet
Reduksjon vaksenopplæringa	Reversert	0	483	483	483	Vaksenopplæringa har gjennomført store innsparingar. Rest av innsparingskrav vert reversert då det ikkje lar seg gjennomføre
Redusere individuelt tilrettelagt opplæring i skule - ITO	Delvis reversert	1 146	1 801	2 736	2 436	Nivået på innsparingskravet er vurdert til å vere for høgt. Kravet er derfor redusert.
Redusere individuelt tilrettelagt opplæring i skule - ITO ytterligare	Reversert	0	2 000	4 000	4 000	Den føreslåtte innsparinga vert vurdert som urealistisk å gjennomføre, då skulen allereie har gjennomført innsparingar på området og har svært avgrensa handlingsrom for ytterlegare reduksjonar.
Barnehage - overføring til privat barnehage	Realisert	0	900	900	900	Innsparing er realisert ut frå neste års estimat på tilskot til FUS
Redusere førebyggjande arbeid barn og unge	Realisert	441	441	441	441	Reduksjon av 0,67 årsverk i Kulturskulen. Tiltaket gir ei årleg innsparing på om lag 0,6 mill. kroner inkludert sosiale kostnader. Realiseringa er fordelt på fleire innsparingskrav
Struktur skule	Delvis realisert	105	105	105	105	10 % innsparing leiarressurs i samband med oppretting av Ålvik Oppveksttun
Struktur skule	Reversert	0	1 804	1 964	1 964	Rest på strukturinnsparing vert

						tilbakeført. For å klare resten av kravet må det vurderast nye strukturendringar.
Vaksenopplæringa ytterligare reduksjon i ramma	Reversert	243	940	940	940	Vaksenopplæringa har gjennomført store innsparingar. Rest av innsparingskrav vert reversert då det ikkje lar seg gjennomføre
Oppvekst totalt		**4 788**	**10 994**	**13 009**	**12 709**	
Fritidsfeltet	Realisert	284	284	284	284	Innsparingskravet er realisert ved å redusere stillingsstorleiken i Fritid og Kultur med 20 %.
Fritidsfeltet	Realisert	156	32	32	32	Reduksjon av 0,67 årsverk i Kulturskulen. Tiltaket gir ei årleg innsparing på om lag 0,6 mill. kroner inkludert sosiale kostnader. Realisering er fordelt på fleire innsparingskrav
Innsparing Samfunnsutvikling: Informasjons- og sekretariatsarbeid (inkl. IT)	Delvis realisert	0	124	124	124	Reduksjon av 0,67 årsverk i Kulturskulen. Tiltaket gir ei årleg innsparing på om lag 0,6 mill. kroner inkludert sosiale kostnader. Realisering er fordelt på fleire innsparingskrav
Samfunnsutvikling totalt		**440**	**440**	**440**	**440**	
Sum endringar i innsparingskrav mellom 2.tertial 2026 og Budsjett 2027		**12 151**	**17 365**	**9 279**	**8 979**	

Justeringar og tiltak - forslag til budsjettendring

Rådmann sine endringsframlegg til budsjett og økonomiplan 2027-2030

I tabellane under er alle framlegg til endringar til Kvam heradsstyre si handsaming av driftsbudsjett og økonomiplan 2027-2030 oppsummert.

Gjeldande budsjettramme for 2027–2030 er den ramma som ligg til grunn etter vedtak per 2. tertial 2026. Endringane som vert omtala i dette kapittelet viser differansen mellom gjeldande vedteken ramme og nytt forslag til budsjettramme for 2027–2030. ***Endringane er såleis ikkje ei samanlikning mellom budsjett 2026 og budsjett 2027.***

Alle nye tiltak i budsjettet er også vist i tabellen "Driftsbudsjett med endringar" som ligg på kvart enkelt tenesteområde. Tiltaka i tabellen under er samla på tvers av eining og tenestenivå. Beløpa på tiltaka i denne lista kan derfor ikkje samanliknast direkte med beløpa på dei same tiltaka i tabellen på tenesteområda, då eit tiltak kan vera fordelt på fleire tenesteområde.

Oppsummering av forslag til endringar i budsjett og økonomiplan 2027-2030

I forslag til budsjett 2027 er det budsjettert med eit positivt netto driftsresultat på 46,2 mnok, ei forbetring på 38,9 mnok i forhold til tidlegare vedteken ramme på 2027. Endringane som til saman utgjer ein reduksjon i budsjettrammene på 38,9 mnok er oppsummert vidare.

Det er auka inntekter på finans og kraft som er den største forklaringa på det store positive netto driftsresultatet. Kraft og utbytte frå kraftverk aleine auka inntektene med 47,2 mnok. Inntekt frå Havbruksfond er auka med 0,8 mnok. Auken i skatt og rammetilskot er 18,8 mnok. På den andre sida er det auke i renteutgifter og avdrag på 8,2 mnok.

Budsjettet er justert for lønnsauke 2027 og endring i pensjon. På grunn av høg bruk av premiefond er pensjonsutgiftene justert ned. Pensjon vert budsjettert etter aktuarberekning frå pensjonskassane. Totalt er det ein auke på 5,4 mnok på lønn, arbeidsgjevaravgift og pensjon i 2027. Endringar på innsparingskrav utgjer ein rammeauke på 2 mnok i 2027.

Det er foreslått å legge inn ein prisjusteringspott på 2 mnok i 2027 og vidare i økonomiplanen. Potten er sett av for å dekke prisjustering av faste kostnader som lisensar og avtalar, og skal i løpet av året fordelast etter behov. I tillegg er det lagt inn prisjustering på nokre konkrete tiltak, som til saman utgjer ein auke på 1,3 mnok. Det gjeld leasingbilag, drivstoff, tilskot til kyrkja, kontingent til Hardangerrådet og andre mindre endringar.

I eining for Oppvekst er budsjettramma for 2027 redusert med 2,8 mnok. Årsakene er auka tilskot og reduksjon i grunnbemanning. Grunnbemanning i barnehage følgjer nasjonale krav for tilsette per barn, og vil derfor verta justert årleg.

I helse og omsorg er budsjettramma foreslått auka med 7,6 mnok. I statsbudsjettet er det foreslått å fjerne eller trappe ned vertskommunetilskotet (HVPU-midlane) til kommunane. For Kvam sin del gjeld det bortfall av heile det årlege tilskotet på 9 mnok. Lågare inntekter og auka kostnader på

ressurskrevjande brukarar utgjer ein kostnadsauke på 2,6 mnok. Andre tiltak som gjev rammeauke er budsjettauke på kjøp av VTA-plassar (0,5), auka stillingsprosent på legeteneste (0,15). Retting av ein feil i opphaveleg budsjettramme på integreringstilskot, reduserer ramma med 4,6 mnok.

På Teknisk eining er ramma føreslått auka med 2,8 mnok. Av dette er 0,1 mnok knytt til endringar på sjølvkostområda. Resten av auken gjeld behov for rammeauke på kostnader knytt til renovasjon, forsikringar, brannalarmtilknytning, filterleveransar og drift på brann og redning.

På samfunnsutvikling er det foreslått rammeauke på 1,3 mnok. Auken gjeld utskiftning av brannmur på IT.

Endringar i budsjett og økonomiplan 2027-2030

Endringar i 2027 er rekna mot tidlegare vedteken økonomiplan for 2027, og ikkje mot budsjett 2026.

Tiltak (tal i 1000)	Bud 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Lønnsjusteringspott 2027, 4%	14 235	22 551	22 269	22 269
Lønnsjustering av lønnsrammer frå 2026	258	375	374	188
Auke på arbeidsgjevaravgift på lønn, pensjon og premieavvik	-522	4 604	8 955	9 416
Reduksjon i pensjonsutgifter	-8 560	-7 827	-6 327	-4 801
Indeksregulering av faste utgifter og inntekter	-16	-965	-142	-837
Nye tiltak i budsjett og økonomiplan (spesifisert i eiga liste)	-45 851	-28 439	-8 567	-11 501
Endring i innsparingstiltak i budsjett og økonomiplan	2 089	7 218	212	-88
Justering og omfordeling av OU, Gruppeliv og Yrkesskade B27	-544	-544	-544	-544
Oppdatering av siste år i ØP. Kopiert år 2030 frå ØP26 til ØP27	0	0	0	-6 631
Netto avsetjing eller bruk av disposisjonsfond	46 256	11 899	-4 911	4 135
Netto avsetjing eller bruk av bundne fond	-7 345	-8 872	-11 319	-11 607
	0	**0**	**0**	**0**

Nye tiltak i budsjett og økonomiplan 2027 -2030

Tabellen under gir ei samla oversikt over tiltaka. Tiltaka er også viste under dei enkelte tenesteområda, der du kan klikke på tiltaket for å lese meir informasjon.

Endringar i 2027 er rekna mot tidlegare vedteken økonomiplan for 2027, og ikkje mot budsjett 2026.

Tiltak (tal i 1000)	**bud. 2027**	**Øk.plan 2028**	**Øk.plan 2029**	**Øk.plan 2030**	**Beskriving**
HST 061/26 - Overtaking av Kvam Bustadstifting	-2 126	-2 126	-2 126	-2 126	Kvam herad har overteke Kvam bustadstifting med tilhøyrande eigedomar og gjeld. Tiltaket er i balanse mot innsparing på 0,3 mnok og auka kostnader på renter og avdrag.
Leasingbilar – innleverings- og leasingkostnader	800	500	500	500	Kostnad ved innlevering av leasingbilar, i tillegg til prisauke på nye leasingavtalar.
Prisjustering drivstoff	509	509	509	509	Auke i drivstoffutgifter samt manglande justering av drivstoffbudsjettet tidlegare år.
Prisjusteringspott	2 000	2 000	2 000	2 000	Pott til prisjustering av faste kostnader. Totalt 2 mill. kr. Til fordeling ved behov
Fellsekostnader totalt	**1 183**	**883**	**883**	**883**	
Inntekt frå havbruksfondet	-800	-5 800	-800	-5 800	Inntekta er justert etter siste prognose. Inntekt er ihht vedtak avsett til disposisjonsfond.
Avdrag på lån	1 000	1 000	1 000	1 000	Auke i avdrag etter overtaking av KBS
Justering av Renter og avsetjing til tap på lån til vidareutlån (Startlån)	450	450	450	450	Justering av Renter og avsetjing til tap på Lån til vidareutlån (Startlån)
Netto kraft justert etter prognose og etter oppdatert sikringsvolum og prisar	-20 100	-9 300	-6 600	-5 800	Ekstra kraftinntekt er ihht "Strategi for sal av kraft" avsett til disposisjonsfond
Ordinært rammetilskot	-7 188	-4 968	-4 969	-4 969	Justering av rammetilskot ihht KS prognosemodell per 12.10.2026.
Renteinntekter og utbytte	-8 600	-6 600	-2 600	-600	Auka utbytte frå Eviny.
Renteinntekter og utbytte	-18 500	-16 600	-6 600	-1 600	Auka utbytte frå Kvam Energi

Renteutgifter, prov. Og andre fin.utg	8 900	13 100	8 900	5 800	Auka renteutgifter
Skatt på eigedom	-36	1 720	1 720	-48	Justering eigedomsskatt B27. Nye eigedomar og takstar
skatt på inntekt og formue	-11 606	-11 606	-11 606	-11 606	Justering skatt ihht KS prognosemodell per 12.10.2026.
Finanskostnader totalt	**-56 479**	**-38 604**	**-21 105**	**-23 172**	
Hardangerrådet - auke i kontingent frå 2027	220	294	371	463	Ekstra auke i kontingent i tillegg til årleg prisvekst.
Prisjustering av tilskot til kyrkja	285	285	285	285	Prisjustering av tilskot til kyrkja. Justert etter kommunal deflator 3,8%
Administrasjon/politisk totalt	**505**	**579**	**656**	**748**	
Reduksjon i integreringstilskot for flyktningar	-4 665	-4 898	-4 898	-4 898	Feil i opphaveleg budsjett for 2027 gjorde at inntekter frå integreringstilskot var budsjettert for lågt i 2027. Integreringstilskot totalt er 0,7 mnok lågare enn i 2026.
Regjeringa har foreslått å avvikle vertskommunetilskotet (HVPU-midlane)	9 030	9 030	9 030	9 030	Sidan Kvam herad har mindre enn ein halv promille med bebuarar som kommunen får vertskommunetilskot for, vil ordninga felle heilt bort frå og med 2027. Kvam ligg rett under grensa til å ikkje få overgangsordning.
Auka budsjettramme på kjøp av VTA-plassar hos Hardanger AKS	505	505	505	505	For låg ramme på kjøp av VTA plassar hos Hardanger AKS.
Auka kostnader på kjøp frå ekstern leverandør i forbindelse med ressurskrevjande oppdrag	1 786	1 786	1 786	1 786	Behovet skuldast både prisvekst, tidlegare underbudsjettering av enkelte oppdrag og lågare refusjonsinntekter enn føresett.
Budsjett ressurskrevjande brukarar 2027	820	820	820	820	Redusert inntekt på ressurskrevjande brukarar
Legetenesta - Auke 2,5% på ALIS-veiledar	48	48	48	48	Auke frå 10% til 12,5% stilling på ALIS-veiledar, på grunn av fleire ALIS-legar.
Legetenesta - Auke 7,33% på lege med flyktningansvar	106	106	106	106	Auke i legestilling med flyktningeansvar frå 2,67% til 10% stilling som del av rekruttering og behov.

Helse og omsorg totalt	**7 630**	**7 397**	**7 397**	**7 397**	
Gjenoppføring av gapahuk ved Bjørketeigen barnehage. Finansiert med bundne fond	97	0	0	0	Bruk av avsett erstatning til gjenoppføring av gapahuk.
Grunnbemanning i barnehage endring for barnehageår 2026/2027	-2 037	-2 037	-2 037	-2 037	Barnehagane i kommunen følgjer nasjonale krav til kor mange tilsette det skal vere per barn. Det betyr ein tilsett per tre barn under tre år, og ein tilsett per seks barn over tre år. Difor blir bemanninga justert kvart barnehageår. Kommande barnehageår er det færre barn og dermed reduksjon i bemanninga. Endringa er teken inn i økonomiplanen, men vil bli vurdert pånytt før neste barnehageår.
Tilskot til tiltak for å styrke språkutviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehage	105	45	0	0	Utfasing av tidlegare tilskot gjev reduksjon i inntektsbudsjett.
Tilskot til toppa bemanning i barnehage	-940	0	0	0	Tilskotet til toppa bemanning i barnehage vert vidareført i 2027
Oppvekst totalt	**-2 775**	**-1 992**	**-2 037**	**-2 037**	
Auke kursavgift VA 2027	115	0	0	0	Auke budsjett til kurs på vatn og avløp
Fjerning av eldre inntak og pumpehus i Øystese-elva, VA-prosjekt	500	0	0	0	Nytt driftsprosjekt for fjerning av eldre inntak og pumpehus i Øystese-elva
Justering av driftsbudsjett Brann og redning	162	162	162	162	Auke i driftsbudsjett på Brann og redning
Justering inntekt på sjølvkost, B2027	-503	1 058	3 399	2 441	Gebyrinntekter på sjølvkost justert etter årleg berekning på sjølvkostområda.
Teknisk - Auke i renovasjonskostnadar	1 045	802	802	802	Auka renovasjonskostnader som fylgje av generell prisvekst og nye krav i renovasjonsordninga.

Teknisk - Brannalarmtilknytning formålsbygg	187	187	187	187	Kostnad knytt til brannalarmtilknytning for kommunale formålsbygg. Budsjettet er fordelt på ulike tenesteområde.
Teknisk - Filterleveranse formålsbygg	459	459	459	459	Auke knytt til filterleveranse for kommunale formålsbygg. Budsjettet er fordelt på ulike tenesteområde.
Teknisk: Auka forsikringskostnader for eigedom og ansvar	828	828	828	828	Auke i eigedoms- og ansvarsforsikringar på 0,8 mnok, som følgje av premiejustering og oppdateringar i eigedomsporteføljen.
Teknisk totalt	**2 794**	**3 498**	**5 838**	**4 880**	
Utskifting av brannmur	1 290	-200	-200	-200	Utskifting av brannmur. Kostnadsauken på totalt 0,5 mnok er fordelt mellom år.
Samfunnsutvikling totalt	**1 290**	**-200**	**-200**	**-200**	
Nye tiltak i budsjett 2027 og ØP 2028-2030	**-45 851**	**-28 439**	**-8 567**	**-11 501**	

Oversikt over foreslåtte endringar på innsparingskrava i budsjett og økonomiplan 2027 -2030

Endringar i 2027 er rekna mot tidlegare vedteken økonomiplan for 2027, og ikkje mot budsjett 2026.

Tiltak	Status	Bud 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Kommentar
Felles - Reduksjon i leiarstillingar i heile org som følgje av reduksjon tilsette	Reversert	1 000	5 000	5 000	5 000	Innsparingar på leiarstillingar har vorte og vert realisert i den enkelte eining sine innsparingskrav. Det er derfor ikkje realistisk å ha dette som enkeltkrav, men innarbeiding i andre tiltak.
Oppvekst - Redusere individuelt tilrettelagt	Reversert	0	2 000	4 000	4 000	Den føreslåtte innsparinga vert vurdert som urealistisk å gjennomføre, då skulen allereie har gjennomført innsparingar på området og

opplæring i skule - ITO ytterlegare						har svært avgrensa handlingsrom for ytterlegare reduksjonar.
Oppvekst - Struktur skule	Reversert	0	1 804	1 964	1 964	Rest på strukturinnsparing vert tilbakeført. For å klare resten av kravet må det vurderast nye strukturendringar.
Oppvekst - Vaksenopplæringa ytterlegare reduksjon i ramma	Reversert	243	940	940	940	Vaksenopplæringa har gjennomført store innsparingar. Rest av innsparingskrav vert reversert då det ikkje lar seg gjennomføre
Oppvekst - Reduksjon vaksenopplæringa	Reversert	0	483	483	483	Vaksenopplæringa har gjennomført store innsparingar. Rest av innsparingskrav vert reversert då det ikkje lar seg gjennomføre
Oppvekst - Redusere individuelt tilrettelagt opplæring i skule - ITO	Delvis reversert	1 146	1 801	2 736	2 436	Nivået på innsparingskravet er vurdert til å vere for høgt. Kravet er derfor redusert.
Helse - Nedbemanning pleie og omsorg (samling av tidlegare vedtekne)	Delvis reversert	1 391	5 691	5 591	5 591	Nivået på innsparingskravet er vurdert til å vere for høgt ut frå erfaringane så langt. Kravet er derfor noko redusert.
NAV - Oppseiing av 3 kommunale VTA-plassar ved Hardanger AKS	Endring	449	898	898	898	Innsparing ved reduksjon i tal på kommunalt finansierte VTA-plassar ved Hardanger AKS frå 13 til 10 plassar, i samsvar med faktisk behov. Reduksjonen vert gjennomført ved naturleg avgang og ved å avvikle ledige plassar. Ingen brukarar skal miste sitt noverande tilbod som følgje av vedtaket. Denne innsparinga realiserer delvis innsparingskravet "Nedbemanning andre tenester i helse og omsorg"

Innsparing helse: Nedbemanning andre tenester i helse og omsorg	Endring	-449	-898	-898	-898	Innsparingskravet vert delvis realisert ved oppseeiing av 3 VTA-plassar ved Hardanger AKS.
Auka betaling for tenester i pleie og omsorg (samling av tidlegare vedtekne)	Endring	1 754	1 754	1 754	1 754	Nye gebyr og prisar er foreslått i pris- og gebyrhefte 2027. Innspringa knytt til auka prisar er totalt berekna til 3,7 mnok.
Nedbemanning pleie og omsorg (samling av tidlegare vedtekne)	Endring	-1 754	-1 754	-1 754	-1 754	Del av innsparing knytt til auka prisar og gebyr på totalt 3,7 mnok. Denne auken i inntekter erstattar delvis innsparingskrav knytt til nedbemanning i pleie og omsorg.
Felles - Nytt innsparingsprogram frå 2028	Nytt	0	-10 000	-20 000	-20 000	Nytt innsparingskrav som følgje av at andre er tilbakeført og sletta. Det må jobbast vidare med korleis innsparinga skal fordelast og gjennomførast, så fordeling på tenesteområdet er berre førebels og teknisk.
Endringar totalt		**3 780**	**7 719**	**713**	**413**	

Bruk og avsetjing av disposisjonsfond i økonomiplanperioden

Tabellen under viser netto bruk av disposisjonsfond i budsjett og økonomiplan 2027-2030. I perioden vert det avsett meir enn det vert brukt. Det betyr at kommunen byggjer opp fonda. Dette vil berre skje under føresetnad av at kommunen fortset å få høge inntekter på kraft og Havbruk, innfrir innsparingskrava og klarar å halde foreslått budsjett i økonomiplanen.

Disposisjonsfond /ubundne fond (tal i 1000)	**Bud. 2027**	**Øk.plan 2028**	**Øk.plan 2029**	**Øk.plan 2030**
P61209 - Rekkverk kommunale vegar - årleg	-300	-300	-300	-300
P61145 - Trafikksikringsplan - årleg	0	-300	-300	-300
Fornying trafikksikringsplan 2028-2031	-300	0	0	0
Nettverk for fjord og kystkommuner (merking)	-40	-40	-40	-40

Årets saldering	-32 347	-50 658	-43 192	-44 795
Total bruk av disp.fond	**-32 987**	**-51 298**	**-43 832**	**-45 435**
Ekstra kraftinntekter	67 979	43 710	40 017	39 209
Havbruksfond	6 800	18 800	6 800	18 800
Total avsetjing av disp.fond	**74 779**	**62 510**	**46 817**	**58 009**
Netto bruk eller avsetjing av disp.fond	**41 792**	**11 212**	**2 985**	**12 574**

Føresetnader og risikovurdering

Budsjett og økonomiplan byggjer på ei rekkje føresetnader knytt til både inntekter og utgifter. Det er sannsynleg at fleire av desse føresetnadene vil endra seg gjennom budsjettåret. Dette kan slå ut både positivt og negativt for kommuneøkonomien.

Fleire av føresetnadene, som til dømes prisstiging, lønnsoppgjer og kraftinntekter vert påverka av forhold som kommunen ikkje er herre over. Det er difor viktig å forstå kva føresetnader som vert lagd til grunn.

Det følgjer av kommunelova § 14-4 andre ledd at årsbudsjettet skal visa dei mål og premissar som budsjettet byggjer på. Av forarbeida føl at dette og omfattar premissane for bruken av bevilgningene (Prop 46 L (2017-2018) i kommentarane til §14-4.

Det samla budsjettet til kommunen byggjer på ein rekkje føresetnader. Nedanfor følger ei utgreiing av dei viktigaste føresetnadene og risiko knytt til desse.

Budsjettpremissar

Budsjettpremissane består av:

- Premissar for bruken av løyvingar
- Heradsstyret sine premissar for bruken av dei talmessige løyvingane i årsbudsjettet.
- Tekniske budsjettforutsetningar
– Forutsetningar om pris- og lønsvekst, rentenivå og andre parameter. Desse viser i risikotabell under.

Føresetnader

Budsjett og økonomiplan byggjer på siste gjeldande vedtak i heradsstyret, det vil seia 2. tertial 2026. Dette betyr at alle tidlegare fatta vedtak med verknad for åra 2027 - 2030 er innarbeidd i tala. Nokre vedtak har verknad kun for 2027, medan andre har permanent verknad.

Rekneskapsmessig inngår Kvam Kvammabadet KF i konsernet Kvam herad. Budsjettet til det kommunale foretaket vert imidlertid ikkje innarbeidd i budsjettettala, men vert lagt ved som eit eiga vedlegg. Budsjettframlegget frå Kvammabadet KF vert lagt fram av styret i føretaket i samband med dialogmøte i formannskapet.

Rammetilskot og skatteinntekter

Kvam herad sine frie inntekter er i hovudsak skatt og rammetilskot, som er kommunen sine største inntektskjelder. Rammetilskotet frå staten vert fordelt etter ein komplisert fordelingsnøkkel som mellom anna er avhengig av folketal, aldersfordeling og geografi i kommunen. Skatteinntektene er vert sett i samanheng med rammetilskotet på ein slik måte at ei auke i skatteinntekt vil føre til ein reduksjon i rammetilskotet og motsett. Inntektene vert og påverka av inntektsutjamning mellom kommunane. KS har utarbeidd ein avansert berekningsmodell som vert nytta i arbeidet med budsjettering av desse inntektene.

Rammetilskotet og skatt på formue og inntekt er budsjettert med utgangspunkt i framlegg til statsbudsjett for 2027. Det er sannsynleg at den vil koma nokre justeringar i kommunane sine inntekter i samband med budsjettforhandlingane i Stortinget. Normalt vert løyvinga til rammetilskot heva i samband med revidert nasjonalbudsjett, men dette er ei usikker inntekt som ikkje vert forskottert i kommunebudsjettet.

Andre vesentlege inntekter og utgifter

- Renteinntekter vert budsjettert i samsvar med forventa utvikling i obligasjonsinvesteringar og likviditet og framtidige marknaknadsforventninger til renta (NIBOR3M).
- Renteutgifter vert budsjettert basert på dagens gjeld, fråtrukke avdrag tillagt nye investeringar. Det einskilde lån vert budsjettert i samsvar med avtalte betingelser (sjå vedlegg: Gjeldsoversikt). Nytt låneopptak og lån som vert fornya vert budsjettert til NIBOR3M pluss ein margin på 0,35%. Dette gjeld og for fastrentelån som løper ut.
- Eigedomsskatten for næring er budsjettert til 7 promille. Eigedomsskatten for bustad og hytte er budsjettert til 4 promille. Det ligg inne eit botnfrådrag på kr 200 000 for åra 2027, 2028 og 2029. Botnfrådraget fell bort i 2030.
- Utbytte for 2027 er fastsett basert på prognose frå kraftselskapa. På grunn av fallande marknadspriser fram i tid er utbyttet budsjettert noko lågare utover i økonomiplanperioden.
- Havbruksfondet er budsjettert i samsvar med prognose (sjå meir informasjon i kap: “Hovudtal i budsjettforslaget”).
- til Gjeld og renter vert budsjettert basert på lånegjeld Føresetnader for desse budsjettpostane vert omtala i kapitelet Inntekter og finanspostar.
- Føresetnader for kraftinntekter vert omhandla i eige kapittel.

Lønn og sosiale utgifter

Lønnsbudsjettet inkludere alle faste og midlertidige stillingar, faste og variable tillegg, timelønn og godgjersler. Sosiale kostnader er pensjon, arbeidsgjevaravgift og gruppelivsforsikring. Pensjonsutgiftene er justert basert på prognose frå pensjonsleverandørane KLP og SPK. Arbeidsgjevaravgifta føl av lønnsbudsjettet. For lønsoppgjeret 2027 er det budsjettert med ei lønsauke på 4,5 %, med verknad frå 1. mai 2027. Auken følgjer statsbudsjettet.

Innkjøp

Andre driftsutgifter gjeld kommunen sine utgifter til innkjøp. Statsbudsjettet for 2027 legg til grunn ein prisvekst på 2,9 % på innkjøp. Kvam sitt budsjettet inneheld ikkje nokon generell prisjustering for årleg inflasjon på innkjøpa. Ein del avtalefesta prisreguleringar er innarbeidd. I tillegg er det foreslått ein pott på 2,0 mnok som rådmannen kan prioritera etter behov. Dette medfører i praksis ein tvungen

innsparing/reduksjon i drifta som må løysast innanfor budsjettramma til kvart einskild tenesteområde for dei innkjøpa som ikkje vert justert.

Investeringar

Alle vedtekne investeringar, nye og pågåande, som ikkje er avslutta i 2026 ligg inne i budsjett og økonomiplan. Desse investeringane vil framkoma i driftsrekneskapen i form av avskrivingar når dei vert tekne i bruk. Lånefinansierte investeringar påverkar driftsrekneskapen gjennom renter og avdrag. Detaljert oversikt over investeringane ligg i eige hovudkapittel "Prosjekt i økonomiplan".

Risikotabell

Kommunelova har to sentrale krav til dei kommunale budsjetta: balanse og realisme. Balansekravet inneber at dei budsjetterte inntektene minst må dekkja budsjetterte utgifter. Realismekravet tyder at budsjettet skal byggja på realistiske estimat for inntekter og utgifter. Ein kommune kan ikkje gå konkurs, men dersom den driv med eit underskot som det ikkje finnest fondsmidlar til å dekka inn, vert den sett under administrasjon av satsforvaltaren og vert ein såkalla ROBEK-kommune.

Den største tilskotsytaren og premissleverandøren for kommunane, staten, fastset berre årlege rammer for kommunane, men krev at kommunane skal levera ein plan for komande fire år. Det er nyttig å laga økonomiplan og vurdera utfordringane og retninga for dei komande åra, men dei aller fleste tala vil endra seg i løpet av perioden.

Nedanfor er dei mest sentrale føresetnadane og risikoelementa i høve avvik, lista opp. Tabellen syner risikoen for vesentleg meirforbruk i rekneskapen i form av reduserte inntekter eller auka utgifter.

Verdi	Sannsynleg	Konsekvens
1	Lite sannsynleg	Resultateffekt mindre enn 2 MNOK
2	Middels sannsynleg	Resultateffekt mellom 2 og 10 MNOK
3	Svært sannsynleg	Resultateffekt større enn 10 MNOK
	Sannsynleg * konsekvens = Risikonivå	

Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret	*Sannsyn (1-3)*	*Konsekvens (1-3)*	*Risikonivå (1-9)*	*Avbøtande tiltak*

Salsinntekter på vannkraft Prisane i kraftmarknaden svingar mykje, avhengig av tilbod og etterspørsel i marknaden. Prisane vert påverka mellom anna av nedbør, temperatur, vind, magasinfylling og prisen på alternative energikjelder. Det er svært sannsynleg at heradet sine kraftinntekter vil avvika frå budsjett.	3	3	**9**	• Prissikring av konsesjonskrafta. Dette utgjer 36 % av den totale kraftmengda til kommunen. • Oppnå best mogelege prisar gjennom bruk av kraftmeklar.
Renteutgifter Renteutgiftene er budsjettert i samsvar med eksisterande låneavtalar og gjeldande framtidsprisar i rentemarknaden. Det er betydeleg risiko for at renta vert høgare enn budsjett. Risikoen for auka renteutgifter vert delvis motrekna av renteinntekter frå kommunen sin obligasjonsportefølje. I tillegg vert deler av renteutgiftene overført brukarane av vatn, avlaup og andre sjølvkosttenester.	3	3	**9**	• For å redusera risiko vert rentebinding løypande vurdert saman med finansielle rådgjevarar basert på utviklinga i rentemarknaden • Redusera framtidige investeringar for å unngå gjeldsvekst og ta ned renteutgiftene
Løn og sosiale utgifter Personalutgiftene utgjer ein vesentleg del av kommunen sine utgifter. Sjølv små prosentvise lønsendringar kan difor få store utslag for kommuneøkonomien. Forventa lønnsvekst frå nasjonalbudsjettet er innarbeidd i budsjettet, men oppgjeret kan verta både høgare og lågare. Meirforbruk av overtid, vikarar og liknande vil slå negativt ut på lønsutgiftene. Dette vert vurdert som middels sannsynleg.	3	3	9	• Kommunane får kompensert for lønsvekst gjennom deflatoren i nasjonalbudsjettet. • Tett oppfølging og budsjettdisiplin. • Det kan verta nødvendig å redusera nivået på kommunale tenester for å halda budsjettet. • Faktisk lønnsvekst for 2027 vert ikkje avklart før til hausten.

Pensjon er i tråd med prognosar frå KLP og SPK Arbeidsgjevaravgift er direkte avheng av løns- og pensjonsutgifter.				
Kjøp av varer/tenester Kjøp av varer og tenester i budsjettet vert ikkje auka med forventa prisstiging, men vert vurdert konkret i høve avtalar og marknadsutsikter. Tiltaket vert gjort for å halda utgiftene under kontroll. Samtidig fører dette til press på budsjettrammene og aukar risikoen for budsjettoverskridingar.	2	3	6	• Kommunane får kompensert for prisvekst gjennom deflatoren i nasjonalbudsjettet. • Tett oppfølging og budsjettdisiplin. • Det kan verta nødvendig å redusera nivået på kommunale tenester for å halda budsjettet.
Skatt på inntekt og formue Kommunen baserer budsjettet på KS sin prognose-modell. Det er risiko knytt til • Endring etter Stortinget si budsjetthandsaming • Endring i skatteinngangen i løpet av året	2	3	6	• Endring i skatt vert delvis kompensert gjennom inntektsutjamning • Justera budsjettet i tertial og tilpassa drifta i tilfelle stor reduksjon i skatteinntektene. • Store reduksjonar i skatteinntektene vert normalt kompensert gjennom rammetilskotet i revidert nasjonalbudsjett. • Gjennomførte endringar i inntektsmodellen skal føra til redusert risiko frå skatteinntekter.
Innsparingstiltak Utfordrande å realisere full effekt då tiltaka i stor grad forutset nedgang i bemanning og ein stilling ikkje utan vidare kan reduserast med t.d. 15%	3	3	9	• Revidera tiltaksplanen • Styrka økonomistyring og oppfølging av vedtekne tiltak
Enkeltsaker	2	3	6	• Organisera tenester på ein slik måte at

I oppvekst og helse er det risiko for at det kan koma nye saker, der brukarar må følgjast opp med stor ressursbruk				enkeltsaker krev minst mogleg ressursar • Dette er utfordrande ettersom organisasjonen i liten grad er dimensjonert for slike hendingar.
Beredskapssituasjonar Det kan oppstå uforutsette hendingar, som til dømes ulukker, brann, it-trugsmål eller pandemi med akutt og stor påverknad på kommuneøkonomien	2	3	6	• Førebyggande arbeid. • Rådmannen har fullmakt til å nytta inntil 2 MNOK i krise- og beredskapssituasjonar. Desse ligg ikkje i budsjettramma.
Utbytte Heradet sitt utbytte kjem primært frå Kvam energi AS og Eviny AS Utbytta er avhengig av selskapa sin økonomiske situasjon og vert først vedteke på selskapa sine generalforsamlingar	2	2	6	• Utbytta for 2027 er basert på prognoser frå selskapa. • Utbytte over tid kan i nokon grad påverkast gjennom politisk påverknad.
Rammetilskot Det er sannsynleg at rammetilskotet vert endra i løpet av økonomiplanperioden. • Endring etter folketal • Endring på grunn budsjettforhandlingar • Endring etter Stortinget si handsaming	2	2	4	• Grunnlag for budsjett er i samsvar med regjeringa sitt forslag til statsbudsjett • Tala er oppdaterte med siste tilgjengelege prognose frå KS. • Endringar i rammetilskotet vert sett i samanheng med kommunen sin skatteinngang. Det er meir sannsynleg at tilskotet vert auka enn at det vert minka.
Budsjetteringsfeil Feile berekningar eller feilregistreringar kan påverke tala	2	2	4	• Kontroll • Kompetansebygging • Tilstrekkelege ressursar

Andre statlege overføringar Havbruksfond: Inntekta svingar mykje frå år til år og det er usikkehet knytt til framtidige auksjonar Integreringstilskot: Det kan koma færre flyktningar eller dei flytter vidare til andre kommunar	2	2	4	• Ikkje planlegga bruk av havbruksfondet i drifta, men setja av til disposisjonsfond • Tilpassa kommunale tenester til faktisk tal på flyktningar
Eigedomsskatt Endring i talet på hytter og bustader endrar seg sakte. Tilsvarande for næringseigedommar. Risikoen er difor primært knytt til endringar i dei maksimale skattesatsane. • Nytta 7 promille på næring • Forslag om 4,0 promille på bustad og fritidseigedom	1	3	3	Det er ikkje venta endringar i maksimalsatsane, men dei kan sjølvsagt endrast over tid.
Avdragsutgifter Minstefrådrag etter til kommunelova må betalast. Auka gjeld fører til auka minimumsavdrag	1	3	3	• Minimera framtidige låneopptak • Betala ned på eksisterande gjeld
Prisnivå brukarbetalingar/ salsinntekter Statlege satsar vert nytta på barnehageplass og helse og omsorgstenester Husleigeinntekter justerast normalt i samsvar med endring i konsumprisindeksen Satsar på sjølvfinansierande tenester er fastsett v/bruk av sjølvkostprogram	1	2	2	• Endra satsar vert løpande innarbeidd og tatt omsyn til. • Store endringar er lite sannsynleg.
Etterspurnad brukarbetalingar/ salsinntekter	2	1	2	• Det er for tida låg etterspørsel etter plan- og byggesaker.

Som regel er det stor etterspurnad etter kommunale tenester. Risikoen er difor heller avgrensa av kapasitet og regelverk enn underforbruk				• Inntektene er nedjustert i økonomiplanperioden. • Ledige ressursar vert nytta til andre oppgåver, som arbeid med offentlege planar.
Refusjonsinntekter Refusjonsinntektene er som regel forsiktig budsjettert. Det vil seia at dei fyrst vert lagt inn i budsjettet når dei er vedtatt/tildelt. Endringar i inntekta medfører som regel nokolunde tilsvarande endring i utgifter, som til dømes mva.kompensasjon	2	1	2	• Løypande tilpassa utgiftene til endringar i refusjonsinntekter
Andre overføringar Dette inkluderer overføringar og gåver frå stat, fylke og private. Desse vil naturleg variera over tid.	1	2	2	• Søka på tilgjengelege midlar og tilskot • Tilpassa utgifter viss fall i inntekter
Konsesjonsavgift Fastsett for 5 år om gangen	1	2	2	• Alle kraftinntektsordningane til kommunane er under press. • Dette kan påverkast politisk.
Overføringar Mva-kompensasjonsutgifter er lik inntektene 1-1 Kjøp konsesjons- og heimfallskraft skjer til prisar som vert fastsett i januar, med unntak av energiledd	1	2	2	• Det er liten risiko for endringar i mva regelverket. Eventuelle endringar vert truleg varsla i god tid og lagt inn i statsbudsjettet. • Kraftprisane er indeksregulert i budsjettet. Prisane vert justert i tertialrapporteringa basert på oppdatert informasjon
Renteinntekter Avkastning på obligasjonar er berekna basert renteutviklinga i	2	3	6	• Forvaltning av obligasjonar i tråd med reglement og rådgjeving frå meklar.

marknaden. Det er låg risiko for at renta skal falle dei nærmaste åra. Renteinntektene vert påverka av kommunen sin likviditetssituasjon fordi me lyt selja obligasjonar for å tilføra likviditet. Storleiken på negativt resultat (underskot) vil påverka trongen for å selja obligsjonar.				• Dersom marknadsrenta endrar seg vert ein reduksjon i obligasjonsinntektene utlikna av ein reduksjon i gjeldsrentene fordi ein stor del av gjelda har flytande rente.
Likviditet Meirforbruk (underskot) i kommunerekneskapen gjev press på kommunen sin likviditet (tilgjengelege pengar til betaling av lønn og rekningar).	1	3	3	• Likviditetsrisikoen vert handtert ved at obligasjonsinvesteringar vert seld for å frigjera økonomiske midlar. • Redusera underskotet • På sikt kan det oppstå behov for å ta opp kassakredit

Lesarrettleiing og vedlegg

Kvammabadet KF - Budsjett 2027

Budsjettnotat sjølvkost 2027

Fondsoversikt 2026-2030.pdf

Finansrapport per september 2027

Gjeldsrapport per september 2027

Kontrollutvalet Saksframlegg med vedtak - budsjett

Kva er budsjett og økonomiplan?

Det følgjer av Kommunelova §14-3 at heradsstyret før årsskiftet skal vedta årsbudsjett for komande år og økonomiplan for dei neste fire åra.

Det er lovfesta at kommunane i Noreg skal ha ein økonomiplan som viser korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgjast opp. Økonomiplanen skal visa prioriteringar og løyvingar, og dei mål og vilkår som økonomiplanen er bygd på.

Økonomiplanen gjev altså eit hovudoversyn over det økonomiske handlingsrommet i planperioden. Den syner dei sentrale rammeføresetnadene på inntekts- og utgiftsida (Sentrale kapittel). Vidare vert det gjeve eit oversyn over viktige lokale utviklingstrekk med relevans for drift og investeringar (Tenesteområde).

Økonomiplan for 2027-2030 byggjer på rammene frå Økonomiplan 2026-2029 og revidert budsjett per 2. tertial 2026.

Korleis finne fram i dokumentet?

Økonomiplanen er presentert i Framsikt. Dette er eit digitalt styringsverktøy som gjer økonomiplanen meir tilgjengeleg for innbyggjarar, politikarar og eigne tilsette. Alle klikkfunksjonane i Framsikt gjer at økonomiplanen i papirversjon har mindre tilgjengeleg informasjon på fleire område.

Me oppmodar også om å bruka søkefunksjonen i Framsikt, om det er spesifikke ting du leitar etter.

Introduksjon

I kapitla under introduksjon finn du ei samla oversikt over alle foreslåtte endringar i budsjettet og kva som er grunnlag for forslaga.

Rådmann si innleiing

Innsparingsprogram: Bakgrunn og behov for innsparingsprogram. Oversikt over vedtekne innsparingar per 2.tertial 2026 og forslag til nye innsparingar i budsjett og økonomiplan 2027-2030.

Justering og tiltak - forslag til budsjettendringar: Oversikt over alle forslag til endringar i budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030. Her er ei samla oversikt over alle forslag til auke i budsjettramma og alle innsparingstiltaka som er foreslått. Alle føreslåtte tiltak finn me også igjen på dei ulike tenesteområda. Nederst i kapittelet er også ein oversikt over netto bruk av disposisjonsfond i perioden.

Føresetnader og risikovurdering: Informasjon om kva som er føresetnadene for det kommunale budsjettet, samt risikotabell.

Lesarrettleiing og vedlegg: Kapittelet me står i gjev ei kort oppsummering av kva alle kapitla inneheld. I tillegg er det her du finn lenke til alle vedlegg til budsjettet.

Sentrale kapittel

Budsjettvedtak: Rådmann sitt forslag til vedtak med tabellar. Etter politisk behandling vert endeleg vedtak lagt her.

Hovudtal i budsjettforslaget: Oversikt og forklaring til sentrale inntekter og utgifter. Tabellar som viser utvikling på finans og netto driftsresultat.

Finansielle måltal og utvikling i planperioden: Finansielle måltal. Saldo og utvikling på disposisjonsfonda.

Kraftinntekter: Informasjon og grafar som viser status og prognosar på Kvam sine kraftinntekter.

Prosjekt i økonomiplan: Kapittel som omhandlar Kvam herad sitt investeringsbudsjett. Tabellar som viser forslag til nye prosjekt og forslag til endringar i gjeldande prosjekt. Her finn du også link til meir utfyllande informasjon om driftsprosjekta til kommunen.

Samfunnsutvikling: Kapittel som omhandlar Kvam herad si rolle som samfunnsutviklar.

Organisasjon: Kapittel som omhandlar Kvam herad som arbeidsgjevar.

Klimabudsjett: Den delen av budsjettet som seier noko om heradet sine klimamål, tiltak og utvikling i klimautslepp.

Gebyrliste: Samla oversikt over føreslåtte satsar på prisar og gebyr for 2027.

Tenesteområda i kommunen

Kommunen sitt budsjett vert vedteke på tenestenivå. Heradet er delt opp i 18 ulike tenesteområde. Ynskjer du å lesa meir om innhaldet i det enkelte tenesteområdet, er her ei lenkje til omtale på Kvam herad sine nettsider. På det enkelte området i budsjettdokumentet, er det omtale av retninga for

tenesteområdet i budsjett- og økonomiplanperioden. Du vil også finne mål, budsjettal og oversikt over alle investeringsprosjekt som er knytt til området.

Forslag til endring i budsjett finn du i tabellen «Driftsbudsjett med endringar».

I den øverste delen av tabellen opprinneleg vedteken ramme for 2027-2030 inkludert lønnsjustering, justering pensjon og felleskostnader og prisvekst.


Forslag til nye endringar på ramma (innsparingstiltak og nye tiltak) er viste i den nedste delen av tabellen. Ved å klikke på eller halde musepeikaren over dei ulike tiltakstekstane får du opp meir utfyllande informasjon om det enkelte tiltak. Mange av tiltaka i lista er tiltak som går på tvers av fleire tenesteområder. Beløpet som viser på det enkelte tenesteområdet kan derfor berre vere ein del av eit større tiltak, med både pluss- og minusføringar om må sjåast i samanheng.

Samanheng mellom planstrategi, kommuneplanar, budsjett og økonomiplan

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste dokumentet for kommunen si utvikling og styring fram mot 2030. Planen viser korleis kommunen kan realisera sine moglegheiter for å skapa ei positiv utvikling i kommunen. Langsiktigheit i vedtak som gjeld budsjett og føringar for økonomiplanperioden krev tette koplingar til både kommuneplanar og fagplanar.

Planstrategien er eit verktøy for å styrke den strategiske planlegginga i kommunen, der ein set strategisk retning for planarbeidet i kommunen. Planstrategien skildrar kva planar det er behov for, i lys av utfordringane kommunen har og i lys av dei nasjonale og regionale føringane.

Planstrategien er eit viktig verktøy for å vurdera planressursar, og den samla trongen til kommunedelplanar, tema- og sektor (fag)planar, samt viktige offentlege reguleringsplanar.


Kommunal Planstrategi
FIREÅRIG RULLERING
REVISJON ETTER AVKLARING AV BEHOV I PLANSTRATEGI
Kommuneplan SAMFUNNSDEL
Kommuneplan AREALSDEL
Kommuneplan – tema
Kommuneplan – areal
Tema og sektor(fag)planer
ÅRLIG RULLERING
Handlingsdel med økonomiplan
Årsbudsjett
Årsmelding Regnskap Tertial-rapporter
Arbeids-program

Budsjettvedtak

Framlegg til budsjettvedtak - Rådmann sitt forslag til budsjett og økonomiplan 2027-2030

Kvam heradsstyre vedtek følgjande rammer for budsjett for 2027 og økonomiplan 2027-2030:

1. Økonomiske rammer

a. Budsjettet for 2027 er definert gjennom oppstillingane som nevnt i Forskrift til Kommunelova § 5-4 til §5-7. Rådmannen får fullmakt i tråd med økonomireglement (HST-103/20).

b. Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i eiga sak, i samsvar med føresetnader i driftsbudsjettet.

c. Rådmannen får fullmakt til å fordela lønspott, prisjusteringspot og fellesutgifter på tenesteområda, i tillegg å gjera budsjettjusteringar av bruk og avsetjing til bundne fond i samsvar med fondet sitt føremål og gjeldande regelverk.

d. Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet som følgje av tekniske endringar som t.d. endringar i KOSTRA-oppsett eller kommunale rekneskapsstandardar.

e. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av bustader og oppgradering av dei på inntil 5 mill. kr per år. Eventuelle kjøp vert finansiert med lån.

f. Rådmannen får fullmakt til å bruka opp til 2 mill. kr per krisehending som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.

g. Netto inntekter frå heimfalls- og konsesjonskraft utover opphaveleg budsjett, skal setjast av i eit kraftfond (disposisjonsfond).

h. Finansielle måltal for økonomiplanperioden vert sett til:

1. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter skal vera høgare enn 2,0 % innan utgangen av økonomiplanperioden.
2. Lånegjeld (utan lån til vidare utlån) i prosent av driftsinntekter skal liggja under 125 % i heile økonomiplanperioden.
3. Disposisjonsfondet skal vera meir enn 10 % av driftsinntekter ved utgangen av økonomiplanperioden.

2. Finans- og gjeldsfullmakter

a. Rådmannen får fullmakt til å oppretthalda trekkrett i kontosystemet til Kvam herad, i tråd med reglement for finans- og gjeldsforvaltning (HST-018/21) vedteke 16.02.2021. Trekkretten skal vera på inntil 40 mill. kr.

b. Rådmann får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2027 er budsjettert til 200 mnok. Rådmann får fullmakt til å ta opp inntil 200 mnok med fråtrekk for ubrukte lånemidlar per 01.01.2027.

c. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 20 mill. kr i lån til vidare utlån (Startlån).

d. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikna lånekontraktar.

e. Det skal betalast 56 mill. kr i avdrag i 2027 på ordinære lån og 4,5 mill.kr i Husbanklån. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån rådmannen finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

3. Skatt på eige og inntekt

Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane som Stortinget fastset.

4. Eigedomsskatt
Eigedomsskatt vert utskrive i tråd med forskrift.

5. Sal av heimfalls- og konsesjonskraft
Rådmann får fullmakt til å selja heimfallskraft (106,7 GWh/år) i spotmarknaden. Vidare får rådmannen fullmakt til å selja konsesjonskraft (60,9 GWh/år). Rådmannen kan inngå fastpriskontraktar på konsesjonskrafta i økonomiplanperioden. Konsesjonskraft som ikkje er prissikra kan seljast i spotmarknaden.

5. Sal av heimfalls- og konsesjonskraft
Rådmann får fullmakt til å selja kommunen si heimfallskraft (106,7 GWh/år) og konsesjonskraft (60,9 GWh/år). For konsesjonskrafta har rådmannen fullmakt til å inngå fastpriskontraktar i heile økonomiplanperioden. All heimfallskrafta og eventuell konsesjonskraft som ikkje er prissikra skal seljast i spotmarknaden.

6. Møtegodtgjersla og andre politiske godtgjersler

Møtegodtgjersle vert utbetalt i tråd med HST-033/23, «Politisk organisering 2023-2027 Kvam herad".

7. Busetjing av flyktningar
Kvam herad skal ta imot inntil 20 flyktningar.

8. Kan-Skje Kafè

Budsjettrammene vert auka med 0,3 mnok for å oppretthalda tilbodet på Kan-Skje Kafè. Finansiert med bruk av disposisjonsfond.

9. Obligatoriske tabellar
Nedanfor følgjer obligatoriske tabellar, som i samsvar med kommunelova skal rapporterast i budsjett og økonomiplan.

Forslag til vedtak - budsjettendringar

I kapittelet "Justeringar og tiltak - forslag til budsjettendring" ligg ein fullstendig oversikt over alle budsjettendringar på drift som er foreslått i budsjett og økonomiplan 2027-2030.

I kapittelet "Prosjekt i økonomiplan" er det oversikt over alle forslag til endringar i investering.

Resten av dokumentet er utfyllande informasjon.

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Rammetilskot	-373 985	-396 479	-403 181	-414 253	-411 939	-411 925	-411 942
Skatt på inntekt og formue	-338 051	-344 162	-347 977	-356 334	-356 334	-356 334	-356 334
Eigedomsskatt	-42 037	-46 043	-46 418	-50 770	-50 770	-50 770	-56 537
Andre skatteinntekter	-5 204	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200
Andre overføringar og tilskot frå staten	-116 062	-121 336	-183 536	-151 661	-131 876	-113 376	-128 576
Overføringar og tilskot frå andre	-147 161	-120 358	-126 138	-123 461	-119 013	-119 169	-119 074
Brukarbetalingar	-28 762	-24 863	-29 427	-34 033	-32 583	-32 583	-32 583
Sals- og leigeinntekter	-144 054	-150 612	-146 169	-176 485	-162 068	-157 756	-158 514
Sum driftsinntekter	**-1 195 315**	**-1 209 053**	**-1 288 046**	**-1 312 197**	**-1 269 784**	**-1 247 113**	**-1 268 760**
Utgifter til løn	628 662	605 218	624 375	625 087	619 604	600 048	600 922
Sosiale utgifter	180 873	190 924	181 675	180 832	189 257	191 145	192 934
Kjøp av varer og tenester	239 286	218 897	235 954	236 940	224 058	224 197	224 436
Overføringar og tilskot til andre	120 447	115 048	177 390	155 354	135 730	128 763	134 628
Avskrivingar	76 771	76 964	75 679	71 982	71 982	71 982	71 982
Sum driftsutgifter	**1 246 039**	**1 207 050**	**1 295 073**	**1 270 195**	**1 240 632**	**1 216 134**	**1 224 901**
Brutto driftsresultat	**50 724**	**-2 003**	**7 026**	**-42 002**	**-29 152**	**-30 978**	**-43 859**
Renteinntekter	-23 517	-17 100	-19 130	-17 630	-16 130	-15 130	-15 130
Utbytte	-17 087	-23 000	-29 600	-55 100	-46 200	-32 200	-25 200
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	107	300	300	300	300	300	300
Renteutgifter	69 241	70 510	72 010	84 210	85 910	81 710	78 610
Avdrag på lån	57 700	58 700	54 000	56 000	57 000	57 000	57 000
Netto finansutgifter	**86 444**	**89 410**	**77 580**	**67 780**	**80 880**	**91 680**	**95 580**
Motpost avskrivingar	-76 771	-76 964	-75 679	-71 982	-71 982	-71 982	-71 982
Netto driftsresultat	**60 397**	**10 443**	**8 928**	**-46 203**	**-20 254**	**-11 280**	**-20 261**
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	2 300	0	4 719	7 275	2 815	2 815	0
Avsetningar til bundne driftsfond	13 927	6 512	10 139	7 706	11 178	10 229	10 445
Bruk av bundne driftsfond	-10 956	-1 443	-23 596	-10 570	-4 951	-4 749	-2 758
Avsetningar til disposisjonsfond	34 832	51 445	64 865	74 779	62 510	46 817	58 009
Bruk av disposisjonsfond	-100 500	-66 956	-65 055	-32 987	-51 298	-43 832	-45 435
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	**-60 397**	**-10 443**	**-8 928**	**46 203**	**20 254**	**11 280**	**20 261**
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Rammetilskot	-373 985	-396 479	-403 181	-414 253	-411 939	-411 925	-411 942
Inntekt- og formuesskatt	-338 051	-344 162	-347 977	-356 334	-356 334	-356 334	-356 334
Eigedomsskatt	-42 037	-46 043	-46 418	-50 770	-50 770	-50 770	-56 537
Andre generelle driftsinntekter	-121 136	-126 594	-189 094	-156 861	-137 076	-118 576	-133 776
Sum generelle driftsinntekter	**-875 209**	**-913 278**	**-986 670**	**-978 218**	**-956 119**	**-937 605**	**-958 589**
Korrigert sum løyvingar drift, netto	**845 404**	**834 298**	**918 018**	**864 235**	**854 986**	**834 645**	**842 749**
Avskrivingar	76 771	76 964	75 679	71 982	71 982	71 982	71 982
Sum netto driftsutgifter	**922 174**	**911 262**	**993 697**	**936 217**	**926 967**	**906 627**	**914 730**
Brutto driftsresultat	**46 965**	**-2 016**	**7 026**	**-42 002**	**-29 152**	**-30 978**	**-43 859**
Renteinntekter	-23 517	-17 100	-19 130	-17 630	-16 130	-15 130	-15 130
Utbytte	-17 087	-23 000	-29 600	-55 100	-46 200	-32 200	-25 200
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	107	300	300	300	300	300	300
Renteutgifter	69 241	70 510	72 010	84 210	85 910	81 710	78 610
Avdrag på lån	57 700	58 700	54 000	56 000	57 000	57 000	57 000
Netto finansutgifter	**86 444**	**89 410**	**77 580**	**67 780**	**80 880**	**91 680**	**95 580**
Motpost avskrivingar	-76 771	-76 964	-75 679	-71 982	-71 982	-71 982	-71 982
Netto driftsresultat	**56 639**	**10 430**	**8 928**	**-46 203**	**-20 254**	**-11 280**	**-20 261**
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	2 300	0	4 719	7 275	2 815	2 815	0
Avsetningar til bundne driftsfond	13 927	6 512	10 139	7 706	11 178	10 229	10 445
Bruk av bundne driftsfond	-10 956	-1 443	-23 596	-10 570	-4 951	-4 749	-2 758
Avsetningar til disposisjonsfond	34 832	51 445	64 865	74 779	62 510	46 817	58 009
Bruk av disposisjonsfond	-100 500	-66 956	-65 055	-32 987	-51 298	-43 832	-45 435
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	**-60 397**	**-10 443**	**-8 928**	**46 203**	**20 254**	**11 280**	**20 261**
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	**-3 759**	**-13**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Manglende oppsett	0	0	0	0	0	0	0
Finans og fellespostar	-25 013	-8 047	-32 280	-57 788	-5 449	9 694	-1 980
Styring og kontrollverksemd	7 671	6 988	7 026	8 247	7 429	6 918	6 677
Administrasjon	55 607	57 150	59 768	64 053	57 141	54 393	56 086
Barnehagar	125 669	124 475	129 026	126 845	121 489	119 006	122 495
Grunnskuleopplæring	200 442	209 714	201 275	218 087	206 160	200 346	202 930
Kommunehelse	56 757	51 134	54 148	54 396	50 618	47 808	48 663
Pleie og omsorg	326 521	301 393	332 218	331 547	312 797	295 746	301 642
Sosialteneste	36 563	40 757	41 238	40 811	39 436	39 301	39 560
Barnevern	26 052	30 507	31 052	29 706	27 526	26 724	26 969
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-11 461	-20 005	-23 745	-24 283	-20 550	-20 320	-20 826
Plan og byggesak	4 045	6 963	6 419	5 281	4 331	3 899	3 743
Kultur	40 340	39 052	46 000	45 146	43 752	43 413	43 228
Kyrkja	7 170	7 447	7 547	7 890	7 890	7 890	7 890
Samferdsel	19 947	20 936	22 252	22 229	21 912	21 932	22 222
Bustad	7 418	4 957	9 465	6 724	6 064	5 908	6 095
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	24 225	18 411	67 324	36 186	30 446	27 618	31 664
Brann- og ulykkesvern	17 986	18 731	20 114	20 096	19 566	19 498	20 211
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	1 161	864	1 299	322	316	13	15
Sum løyvingar drift, netto	**921 101**	**911 426**	**980 144**	**935 494**	**930 875**	**909 787**	**917 283**
Av dette:							
Avskrivinger	76 771	76 964	75 679	71 982	71 982	71 982	71 982
Motpost avskrivninger	0	-119	0	-119	-119	-119	-119
Netto renteutgifter og -inntekter	663	910	880	680	680	680	680
Overføring til investering	0	0	233	4 460	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	7 861	812	4 439	2 006	5 478	4 529	4 745
Bruk av bundne driftsfond	-9 597	-1 438	-19 106	-7 750	-2 131	-1 929	-2 753
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	**845 404**	**834 298**	**918 018**	**864 235**	**854 986**	**834 645**	**842 749**

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Investeringar i varige driftsmidlar	162 525	172 743	221 714	252 655	34 295	27 088	22 088
Tilskot til andre sine investeringar	5 553	1 500	-162	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 615	2 500	2 965	2 815	2 815	2 815	0
Utlån av eigne midlar	26 577	15 000	17 340	30 000	15 000	15 000	15 000
Avdrag på lån	5 918	4 500	4 500	4 500	2 500	2 500	2 500
Sum investeringsutgifter	**203 187**	**196 243**	**246 357**	**289 970**	**54 610**	**47 403**	**39 588**
Kompensasjon for meirverdiavgift	-25 006	-21 528	-30 476	-28 255	-3 779	-3 538	-3 538
Tilskot frå andre	-3 546	-10 600	-6 336	-16 869	0	0	0
Sal av varige driftmiddel	-7 255	0	0	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	-14 509	-4 500	-4 968	-4 968	-2 668	-2 668	-2 668

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Bruk av lån	-156 224	-138 003	-190 166	-220 125	-45 516	-38 550	-33 850
Sum investeringsinntekter	**-206 541**	**-174 631**	**-231 946**	**-270 216**	**-51 963**	**-44 756**	**-40 056**
Overføring frå drift	-2 300	0	-4 719	-7 275	-2 815	-2 815	0
Avsetningar til bundne investeringsfond	8 635	0	50	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	-14 112	-10 927	-12 946	-300	-300	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	11 103	5 468	5 468	5 468	468
Bruk av ubunde investeringsfond	-2 980	-7 500	-9 918	-5 000	-5 000	-5 000	0
Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	**3 354**	**-21 612**	**-14 411**	**-19 753**	**-2 647**	**-2 647**	**468**
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Finans og fellespostar								
0*Beredskap	0	0	0	2 500	0	0	0	2 500
Sum Finans og fellespostar	**0**	**0**	**0**	**2 500**	**0**	**0**	**0**	**2 500**
Administrasjon								
0*IT-investeringar - årlege	1 916	1 800	1 684	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Sum Administrasjon	**1 916**	**1 800**	**1 684**	**2 500**	**2 500**	**2 500**	**2 500**	**10 000**
Barnehagar								
0*Barnehage - inventar og utstyr - årleg	356	188	110	188	188	188	188	750
0*Uteområde Bjørketeigen barnehage	995	0	0	0	0	0	0	0
0*ENØK: Prosjektering - Varmepumpe Bjørketeigen bhg	115	0	272	0	0	0	0	0
Sum Barnehagar	**1 465**	**188**	**382**	**188**	**188**	**188**	**188**	**750**
Grunnskuleopplæring								
0*IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg	5 347	3 400	2 977	3 125	3 125	3 125	3 125	12 500
0*Digitale tavler til skulane - utskifting	1 454	0	0	0	0	0	0	0
0*PC til tilsette i skule og bhg - årleg	0	635	635	750	750	750	750	3 000
0*Skule - inventar og utstyr - årleg	131	188	324	188	188	188	188	750
0*Uteområde skule og barnehage - søkbar pott	310	0	273	0	0	0	0	0
0*Ålvik oppvekstttun	0	0	6 188	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
0*Ballbinge Kvam ungdomsskule	0	0	1 500	0	0	0	0	0
0*Kommunale funksjonar i Kvam VGS	75 044	0	11 500	0	0	0	0	0
0*Norheimsund skule, moglegstudie	38	0	1	193	0	0	0	193
0*Ventilasjonsanlegg Ålvik Skule	0	1 875	2 875	0	0	0	0	0
0*ENØK: Brønnpark/varmepumper Strandebarm skule	129	0	7 390	0	0	0	0	0
0*Norheimsund skule - uteområde	703	6 500	0	6 224	0	0	0	6 224
0*Ombygging Øystese barneskule	957	63 750	74 557	96 250	0	0	0	96 250
Sum Grunnskuleopplæring	**84 114**	**76 348**	**108 220**	**106 730**	**4 063**	**4 063**	**4 063**	**118 917**
Pleie og omsorg								
0*Velferdteknologi - årleg	749	750	752	750	750	750	750	3 000
0*Dekontaminator	0	1 050	1 050	0	0	0	0	0
0*Sansehage Toloheimen	0	0	0	2 941	0	0	0	2 941
0*Skifte av SD - anlegg i kommunale bygg	14	0	722	0	0	0	0	0
0*ENØK - Øysteseheimen ventilasjon	0	0	0	0	625	0	0	625
0*Nytt kjøken og oppvaskmaskin Toloheimen	502	0	0	0	0	0	0	0
0*Nytt kjøken Tolo omsorg	412	0	0	0	0	0	0	0
0*Oppgradering trygdebustader Ålvik	0	0	506	0	0	0	0	0
0*Framtidig utviding av sjukeheimsplassar	48	0	210	1 000	0	0	0	1 000
0*Varmepumper Øysteseheimen	470	0	97	1 875	0	0	0	1 875
0*ENØK: Brønnpark/varmepumper Tolo varmesentral	135	4 375	7 384	0	0	0	0	0
0*Sjøvassleidning varmeanlegg Kyrkjefjøra Øystese	0	0	0	3 750	0	0	0	3 750
0*ENØK tiltak kommunale bygg - Rokabrekka og Stoppel	64	0	0	1 086	0	0	0	1 086
0*Ombygging Mikkjelsflaten	0	625	625	0	0	0	0	0
0*Solskjerming kommunale bygg	66	0	2 949	0	0	0	0	0
Sum Pleie og omsorg	**2 459**	**6 800**	**14 294**	**11 402**	**1 375**	**750**	**750**	**14 277**
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon								
0*Oppgradering av VA-leidningskart	203	0	0	0	0	0	0	0
0*Fornying teknisk utstyr VAR - årleg	122	500	1 378	500	500	500	500	2 000
0*Ny pumpestasjon P5, Tolo	5 193	0	0	0	0	0	0	0
0*Overføring avlaupsvatn Vikøy	8	1 340	0	1 341	0	0	0	1 341
0*Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam	921	0	57	1 275	0	0	0	1 275
0*Reserveforsyning vatn	31	0	0	876	0	0	0	876
0*Kloakksanering Ålvik	14	0	263	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
0*Oppgradering av kummar og leidningsnett i heradet - årleg avlaup	376	600	937	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
0*Oppgradering av kummar og leidningsnett i heradet - årleg vatn	2 105	1 500	2 396	3 500	1 500	1 500	1 500	8 000
0*Oppgradering av reduksjonskummar - årleg	78	800	699	3 500	800	800	800	5 900
0*Pumpestasjon og overføring frå Laupsa til Notanes	4 551	0	0	0	0	0	0	0
0*Prosjektering av reinseanlegg på Tangerås	11	181	0	170	0	0	0	170
0/1*Vass- og avlaupslekkasjer - årleg	69	0	0	0	0	0	0	0
0*Sanering Børveneset , prosjektering	232	0	0	0	0	0	0	0
0*Overvatn Norheimsbakken/Mjølstølvegen	5 081	4 000	5 883	0	0	0	0	0
0*Prosjektering Nytt inntak frå Forsete og opp i Kalderassen	0	500	0	500	0	0	0	500
0*Prosjektering Øvre Valland/Vallandshovden	22	134	112	0	0	0	0	0
0*Sanere deler av avløpsnettet i Vikøy	0	200	0	200	0	0	0	200
0*Rehabilitering pumpestasjoner Kvamskogen	7 670	0	2 300	0	0	0	0	0
0*Vass- og avlaupsleidning Øvre Valland/Vallandshovden	0	2 900	100	2 800	0	0	0	2 800
0*Ny vassleidning Mo-Nobbo	0	2 150	0	2 150	0	0	0	2 150
0*Samankopling/overtaking Vikøy vassverk	15	500	0	985	0	0	0	985
0*Sanering vass- og avlaupsanlegg Børvenes	279	22 200	19 121	26 200	0	0	0	26 200
0*VA-plan Nistagato-Kaien-Straumen	0	0	0	500	0	0	0	500
0*Oppgradering pumpestasjonar - avlaup	0	700	1 550	0	0	0	0	0
0*Vatn og avlaup ved Øystese barneskule	0	3 600	3 600	0	0	0	0	0
0*Oppgradering vassverk - årleg	0	600	750	450	600	600	600	2 250
0*Nytt høgdebasseng Kvamskogen - prosjektering	0	1 000	200	800	0	0	0	800
0*Samankopling Vikøy vassverk - anleggsbidrag	0	9 700	3 000	6 700	0	0	0	6 700
0*Omlegging VA-trasè Vavollen	0	0	750	0	0	0	0	0
0*Reservevasskilde Skålheim til Fitjadalen	0	0	0	10 000	6 000	0	0	16 000
0*Beredskap VA	0	0	0	500	0	0	0	500
0*Vass- og avlaupsleidning frå høgdebasseng på Torpe til Laupsa	205	5 000	10 855	9 500	0	0	0	9 500
0*Prosjektering Vassforsyning til Soldal	110	0	6	20	0	0	0	20
0*Vassleidning Stronde	592	0	2 779	0	0	0	0	0
Sum Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	**27 886**	**58 105**	**56 735**	**73 467**	**10 400**	**4 400**	**4 400**	**92 667**
Plan og byggesak								
0*Ny GPS til oppmåling	0	313	0	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Sum Plan og byggesak	**0**	**313**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Kultur								
0*Storeteigen - opprustning	0	0	0	86	0	0	0	86
0*Ny toalettmodul Haugamyr	920	0	0	0	0	0	0	0
0*Ny lift	880	0	0	0	0	0	0	0
0*Statleg sikring og utvikling av friluftsområde	1 886	0	650	0	0	0	0	0
0*Ingebrigt Vik museum	26	0	196	0	0	0	0	0
0*Base-camp	0	0	0	1 219	0	0	0	1 219
0*Bord og stolar til idrettshall	0	0	468	0	0	0	0	0
0*Takbyte idrettshuset i Ålvik	1 353	0	0	0	0	0	0	0
0*Vaskerobot Norheimsund idrettshall	567	0	687	0	0	0	0	0
0*Oppgradering Norheimsund idrettshall	0	0	3 750	0	0	0	0	0
0*Øysteseparken	1 707	0	0	0	0	0	0	0
0*Sjølvbeteningsløysing Ålvik bibliotek	115	0	0	0	0	0	0	0
Sum Kultur	**7 455**	**0**	**5 752**	**1 305**	**0**	**0**	**0**	**1 305**
Kyrkja								
0*Namna minnelund i Øystese	2	0	0	0	0	0	0	0
0*Kyrkjeleg fellesråd namna minnelund	-2	0	0	0	0	0	0	0
Sum Kyrkja	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Samferdsel								
0*Asfaltering - årleg	6 039	4 500	3 688	6 250	6 250	6 250	6 250	25 000
0*Fornying teknisk utstyr - årleg	139	625	1 317	625	625	625	625	2 500
0*Tilrettelegging av elbillading for kommunale køyretøy	504	0	0	0	0	0	0	0
0*Utskifting av køyretøy	0	0	664	0	0	0	0	0
0/1*Trafikksikringsplan - årleg	2	250	888	250	250	250	250	1 000
0*Kryss Tolo - Buspareklubben	8 651	0	0	0	0	0	0	0
0*Utbetring kommunale bruer - årleg	198	313	1 202	313	313	313	313	1 252
0*Rassikringstiltak - årleg	0	1 250	1 250	1 250	1 250	1 250	1 250	5 000
0/1*Rekkverk kommunale vegar - årleg	276	250	474	250	250	250	250	1 000
0*Uteområde Sandven drenering /asfaltering	110	0	189	0	0	0	0	0
0*Lyssetjing strandveg i Norheimsund	124	0	0	0	0	0	0	0
0*Gangveg Torebøen	178	0	0	0	0	0	0	0
0*Snuhammar Fartøyvernsenteret	2 216	0	0	0	0	0	0	0
0*Gangveg frå FV79 til Pensjonisten	4	4 437	6 621	0	0	0	0	0
0*Utomhusområde rundt Kvam rådhus/KFL-bygget	10 276	0	623	1 563	0	0	0	1 563
Sum Samferdsel	**28 717**	**11 625**	**16 915**	**10 501**	**8 938**	**8 938**	**8 938**	**37 315**
Bustad								
Overtaking av Kvam bustadstifting	0	0	0	32 913	0	0	0	32 913
Eigedomskjøp 2025	1 071	0	0	0	0	0	0	0
Eigedomskjøp 2026	0	5 000	5 000	0	0	0	0	0

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Eigedomskjøp	0	0	0	5 000	5 000	5 000	0	15 000
0*ENØK - Oppgradering eksisterande ventilasjon Mikkjelsflaten	0	0	0	0	582	0	0	582
0*Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg	529	190	40	150	0	0	0	150
0*Oppgradering bygg -årleg	1 144	1 250	689	2 500	1 250	1 250	1 250	6 250
0*Felles brannsikringstiltak	507	0	0	0	0	0	0	0
0*Nødstraum og ny elektrokjel Mikkjelsflaten	0	1 125	2 500	0	0	0	0	0
0*Ny elektrokjel på Mikkjelsflaten	0	1 375	0	0	0	0	0	0
0*Brannsikring kommunale bygg	0	0	0	1 000	0	0	0	1 000
0*ENØK tiltak kommunale bygg -Hatlevegen	337	0	369	2 500	0	0	0	2 500
0*ENØK tiltak kommunale bygg -Gartveit	30	0	331	0	0	0	0	0
0*Prosjektering - Bufellesskap for personar med psykiske lidingar	43	0	180	0	0	0	0	0
Sum Bustad	**3 660**	**8 940**	**9 108**	**44 063**	**6 832**	**6 250**	**1 250**	**58 395**
Brann- og ulykkesvern								
0*Kjøp av kjøretøy KVBR	4 852	0	0	0	0	0	0	0
0*Utskifting av brannbil i Ålvik	0	8 625	8 625	0	0	0	0	0
Sum Brann- og ulykkesvern	**4 852**	**8 625**	**8 625**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Investeringar i varige driftsmidlar	**162 525**	**172 743**	**221 714**	**252 655**	**34 295**	**27 088**	**22 088**	**336 126**

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Namna minnelund i Øystese	1 305	0	1 050	0	0	0	0	0
0*Skifte tak Strandebarm kyrkje	4 257	1 500	-1 444	0	0	0	0	0
0*Kyrkjeleg fellesråd namna minnelund	-10	0	0	0	0	0	0	0
0*Øysteseparken	0	0	231	0	0	0	0	0
Tilskot til andre sine investeringar	**5 553**	**1 500**	**-162**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**

3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
Eigenkapital KLP 2025	2 615	0	0	0	0	0	0	0
Eigenkapital KLP 2026	0	2 500	2 815	0	0	0	0	0
Eigenkapital KLP	0	0	0	2 815	2 815	2 815	0	8 445
Andre investeringar	0	0	150	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	**2 615**	**2 500**	**2 965**	**2 815**	**2 815**	**2 815**	**0**	**8 445**

4. Utlån av eigne midler

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. budsjett 2026	Rev. budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Øk.plan Sum 2027-2030
0*Lån til abonnentar i Vikøy vasslag	0	0	2 340	0	0	0	0	0
Husbanklån	26 577	15 000	15 000	30 000	15 000	15 000	15 000	75 000
Utlån av eigne midlar	**26 577**	**15 000**	**17 340**	**30 000**	**15 000**	**15 000**	**15 000**	**75 000**
Sum del 1-4	**197 269**	**191 743**	**241 857**	**285 470**	**52 110**	**44 903**	**37 088**	**419 571**

Hovudtal i budsjettforslaget

Kommunen sitt driftsbudsjett viser korleis den daglege drifta av kommunen blir finansiert. Budsjetta for tenesteområda omfattar både inntekter og utgifter til tenesteproduksjonen innan mellom anna barnehage, skule, helse- og omsorgstenester, kultur, idrett og tekniske tenester.

For å finansiere tenestene får kommunen skatteinntekter frå innbyggjarane og rammetilskot frå staten. Desse inntektene gjev kommunen handlingsrom til å opprethalde og vidareutvikle tenestetilbodet til innbyggjarane. I tillegg har kommunen sentrale utgifter som pensjon og finansinntekter og finansutgifter til lån, renter og forvaltning av kommunen sine midlar.

Dette kapitlet gir ei oversikt over driftsbudsjettet fordelt på følgjande budsjettpostar:

- **Skatteinntekter og rammetilskot**: Inntekter frå innbyggjarane og staten som kommunen kan disponere fritt.

- **Skatt på eigedom:** Eigedomsskatt på næring, vannkraft, bustader og fritidsbustader i kommunen.
- **Andre sentrale inntekter**: Inntekter frå staten som skal kompensere kommunen for særskilde utgifter.
- **Sentrale utgifter**: Pensjonskostnader
- **Finansinntekter og finansutgifter**: Inntekter frå plassering av eigne midlar, som renteinntekter, eigaruttak, utbyte og avkastning, samt rente- og avdragsutgifter på lånegjeld.
- **Avsetjingar og årsoppgjersdisposisjonar**: Avsetjingar til og bruk av fond, samt overføring frå drift til investering.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

				Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	Rev. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
skatt på inntekt og formue	-338 051	-344 162	-347 977	-356 334	-356 334	-356 334	-356 334
Ordinært rammtilskudd	-373 985	-396 479	-403 181	-414 253	-411 939	-411 925	-411 942
Skatt på eigedom	-42 037	-46 043	-46 418	-50 770	-50 770	-50 770	-56 537
Andre generelle statstilskudd	-50 188	-63 894	-53 894	-37 061	-47 176	-35 176	-47 176
Konsesjonsavgift	-5 204	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200
Sum frie inntekter	**-809 465**	**-855 778**	**-856 670**	**-863 618**	**-871 419**	**-859 405**	**-877 189**

skatt på inntekt og formue

Inntekts- og formuesskatt er budsjettert til 348 MNOK som utgjer 27% av totale driftsinntekter i 2027. Auken i forhold til tidlegare vedteke ramme for 2027 er 11,6 mnok, og auken frå revidert budsjett 2026 er på 8,3 mnok. Kvam sitt skatteanslag for 2027 er basert på skattenivået i 2025, oppjustert for forventa vekst.

Ordinært rammtilskudd

Budsjettert rammetilskot frå staten for 2027 er 414 MNOK. Dette utgjer 32% av driftsinntekter. Auken i forhold til tidlegare vedteke ramme for 2027 er 7,1 mnok, og auken frå revidert budsjett 2026 er 11,1 mnok.

Rammetilskotet vert rekna ut på grunnlag av følgjande faktorar:

- **Ordinært tilskot består av**
  - Innbyggjartilskot som utgjer hovuddelen av rammetilskotet og vert fordelt med eit likt beløp per innbyggar.
  - Utgiftsutjamning som er ein mekanisme som kompenserer kommunar for ufrivillige kostnadsforskjellar. For Kvam er behovsindeksen 1,0988, som betyr at kommunen er berekna å ha om lag 9,9 % høgare utgiftsbehov per innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Dette kjem mellom anna av alderssamansetning, geografi, reiseavstandar, tal eldre og andre kriterium som inngår i kostnadsnøkkelen
  - INGAR er inntektsgarantiordning som hindrar stor nedgang i rammetilskot etter endring av kriteria i inntektssytemet
  - Saker med særskild fordeling er tilskot som vert gitt utanom inntektssystemet sine ordinære kritere

- **Distriktstilskot Sør-Norge** skal ivareta kommunar med svak samfunnsmessig utvikling, og tar utgangspunkt i distriktsindeksen
- **Inntektsutjamning** utjamnar delvis skilnader i skatteinntekter mellom kommunar. Kommunar med lågare skatteinntekter får tilskot frå kommunar med høgare skatteinntekter.

	Rek. 2024	Rek. 2025	Rev. Bud. 2026	Bud. 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Rammetilskot Distriktstilskot Sør-Norge	7 401	7 672	7 959	10 987	10 883	10 883	10 883
Rammetilskot Inntektsutjamnande	27 776	10 394	17 502	18 002	18 002	18 002	18 002
Rammetilskot Ordinært	325 939	355 524	377 720	385 264	383 054	383 040	383 057
Rammetilskot Skjønsdel	2 030	395					
Andre rammetilskot	336						
Rammetilskot totalt	**363 482**	**373 985**	**403 181**	**414 253**	**411 939**	**411 925**	**411 942**

Skatt og rammetilskot totalt

Rammetilskot og skatt er frie midlar som kommunen kan disponere utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og reglar. Dei budsjetterte inntektene er berekna ut frå KS prognosemodell. Samla utgjer desse inntektene 59% av kommunen sine totale inntekter i 2027. I statsbudsjettet er det eit anslag på frie inntekter som inneber ein nominell vekst for Kvam frå 2026 til 2027 på 3,9%. I same periode er landsgjennomsnittet avslått til ein vekst på 4,9%.

Skatt på eigedom

Eigedomskatten er den største inntektsposten som kommunen kan påverka sjølv. Eigedomsskatten vert vedteken av heradsstyret og fastsett ut frå eigedomen sin takst. Taksten vert redusert med 30 % og multiplisert med ein skattesats som er fastsett av kommunen. I tillegg kan kommunen vedta å ha eit botnfrådrag påbustad- og fritidseigedomarseigedomar. Maksimal sats er 7 for næring og 4 for bustad og fritid.

Eigedomsskatt er i 2027 budsjettert til 50,8 MNOK ,og utgjer 4% av driftsinntektene. Det er ingen vesentleg endring i forhold til tidlegare vedteke ramme for 2027. Sett i forhold til revidert budsjett 2026 er inntekta 4,3 mnok høgare i 2027. Årsaken til auken frå 2026 er nye eigedomar og justerte takstar på kraftanlegg, samt at botenfrådrag er redusert frå 350 000,- til 200 000,-.

I 2027 er promillen 7 på næring og 4 på bustad og fritid. På bustad og fritidseigedomar er det eit botnfrådrag på 200 000,- per bueining. Jamfør tidlegare politisk vedtak skal botnfrådraget fjernast heilt i 2030.

	Rek. 2024	Rek. 2025	Rev. Bud. 2026	Budsjett 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Eigedomsskatt på vannkraftanlegg	12 075	12 181	12 428	12 428	12 428	12 428	12 428
Eigedomsskatt næringseigedomar	11 034	11 817	11 023	11 034	11 034	11 034	11 034
Eigedomsskatt for boliger		12 077	15 263	17 772	17 772	17 772	21 107
Eigedomsskatt for fritidsboliger		5 962	7 704	9 536	9 536	9 536	11 968
Eigedomsskatt for boliger og fritidsbolig	17 025						
Eigedomsskatt totalt	**40 134**	**42 037**	**46 418**	**50 770**	**50 770**	**50 770**	**56 537**

Andre generelle statstilskudd

	Rek. 2024	Rek. 2025	Rev. Bud. 2026	Budsjett 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Imdi, Einslege mindreårige flyktningar	1 529	1 336	1 507	1 386	0	0	0
Imdi tilskot flyktningar	37 018	30 329	25 499	24 876	24 876	24 876	24 876
Rentekompensasjon frå Husbanken	4 410	4 162	4 500	4 000	3 500	3 500	3 500
Havbruksfond	22 600	5 309	13 000	6 800	18 800	6 800	18 800
Totalt	**65 557**	**41 136**	**44 506**	**37 061**	**47 176**	**35 176**	**47 176**

Andre generelle statstilskot er budsjettert med totalt 37 mnok i 2027. Dette utgjer 3% av dei totale driftsinntektene. Auken i forhold til tidlegare vedteke ramme for 2027 er 5,3 mnok. Årsaken er retting av inntekt på integreringstilskot og auke i Havbruksfond på 0,8 mnok. I forhold til revidert budsjett 2026 er det ein reduksjon på 7,5 mnok som kjem av at utbetalingane frå Havbruksfondet er lågare annakvart år.

Integreringstilskot

For 2027 er det budsjettert med 26,3 mnok i integreringstilskot for flyktningar, mot 27,0 mnok i 2026. Inntekta er rekna ut frå talet på personar som er innanfor den femårige tilskotsperioden. Det vart lagt til grunn busetjing av 30 flyktningar i 2027, i tråd med tidlegarel vedtak om busetjing, samt at det ikkje vert busett nye einslege mindreårige flyktningar. I etterkant av at arbeidet med budsjettal var ferdig, kom oppmodingstalet frå IMDI på 20 flyktningar for komande år. Det inneber at tala må gjennomgåast og tilpassast dette i løpet av 1. tertial 2027.

Sjølv om kommunen planlegg for busetjing i tråd med anmodningstalet, er det ikkje sikkert at så mange vert busette. Dette inneber ein økonomisk risiko, då inntektene frå integreringstilskotet er avhengige av faktisk busetjing. I tillegg skjer mykje av busetjinga ofte seint på året, noko som kan påverke både inntektsnivå og tidsprofilen for utbetalingane.

Integreringstilskotet var frå før venta å vere noko lågare enn i tidlegare år. Nedgangen kjem av at flyktningane er komne ulikt langt i integreringsløpet, noko som påverkar storleiken på tilskotet kommunen mottek. Tilskotet vert gradvis trappa ned gjennom den femårige perioden, slik at kommunen får lågare utbetalingar dess lengre den enkelte flyktningen har vore busett.

Havbruksfond
Havbruksfondet skal sikre at lokalsamfunna som legg til rette for havbruksnæringa får ein del av inntektene som vert generert. Havbruksfondet får sine inntekter frå produksjonsavgift på ca ei krone per kilo for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure. I tillegg får fondet inntekter frå auksjon av nye løyver for oppdrett. Auksjonane vert som hovudregel halde annakvart år (partal). Kommunane der nye konsesjonar kjem får ein større del av det som kjem inn, men òg eksisterande oppdrettskommunar får ein del.

Inntektene til fondet svingar mykje og er utfordrande å budsjettera. Det er derfor innhenta ei analyse av sannsynlege inntekter som er lagt til grunn for budsjettet. I år utan auksjon (2027 og 2029) er det budsjettert ei inntekt på 6,8 MNOK. I år med auksjon (2028 og 2030) er det budsjettert med 18,8 MNOK.

Konsesjonsavgift

I tillegg til konsesjonskraft har kommunen krav på konsesjonsavgift frå vasskraftutbyggingar. Inntekta er vidareført på same nivå i økonomiplanen, dvs 5,2 mnok per år. Kommunen er pålagt å setja heile inntekta inn på kraftfond, og det er restriksjonar på kva fondsmidlane kan nyttast til.

Sentrale utgifter

Beløp i 1000


				Økonomiplan			
	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	Rev. bud. i fjor 2026	2027	2028	2029	2030
Pensjon	87 867	93 178	80 274	86 150	91 958	94 740	96 266
Sum sentrale utgifter	**87 867**	**93 178**	**80 274**	**86 150**	**91 958**	**94 740**	**96 266**

Pensjon

Kvam herad har 3 ulike pensjonsordningar. Statens pensjonskasse for lærarar, KLP sjukepleierordning for sjukepleiarar og KLP fellesordning for resten. Kostnader til pensjon vert berekna av dei ulike pensjonsselskapa.

Kommunen sine rekneskapsmessige pensjonsutgifter består av berekna pensjonskostnad (rekneskapsmessig størrelse), årets premieavvik og tidlegare års (amortisering) premieavvik. I tillegg kjem arbeidsgjevaravgift på pensjon. Det som kommunen faktisk betaler i pensjon er pensjonspremien. Forskjellen på pensjonskostnaden og pensjonspremien vart kalla premieavvik.

Grafen viser utviklinga i kommunen sine rekneskapmessige utgifter til pensjon i perioden 2024 til 2030.



Ekstra bruk av premiefond

I 2027 er det budsjettert med å bruke 63 mnok av premiefondet. Denne ekstraordinære bruken vert gjort fordi kommunen har eit stort premiefond og fordi det vil medføre lågare pensjonskostnader dei neste 7 åra etter bruken. Effekten kjem på det amortiserte premieavviket.

Premiefond

Alle kundar i KLP har eit eige premiefond. Dette er konto for tilbakeført premie og overskudd. Pengane på premiefondet kan brukast til å betale pensjonspremien. Kvam herad har per 01.01.2026 113 mnok på premiefond for hovudordninga i KLP og 4,8 mnok på sjukepleiararordninga.

Netto finansresultat


Grafen syner utviklinga i netto finansresultat i perioden 2020 til 2030. Tala er henta frå tabell § 5-6 Økonomisk oversikt drift. Grafen viser at underskotet på finansområdet vert større og større utover i økonomiplanen. Frå 2024 er det ein tydeleg auke i finanskostnadene. Auke i lån og høgare snittrente gjer at renteutgifter og avdrag på lån veks betydeleg. Høge kraftprisar påverkar utbytta frå Kvam Energi og Eviny. Med bakgrunn i varsla utbytte for 2027, får me ei mellombels betring i netto finansresultat. Framtidsprisane på kraft er imidlertid lågare og det er derfor budsjettert noko lågare utbytte framover i økonomiplanperioden.

Samla viser utviklinga at kommunen får eit stadig større press frå finansområdet i planperioden. Ein større del av dei økonomiske ressursane må nyttast til renter og avdrag, noko som reduserer handlingsrommet til drift og utvikling av tenestene.

Finansresultatet er betra med 16,9 mnok i budsjett 2027 i forhold til tidlegare vedteke ramme for 2027. Utbytte er auka med 27,1 mnok og renteinntekter med 0,5 mnok. Renteutgifter er auka med 9,7 mnok og avdrag med 1 mnok.

I forhold til revidert budsjett 2026 er det ei forbetring på 10 mnok. Forklaringa er her er også knytt til utbytte og renteutgifter.

(I grafen er inntekter vist som positive beløp og utgifter som negative beløp)



Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Opph. bud. i fjor 2026	Rev. bud. i fjor 2026	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Renteinntekter og utbytte	-33 162	-34 500	-43 100	-66 600	-56 200	-41 200	-34 200
Renteutgifter, prov. Og andre fin.utg	61 138	64 000	65 500	77 400	79 100	74 900	71 800
Tap finansielle instrument	778	300	300	300	300	300	300
Avdrag på lån	57 700	58 700	54 000	56 000	57 000	57 000	57 000
Netto finansinntekter/finansutgifter	**86 454**	**88 500**	**76 700**	**67 100**	**80 200**	**91 000**	**94 900**
Finansutgifter i tenesteområda	660	910	880	680	680	680	680
Totale finansutgifter	**87 115**	**89 410**	**77 580**	**67 780**	**80 880**	**91 680**	**95 580**
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0	0	0

Andre tabellar

Tenesteområda

Resten av driftsinntektene og driftsutgiftene til kommunen er fordelt ut på dei 19 ulike tenesteområda. Tabellar og tiltak er vist på det enkelte tenesteområde, men me kan trekke fram nokon av inntektene og utgiftene som er meir overordna.

Kraft: Tabellen under viser resultat og budsjettert resultat på kraft i perioden 2024 til 2030. Auken i forhold til tidlegare vedteke ramme for 2027 er 20 mnok. Frå revidert budsjett 2026 til Budsjett 2027 er det ei forbetring i netto resultat på 16,1 mnok. Kraft er beskrive nærmare i kapittelet Kraftinntekter.

(tal i 1000)	Rek. 2024	Rek. 2025	Rev. Bud. 2026	Budsjett 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Driftsinntekter, Heimfall	-41 952	-48 057	-92 312	114 600	84 700	78 200	81 400
Driftsutgifter, Heimfall	55 426	65 744	130 000	-82 445	-63 316	-56 311	-61 719
Resultat Heimfall	**13 475**	**17 688**	**37 688**	**32 155**	**21 384**	**21 889**	**19 681**
Driftsinntekter, Konsesjonskraft	-9 098	-9 686	-10 325	61 500	48 400	44 700	46 500
Driftsutgifter, Konsesjonsavgift	33 726	37 946	39 500	-10 677	-11 077	-11 577	-11 977
Resultat Konsesjonskraft	**24 628**	**28 260**	**29 175**	**50 823**	**37 323**	**33 123**	**34 523**
Resultat kraft, overskot	**38 103**	**45 948**	**66 863**	**82 978**	**58 707**	**55 012**	**54 204**

Lønnsvekst: Det er sett av 14,2 mnok til lønsoppgjeret i 2027. Heilårsverknaden av lønsoppgjeret er berekna til 25,5,0 mnok frå 2028. Midlane vert fordelte til avdelingane etter at dei sentrale og lokale lønsforhandlingane er gjennomførte.

Verknadstidspunktet for lønsoppgjeret er 1. mai kvart år. I framlegget til statsbudsjett er lønsveksten for 2027 berekna til 4,0 prosent.

Prisvekst: I forslaget til statsbudsjett er kommunal deflator for 2027 berekna til 3,8 prosent. Deflatoren består av 4,0 prosent lønsvekst, 0,5 prosent vekst i pensjonskostnader og 2,9 prosent prisvekst på varer og tenester.

Kvam herad har ikkje lagt inn ei generell prisjustering av driftsrammene til avdelingane tilsvarande forventa prisvekst. Det er derimot gjort budsjettjusteringar for utvalde faste kostnader, i hovudsak lisensar og avtalar som vert indeksregulerte årleg.

I tillegg er det sett av ein prisjusteringspott på 2 mill. kroner. Potten kan fordelast til område der auka prisar på faste kostnader medfører at vedtekne budsjettrammer ikkje er tilstrekkelege.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er **Brutto driftsresultat** fråtrekt **netto finansresultatet** og **Motpost avskrivingar**.

(tal i 1000)	Rek. 2024	Rek. 2025	Rev.bud 2026	Bud. 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Brutto driftsresultat	87 627	50 724	7 026	-42 002	-29 152	-30 978	-43 859
Netto finansutgifter	68 387	86 444	77 580	67 780	80 880	91 680	95 580
Motpost avskrivingar	-67 424	-76 771	-75 679	-71 982	-71 982	-71 982	-71 982
Netto driftsresultat	**88 590**	**60 397**	**8 927**	**-46 203**	**-20 254**	**-11 280**	**-20 261**


Budsjett 2027 viser eit positivt netto driftsresultat på 46,2 mnok. I forhold til tidlegare vedteken 2027-ramme, så er det ein auke på 38,9 mnok. Sett mot revidert budsjett 2026 er det resultatet 55,1 mnok betre i 2027 enn i 2026.

Mykje av forklaringa på at kommunen kan budsjettere med eit positivt netto driftsresultat på 46,2 mnok i 2027 er ekstra kraftinntekter og ekstra utbytte på kraft. Til saman er auken i inntekt på kraft og utbytte på 47,2 mnok.

Utover i økonomiplanen ligg det også an til positive driftsresultat, men resultata er høgst usikre. Det er framleis omfattande innsparingskrav på fleire område, og det er usikkert om desse tiltaka vil bli gjennomført raskt nok og i tilstrekkeleg omfang.

Netto driftsresultat uten kraftrelaterte inntekter

Kvam har store kraftrelaterte inntekter, og desse inntektene kan variere betydeleg frå år til år. Grafen under viser korleis netto driftsresultat ville vore dersom alle kraftinntektene vart haldne utanfor budsjettet. Heilt uten kraft ville kommunen hatt eit stort negativt driftsresultat på 97 mnok i 2027.



Det som er trekt ut er: resultat på heimfallskraft og konsesjonskraft, konsesjonsavgift, utbytte på kraft og budsjettert avsetjing på kraftinntekter.

Disponering eller dekning av netto driftsresultat

Disponering eller dekning av netto driftsresultat syner korleis kommunen disponerer meir- eller mindreforbruket i Netto driftsresultat.

Ved mindreforbruk vert det overført midlar til frie og bundne fond og ved meirforbruk må midlar hentast frå fonda for å syta for at kommunerekneskapen vert gjort opp i balanse i samsvar med kommunelova. Om det vert nytta frie eller bundne fond er avhengig av både rekneskapsreglar og tidlegare vedtak i heradsstyret.

Dei siste åra har kommune tappa disposisjonsfonda for å få rekneskapen i balanse. På grunn av store kraftinntekter er det i 2027 budsjettert med at kommunen kan setje av meir til disposisjonsfond enn det me brukar. Netto avsetjing i 2027 er på 41,8 mnok.

(tal i 1000)	Rek. 2024	Rek. 2025	Rev.bud 2026	Bud. 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030
Overføring til investering	14 440	2 300	4 719	7 275	2 815	2 815	0
Netto bruk/avsetjing av bundne driftsfond	-31 845	2 971	-13 457	-2 864	6 227	5 480	7 687
Netto bruk/avsetjing av disposisjonsfond	-71 185	-65 668	-189	41 792	11 212	2 985	12 574
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	**-88 590**	**-60 397**	**-8 928**	**46 203**	**20 254**	**11 280**	**20 261**

Finansielle måltal og utvikling i planperioden

Finansielle måltal og utvikling i planperioden


Kva krav som vert stilt til finansielle måltal vert bestemt kvart år i samband med arbeidet med økonomiplan og budsjett.

For å få kommuneøkonomien i balanse er det lagt opp til følgjande nøkkeltal i budsjettet:

1. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter skal vera høgare enn 2,0 % innan utgangen av økonomiplanperioden.
2. Lånegjeld (utan lån til vidare utlån) i prosent av driftsinntekter skal ligga under 125 % i heile økonomiplanperioden.
3. Disposisjonsfondet skal vera meir enn 10 % av driftsinntekter ved utgangen av økonomiplanperioden.

Dette erstattar tidlegare måltal, og avvik frå Teknisk beregningsutvalg (TBU) sine tilrådingar for gjeldsgrad (75%), men stemmer med netto driftsresultat og nivået på disposisjons-fond er høgare (TBU - minst 5%).

1. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter skal vera høgare enn 2,0 % innan utgangen av økonomiplanperioden.




Grafen viser at netto driftsresultat i utgangen av økonomiplanperioden er 1,6%, altså under måltalet på 2%.Når eit måltal er lågare enn målet, må det sjåast i samanheng med andre måltal som disposisjonsfond som ligg over.

2. Lånegjeld (utan lån til vidare utlån) i prosent av driftsinntekter skal ligga under 125 % i heile økonomiplanperioden.


Figuren syner utviklinga i lånegjeld for Kvam herad. Tala inkluderer all gjeld unnateke lån til vidare utlån (Husbanken). Alle vedtekne prosjekt, inkludert sjølvkostprosjekt er inkludert og estimert bruk av lån i økonomiplanperioden ligg til grunn.

Kvam herad har eit finansielt måltal som seier at lånegjeld ikkje skal overstige 125 % av driftsinntektene.




Grafen syner at kommunen klarer å halda seg så vidt innanfor nøkkeltalet. Eit slik måltal inneber at om kommunen ynskjer å gjera ytterlagare investeringar, må dei finansierast på andre måtar enn lån eller andre prosjekt må vika eller skyvast i tid.

Langsiktig gjeld uten lån til vidareutlån



Tabellen viser langsiktig gjeld i perioden 2020 til 2030. Dette er grunnlaget for nøkkeltalet over.

3. Disposisjonsfondet skal vera meir enn 10 % av driftsinntekter ved utgangen av økonomiplanperioden




I utgangen av økonomiplanen utgjer estimert disposisjonsfond 15% av budsjetterte driftsinntekter, altså betre enn måltalet på 10%.

Saldo på disposisjonsfond

Disposisjonsfond er kommunen sin "sparekonto". Per 01.01.2026 hadde Kvam herad 120,8 mnok totalt på disposisjonsfond. Dette er ein reduksjon på 66 mnok i forhold til 2025. Tidlegare vedtak seier at kommunen skal setja av heile inntekta frå Havbruksfondet og overskytande kraftinntekter over 15 mnok til disposisjonsfond. Tanken er at desse ekstra inntektene skal setjast av til investeringar, ekstraordinære tiltak og som buffer på drift på dårlege år. I staden har kommunen gjort seg avhengig av store deler av denne inntekta for å finansiere ordinær drift.

Estimert saldo på disposisjonsfonda føreset at kommunen fortsatt får høge inntekter på kraft og Havbruk, innfrir innsparingskrava og klarar å halde foreslått budsjett i økonomiplanen.


Den grøne linja i grafen under viser estimert total saldo på disposisjonsfonda gitt desse føresetningane. Innsparingstiltaka som er lagt inn er ikkje forventa å ha full verknad før på slutten av økonomiplanen.


Saldo og estimert saldo på disposisjonsfond (mill. kr)
300
250
200
150
100
50
0
-50
71
159
252
258
186
121
121
162
174
177
189
Saldo 31.12.20
Saldo 31.12.21
Saldo 31.12.22
Saldo 31.12.23
Saldo 31.12.24
Saldo 31.12.25
Est. saldo 31.12.26
Est. saldo 31.12.27
Est. saldo 31.12.28
Est. saldo 31.12.29
Est. saldo 31.12.30
Disposisjonsfond
Havbruksfond
Disp.fond - ekstra kraftinn.
Kvammabadet KF bufferfond
Mastekompensasjon
Disp.fond totalt

Kraftinntekter

Kraftforvaltning

Kvam herad disponerer årleg ei kraftmengd på 167,5 GWh, av dette er 106,6 GWh heimfallskraft og 60,9 GWh konsesjonskraft. Kraftmengda gjev Kvam herad ein ekstra inntekt som ein middels stor kraftkommune. Kraftmengda vert forvalta etter månadsblokk-modellen, som inneber at volumet er størst om vinteren når forbruket og prisane normalt er høgast. Kvam herad sin uttaksprofil ser slik ut:



Kvam kjøper krafta frå kraftprodusentane til kostpris som vert fastsett på departementsnivå ein gong i året. Prisen for 2027 er enno ikkje fastsett, og budsjettet bygger derfor på ei vidareføring av prisane frå 2026 oppjustert med den kommunale deflatoren. I Budsjettet for 2027 ligg det inne ei kostpris på om lag 17 øre/KWh.

Dersom salsprisen vert høgare enn kostprisen, får kommunen eit overskot som kan nyttast til å dekka deler av kommunen sine utgifter eller setjast av til disposisjonsfond. Dersom salsprisen gjennom året er lågare enn kostprisen vil kommunen tapa pengar på krafthandelen. Tapet må eventuelt dekkast av kommunen sitt disposisjonsfond.

For heimfallskrafta må kommunen betale både grunnrenteskatt og overskotsskatt. Samla utgjer desse skattane til staten om lag 65% av overskotet frå heimfallskrafta. Skatten vert berekna basert på spotpris uavhengig kva salspris kommunen oppnår. For å unngå skatterisiko, vert heimfallskrafta derfor seld i spotmarknaden.

Det er ikkje skatt på konsesjonskrafta og kommunen sit att med heile overskotet. Kommunen har derfor vald å prissikra konsesjonskrafta i framtidsmarknaden for å oppnå sikre inntekter.


Kvam herad nyttar ekstern kraftforvaltar for å handtera salet av krafta.

Kraftmarknaden

Salsprisane både i spot- og framtidsmarknaden svingar mykje. I tillegg til nedbør og etterspørsel i Sør-Noreg vert prisane påverka av tilgangen på ulike energikjelder som vatn, sol, vind, kol, gass og kjernekraft og kraftforbruket i Skandinavia og delar av Nord-Europa. Krig og konfliktar har og stor påverknad på energiprisane og kan forklara mykje av dei høge marknadsprisane me ser i dag.
Dette gjer at kommunen sitt resultat på kraftsal svingar mykje over tid og er utfordrande å budsjettera. Kraftinntektene vert løypande justert med oppdaterte marknadsprisar i samband med framlegginga av tertialrapportar.

Budsjett og økonomiplan


For 2027 er all konsesjonskrafta førehandsseld til ein gjennomsnittleg pris på 1,01 kr/KWh.
Heimfallskrafta vert seld i spot-marknaden, altså til dei prisane som endrar seg kvar dag frå time til time. For å budsjettera desse prisane, vert framtidsprisane i kraftmarknaden lagt til grunn. Prisane i budsjettet er innhenta frå kraftforvaltar i september 2026.



Dei blå søylane syner marknadsprisane per månad. Den oransje linja syner gjennomsnittleg budsjettpris per år.
For 2027 ser kommunen sitt kraftbudsjett slik ut:

Kraft 2027	Heimfalls-kraft	Konsesjons-kraft	Sum
Kraftmengd GWh	106,6	60,9	167,5
Snitt salspris kr/KWh	-1,08	-1,01	-1,05
Salsinntekt MNOK	**-114,6**	**-61,5**	**-176,1**
Kraftkjøp MNOK	16,3	9,3	25,6
Andre utgifter MNOK	2,7	1,2	3,9
Skatter MNOK	63,1		63,1
Resultat MNOK	**-32,5**	**-51**	**-83,5**

Inntekta er ulikt fordelt på dei ulike månadene i året grunna variasjonar i mengd og pris. Kommunen sine inntekter er lågast i sommarmånadene grunna lågt volum og låg pris. Grafen under syner utviklinga over året.




Over økonomiplanperioden er resultat frå kraftsal budsjettert slik:

MNOK	2027	2028	2029	2030
Heimfall	-32,5	-21,7	-19,1	-19,8
Konsesjon	-51,0	-37,4	-33,3	-34,6
Totalt	**-83,5**	**-59,1**	**-52,4**	**-54,4**

Det er utfordrande å finne att desse tala i budsjettet. Dette skuldast at inntekter frå konsesjonskrafta er definert som «salsinntekter», medan inntekter frå heimfallskrafta er definert som «overføringar frå staten». Kjøp av krafta frå produsent, residual, energiledd, grunnrenteskatt, overskotsskatt og andre utgifter er definert som «driftsutgifter». Krafthandelen vert på denne måten innarbeidd i kommunen sin driftsrekneskap og har direkte innverknad på både brutto og netto driftsresultat.

Utviklinga over tid



Som grafen viser, svingar resultatet frå kraftsal mykje. I 2018 og 2019 var prisane «gode» og netto resultat frå kraftsal vart 24,0 og 29,6 MNOK. I 2020 var kraftprisane uvanleg låge, slik at kommunen tapte pengar på heimfall, medan konsesjonskrafta som var seld til fastpris sikra kommunen eit samla overskot på kraftsalet 5,7 MNOK. I 2021 var prisane vurdert som svært høge og resultatet enda på 45,2 MNOK. Krigen i Ukraina førte til historisk høge energiprisar og resultatet frå kraftsal i 2022 vart på heile 106,5 MNOK.
Deretter vart det grunnrenteskatten auka, samstundes som prisane falt noko tilbake. Krig i Midt-Austen har ført til høge energiprisar i 2026 og 2027. Frå og med 2028 forventar marknaden noko reduserte prisar.

Resultatet frå kraftsal har direkte innverknad på kommunen sitt netto driftsresultat og er ein medverkande årsak til at resultatet svingar mykje og er utfordrande å budsjettera.

Prosjekt i økonomiplan

Driftsprosjekt i Kvam herad

Driftsprosjekta er med i rekneskapsrapportane på dei ulike tenesteområda, driftsprosjekta kan ikkje lånefinansierast, og må derfor finansierast med driftsfond eller driftsinntekter. Kvam herad har få driftsprosjekt i forhold til investeringsprosjekt.

Driftsprosjekta vert presentert i eit eige vedlegg, som du finn her.

Investeringsprosjekt i Kvam herad

Kvam herad har ei omfattande prosjektportefølje som favner om mange ulike tenesteområde. Kompleksiteten er stor, og prosjektleiar og styringskompetanse er kritiske faktorar for å levera på tid, kostnad og kvalitet. Oversikt over driftsprosjekt ligg også i dette kapittelet.

Investering er eit eige budsjett og rekneskap.

Prosjekta strekkjer seg gjerne over fleire år og omfattar tidlegare budsjett-/rekneskapsår, medan budsjettrammene vert tildelt årleg. I tabellane under viser totalramma og kva årleg ramme som ligg i åra 2027-2030.

Investeringsprosjekta er i hovudsak lånefinansiert, men kan vere delvis finansiert av salsinntekter, overføringar eller fondsbruk. Investeringar kan finansierast med disposisjonsfond slik som driftsprosjekta.

Investeringsprosjekta er delt på andre investeringar og sjølvkost investeringar. Sidan andre investeringar i stor grad er lånefinansiert påverkar investeringsmengda driftsrekneskapen direkte i form av avdrag og renter. Sjølvkost-prosjekta vert finansiert av brukarane, og påverkar dermed ikkje resten av det kommunale driftsrekneskapen. Det er stort sannsyn for at faktisk investeringsbehov innan både sjølvkost og andre investeringar vert høgare utover i perioden enn det som er lagt inn i budsjettforslaget. Ut frå det økonomiske handlingsrommet og framtidig behov for investeringar i pleie- og omsorgsplassar, må nivået på investeringar vurderast nøye. Nye investeringar bør ikkje føra til netto auke i driftsnivå.

Oversikt over sjølvkost og andre investeringar

Beløp i 1000 kr

Investeringsprogram	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Sum i øk.plan
Andre investeringer	158 868	38 895	37 688	32 988	268 439
Selvkost	66 767	10 400	4 400	4 400	85 967
Totalsum	**225 635**	**49 295**	**42 088**	**37 388**	**354 406**

Nye og endra prosjekt

I tillegg til nye og endringar på eksisterande prosjekt er det og ønske om å tilsette 2 nye prosjektleiarar. Bakgrunnen er kommunedelplanen for vatn og avlaup som viser eit etterslep.

Tiltak, handlingsrom og konsekvensar

Handlingsrommet er avgrensa av både økonomi og kapasitet. Det vil vere nødvendig å prioritere strengt mellom lovpålagde oppgåver, investeringar og lokale utviklingsprosjekt. Skal nye prosjekt inn, må eit anna planlagt prosjekt ut.

I 2027 vil det vere særleg fokus på gjennomføring av dei viktigaste VA-prosjekta som vart vedtekne i hovudplanane i 2026, innføring av vassmålarar og tiltak som reduserer lekkasjar og framtidige driftskostnader. Samstundes står heradet framfor ei svært omfattande investeringsportefølje spesielt innan vatn og avløp, men også noko innan bygg, samferdsle og beredskap. Sjølv om mange av prosjekta er estimert med ein grovare kostnad i hovudplanane for VA, må ein arbeide vidare med desse prosjekta for å kunne leggje fram eit grundigare og meir nøyaktig investeringsestimat som skal inn i årlege budsjett- og prosjekttabellar før gjennomføring.

Særleg innan VA vil dei vedtekne hovudplanane utløyse eit høgt aktivitetsnivå over fleire år, med krav til planlegging, prosjektering, innkjøp, byggeleiing og oppfølging av entreprisar. Auka prosjektkapasitet er nødvendig for å kunne gjennomføre vedtekne tiltak innan fastsette tidsfristar, sikre god prosjektstyring og redusere behovet for kostbar ekstern bistand. I 2027 er det eit forsiktig estimat med underskot på 3000 timar, berre for dei høgast prioriterte prosjekta.Det er difor behov for å styrkje organisasjonen med to prosjektleiar frå 2027. Alderssamansetning til personell i prosjektavdelinga tilseier også at det bør rekrutterast no, då ein kan forvente avgang innan nokre år. To nye prosjektleiarar vil leggje til rette for betre framdrift i investeringsprosjekta, redusere risikoen for forseinkingar og bidra til at kommunen får realisert dei viktigaste investeringane som er nødvendige for å møte framtidige krav og forventningar til tenestene. Ein reduserer også sjanse for reaksjonar/bøter og tilleggskrav frå tilsynsmynde.

Tabellen under viser nye foreslåtte prosjekt i økonomiplanen.

Nye investeringar

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Sum inv.utgiftar i øk.plan
0*Beredskap	2 500	0	0	0	2 500
0*Beredskap VA	500	0	0	0	500
0*Brannsikring kommunale bygg	1 000	0	0	0	1 000
0*Reservevasskilde Skålheim til Fitjadalen	10 000	6 000	0	0	16 000
Overtaking av Kvam bustadstifting	0	0	0	0	32 913
Totalsum	**14 000**	**6 000**	**0**	**0**	**52 913**

Det er foreslått endringar på nokre eksisterande prosjekt. Bakgrunn for endringane kan ein lesa ved å trykka seg innpå kvart enkelt prosjekt i tabellen under.

Endring på prosjektramme

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Sum inv.utgiftar i øk.plan
0*Asfaltering - årleg	6 250	6 250	6 250	6 250	25 000
0*IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg	3 125	3 125	3 125	3 125	12 500
0*IT-investeringar - årlege	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
0*Oppgradering av kummar og leidningsnett i heradet - årleg avlaup	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
0*Oppgradering av kummar og leidningsnett i heradet - årleg vatn	3 500	1 500	1 500	1 500	8 000
0*Reserveforsyning vatn	876	0	0	0	876
0*Vass- og avlaupsleidning frå høgdebasseng på Torpe til Laupsa	9 500	0	0	0	9 500
Husbanklån	20 000	15 000	15 000	15 300	75 000
Totalsum	**46 751**	**29 375**	**29 375**	**29 675**	**144 876**

Prosjekt som er foreslått å bli avslutta til 2027.

Avslutta prosjekt

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Øk.plan 2030	Sum i øk.plan
0*Prosjektering Vassforsyning til Soldal	20	0	0	0	20
Totalsum	**20**	**0**	**0**	**0**	**20**

Investeringstabell for kommunen samla

Finans og fellespostar

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
Andre investeringer					
0*Beredskap	2 500	0	0	0	2 500
Eigenkapital KLP	2 815	2 815	2 815	0	8 445
Sum Andre investeringer	5 315	2 815	2 815	0	10 945
Sum	5 315	2 815	2 815	0	10 945

Administrasjon

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
Andre investeringer					
0*IT-investeringar - årlege	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Sum Andre investeringer	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000
Sum	2 500	2 500	2 500	2 500	10 000

Barnehagar

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
Andre investeringer					
0*Barnehage - inventar og utstyr - årleg	188	188	188	188	750
Sum Andre investeringer	188	188	188	188	750
Sum	188	188	188	188	750

Grunnskuleopplæring

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
Andre investeringer					
0*IKT prosjekt i skule og barnehage - årleg	3 125	3 125	3 125	3 125	12 500
0*Norheimsund skule - uteområde	6 224	0	0	0	6 224
0*Norheimsund skule, moglegstudie	193	0	0	0	193
0*Ombygging Øystese barneskule	96 250	0	0	0	96 250
0*PC til tilsette i skule og bhg - årleg	750	750	750	750	3 000
0*Skule - inventar og utstyr - årleg	188	188	188	188	750
Sum Andre investeringer	106 730	4 062	4 062	4 062	118 917
Sum	106 730	4 062	4 062	4 062	118 917

Pleie og omsorg

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
Andre investeringer					
0*ENØK - Øysteseheimen ventilasjon	0	625	0	0	625
0*ENØK tiltak kommunale bygg - Rokabrekka og Stoppel	1 086	0	0	0	1 086
0*Framtidig utviding av sjukeheimsplassar	1 000	0	0	0	1 000
0*Sansehage Toloheimen	2 941	0	0	0	2 941
0*Sjøvassleidning varmeanlegg Kyrkjefjøra Øystese	3 750	0	0	0	3 750
0*Varmepumper Øysteseheimen	1 875	0	0	0	1 875
0*Velferdteknologi - årleg	750	750	750	750	3 000
Sum Andre investeringer	11 402	1 375	750	750	14 277
Sum	11 402	1 375	750	750	14 277

Vatn og avlaup, avfall og renovasjon

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
Selvkost					
0*Beredskap VA	500	0	0	0	500
0*Fornying teknisk utstyr VAR - årleg	500	500	500	500	2 000
0*Ny vassleidning Mo-Nobbo	2 150	0	0	0	2 150
0*Nytt høgdebasseng Kvamskogen - prosjektering	800	0	0	0	800
0*Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam	1 275	0	0	0	1 275
0*Oppgradering av kummar og leidningsnett i heradet - årleg avlaup	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
0*Oppgradering av kummar og leidningsnett i heradet - årleg vatn	3 500	1 500	1 500	1 500	8 000
0*Oppgradering av reduksjonskummar - årleg	3 500	800	800	800	5 900
0*Oppgradering vassverk - årleg	450	600	600	600	2 250
0*Overføring avlaupsvatn Vikøy	1 341	0	0	0	1 341
0*Prosjektering av reinseanlegg på Tangerås	170	0	0	0	170
0*Prosjektering Nytt inntak frå Forsete og opp i Kalderassen	500	0	0	0	500
0*Prosjektering Vassforsyning til Soldal	20	0	0	0	20
0*Reserveforsyning vatn	876	0	0	0	876
0*Reservevasskilde Skålheim til Fitjadalen	10 000	6 000	0	0	16 000
0*Samankopling Vikøy vassverk - anleggsbidrag	6 700	0	0	0	6 700
0*Samankopling/overtaking Vikøy vassverk	985	0	0	0	985
0*Sanere deler av avløpsnettet i Vikøy	200	0	0	0	200
0*Sanering vass- og avlaupsanlegg Børvenes	26 200	0	0	0	26 200
0*VA-plan Nistagato-Kaien-Straumen	500	0	0	0	500
0*Vass- og avlaupsleidning frå høgdebasseng på Torpe til Laupsa	9 500	0	0	0	9 500
0*Vass- og avlaupsleidning Øvre Valland/Vallandshovden	2 800	0	0	0	2 800
Sum Selvkost	73 467	10 400	4 400	4 400	92 667
Sum	73 467	10 400	4 400	4 400	92 667

Kultur

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
Andre investeringer					
0*Base-camp	1 219	0	0	0	1 219
0*Storeteigen - opprustning	86	0	0	0	86
Sum Andre investeringer	1 305	0	0	0	1 305
Sum	1 305	0	0	0	1 305

Samferdsel

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
Andre investeringer					
0*Asfaltering - årleg	6 250	6 250	6 250	6 250	25 000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
0*Fornying teknisk utstyr - årleg	625	625	625	625	2 500
0*Rassikringstiltak - årleg	1 250	1 250	1 250	1 250	5 000
0*Utbetring kommunale bruer - årleg	313	313	313	313	1 252
0*Utomhusområde rundt Kvam rådhus/KFL-bygget	1 562	0	0	0	1 562
0/1*Rekkverk kommunale vegar - årleg	250	250	250	250	1 000
0/1*Trafikksikringsplan - årleg	250	250	250	250	1 000
Sum Andre investeringer	10 500	8 938	8 938	8 938	37 314
Sum	10 500	8 938	8 938	8 938	37 314

Bustad

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
Investeringsprosjekter	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**	**2027-30**
Andre investeringer					
0*Brannsikring kommunale bygg	1 000	0	0	0	1 000
0*ENØK - Oppgradering eksisterande ventilasjon Mikkjelsflaten	0	582	0	0	582
0*ENØK tiltak kommunale bygg - Hatlevegen	2 500	0	0	0	2 500
0*Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg	150	0	0	0	150
0*Oppgradering bygg -årleg	2 500	1 250	1 250	1 250	6 250
Eigedomskjøp	5 000	5 000	5 000	0	15 000
Husbanklån	30 000	15 000	15 000	15 000	75 000
Overtaking av Kvam bustadstifting	32 913	0	0	0	32 913
Sum Andre investeringer	74 063	21 832	21 250	16 250	133 395
Sum	74 063	21 832	21 250	16 250	133 395

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2027	**2028**	**2029**	**2030**
Investeringer i varige driftsmidler	252 655	34 295	27 088	22 088
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	2 815	2 815	2 815	0
Utlån av egne midler	30 000	15 000	15 000	15 000
Avdrag på lån	4 500	2 500	2 500	2 500
Sum finansieringsbehov	**289 970**	**54 610**	**47 403**	**39 588**
Kompensasjon for merverdiavgift	-28 255	-3 779	-3 538	-3 538
Tilskudd fra andre	-16 869	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-4 968	-2 668	-2 668	-2 668
Bruk av lån	-220 125	-45 516	-38 550	-33 850
Overføring fra drift	-7 275	-2 815	-2 815	0
Bruk av bundne investeringsfond	-12 946	-300	-300	0
Avsetninger til ubundet investeringsfond	5 468	5 468	5 468	468
Bruk av ubundet investeringsfond	-5 000	-5 000	-5 000	0
Sum finansiering	**-289 970**	**-54 610**	**-47 403**	**-39 588**
Sum finansieringsbehov	**289 970**	**54 610**	**47 403**	**39 588**
Sum finansiering	**-289 970**	**-54 610**	**-47 403**	**-39 588**
Udekt finansiering	**0**	**0**	**0**	**0**

Samfunnsutvikling

Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel

Ein kommune har ei rekkje roller å ivareta:

- kommunen skal vere ein samfunnsutviklar,
- ein tenesteytar,
- ein ressursforvaltar
- og ein arbeidsgjevar.

Retningslinjene for rolla som samfunnsutviklar ligg i kommuneplanen sin samfunnsdel. Den igjen legg føringar for andre planar som kommunen sin arealplan, temavise kommunedelplanar og kva for prioriteringar kommunen skal ha i planperioden.

Planane til kommunen er viktige verktøy for styring. Dei skal bidra til å samordna ressursane våre. På same tid skal planarbeidet gje eit godt grunnlag for politisk og administrativ styring. Gjennom ein planprosess kartlegg me utfordringar og moglegheiter. Innbyggarane/brukarane sine ønske og behov skal vera vektlagt. Svara våre på dette vil liggja til grunn for korleis me prioriterer i åra som kjem. 2026 har vorte nytta til å hent inn innspel til samfunnsplan og laga framlegg til ny samfunnsplan. Framlegget er klart til politisk handsaming, og skal deretter ut på offentleg høyring før endeleg handsaming av Kvam heradsstyre. Når ein plan er vedteken av heradsstyret, er det administrasjonen sitt ansvar å sørga for at planen blir teken med vidare i prosessane rundt økonomiplan med årsbudsjett og verksemdsplanlegging, slik at tiltaka i planen blir gjennomført.

Inntil ny samfunnsplan er vedteken, vert framlegg til budsjett og økonomiplan basert på gjeldande samfunnsplan.

Gjeldande visjon

Å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future.

Kvam herad har som visjon å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future. Slagordet ut frå visjonen er «Framtida er her». Dei samfunna som klarar å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier innovatørar, set pris på kreativitet og fremmar det særeigne. Dette gjev oss fire underbyggjande faktorar:

Talent - Toleranse – Trivsel – Teknologiutnytting

Gjeldande mål og tiltak

Hovudmålet til Kvam herad er: *Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen.*

Kvam må vidareutvikla regionsenteret i samspel med lokal- og nærsentra for å vera ei motvekt og eit attraktivt alternativ til sentralisering. Kommuneplanen set langsiktige mål og strategiar for heile Kvammasamfunnet, Kvam herad sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon.

For å nå måla, er det valt fylgjande satsningsområde:

- Stadutvikling

- Bustad
- Infrastruktur og kommunikasjon
- Verdiskaping gjennom samarbeid
- Livskvalitet

Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik og beredskap vil framleis vera eit viktig utviklingsområde for heradet i komande planperioden 2027–2030. Eit meir samansett risiko- og trusselbilete, med klimaendringar, ekstremvêr, auka trusselnivå for digitale hendingar, bortfall av kritisk infrastruktur, pandemi, tryggleikspolitiske spenningar og krig i Europa, stiller aukande krav til kommunen si evne til å førebyggja, handtera og gjenoppretta normal drift etter uønska hendingar.

Kommunen har eit grunnleggjande ansvar for å verna liv og helse, oppretthalda kritiske samfunnsfunksjonar og bidra til trygge og robuste lokalsamfunn. Dette ansvaret gjeld både i fredstid, ved alvorlege kriser og i ein eventuell krigs- eller beredskapssituasjon. Nasjonale styresmakter peikar på at kommunane stadig får ei viktigare rolle i totalforsvaret og den sivile beredskapen

Kommunen si rolle i totalforsvaret

Gjennom Totalforsvarsmeldinga og oppfølginga av Totalberedskapskommisjonen har staten varsla ei vidare styrking av den sivile beredskapen. Kommunane vert løfta fram som sentrale aktørar i totalforsvaret, med ansvar for å oppretthalda grunnleggjande tenester, verna liv og helse og støtta opp om nasjonale beredskapstiltak ved alvorlege kriser og i ein eventuell krigs- eller konfliktsituasjon.

Dette inneber aukande forventningar til kommunane innan heilskapleg risiko- og sårbarheitsarbeid (ROS), beredskapsplanlegging, helseberedskap, forsyningstryggleik, informasjonstryggleik og digital motstandskraft. Samstundes må kommunane vera førebudde på å handtera langvarige hendingar med bortfall av straum, elektronisk kommunikasjon (ekom), digitale tenester og andre kritiske samfunnsfunksjonar.

Utviklinga i det tryggleikspolitiske biletet stiller òg større krav til kommunen si evne til å halda ut og vera sjølvberga over tid. Kommunane må planleggja for å kunna oppretthalda kritiske tenester under ekstraordinære forhold, mellom anna innan helse og omsorg, barnehage og skule,vassforsyning, avløp, forsyning av nødvendige varer og tenester, reservekraft og informasjonshandtering.

Det vert vidare lagt til grunn at kommunane skal kunna støtta nasjonale styresmakter og Forsvaret ved alvorlege kriser og krig. Aktuelle oppgåver kan vera vertskommuneroller knytt til militær aktivitet, mottak og ivaretaking av evakuerte og fordrivne, støtte til situasjonsforståing og samordning av lokale ressursar. Dette føreset oppdaterte planar, tydelege ansvarsforhold og tett samhandling med statlege myndigheiter, nabokommunar, næringsliv og frivillige organisasjonar.

Samtidig har Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap styrkt tilrådinga om eigenberedskap i befolkninga. Målet er at innbyggjarane skal kunna klara seg sjølve i minst éi veke ved bortfall av sentrale samfunnsfunksjonar. God eigenberedskap styrkjer den samla motstandskrafta i samfunnet og gjev kommunen betre høve til å prioritera ressursane til dei som treng hjelp mest.

Næringslivet spelar ei viktig rolle i den samla beredskapen i kommunen. God eigeberedskap i næringslivet er ein viktig faktor i totalforsvaret. Verksemder og bedrifter bør ha planar for å handtera

bortfall av straum, elektronisk kommunikasjon, IKT-system, transport og forsyningar, slik at dei kan oppretthalda kritiske funksjonar og redusera konsekvensane av uønskte hendingar. Ei god eigenberedskap i næringslivet styrkjer motstandskrafta i lokalsamfunnet, bidreg til tryggare arbeidsplassar og aukar evna til å støtta kommunen og innbyggjarane ved kriser og ekstraordinære hendingar. Samarbeid mellom kommunen, næringslivet og andre beredskapsaktørar vil vera viktig for å byggja eit meir robust og uthaldande lokalsamfunn.

For Kvam herad inneber dette at arbeidet med totalforsvaret må halda fram i planperioden. Det handlar både om å styrkja den kommunale beredskapsevna og om å vidareutvikla samvirket med regionale og lokale beredskapsaktørar. Her har beredskapsrådet ein viktig viktig funksjon. Eit robust og koordinert beredskapsråd, bygd på samarbeid, øving og felles situasjonsforståing, vil vera avgjerande for å møta framtidige utfordringar på ein god måte.

Beredskapsarbeid i Kvam herad

Kvam herad har dei siste åra styrkt det systematiske arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap gjennom oppdatering av heilskapleg ROS-analyse, revidering av overordna beredskapsplan, etablering av årlege øvingsplanar og vidareutvikling av samarbeid med eksterne aktørar.

Den heilskaplege ROS-analysen og den overordna beredskapsplanen dannar grunnlaget for kommunen sitt beredskapsarbeid. Arbeidet skal sikra at organisasjonen har nødvendig oversikt over lokale risikoar og sårbarheiter, og at kommunen er best mogleg førebudd på å handtera uønskte hendingar.

I planperioden vil kommunen vidareføra arbeidet med å styrkja eigenberedskapen og robustheita i samfunnskritiske tenester. Det vil òg vera viktig å vidareutvikla kompetansen i organisasjonen og sikra at beredskapsarbeidet er godt forankra i alle sektorar.

Øving, trening og læring

Nasjonale styresmakter har tydeleggjort forventningane om at kommunane skal øva regelmessig og byggja kompetanse innan krisehandtering. Øvingar er eit av dei viktigaste verkemidla for å utvikla beredskapsevna og avdekkja forbetringsområde før ei reell hending oppstår.

Kvam herad vil vidareføra arbeidet med årlege øvingar for kommunal kriseleiing og sektorane. Øvingane tek utganspunkt i scenario frå heilskapleg ROS-analyse for kommunen. Mellom anna vil ein leggja vekt på scenario om bortfall av straum og elektronisk kommunikasjon, som raskt kan få store konsekvensar for kommunen si evne til å levera tenester og informera innbyggjarane.

Kommunen vil òg delta i nasjonale og regionale initiativ som har som mål å styrkja den samla beredskapsevna i offentleg sektor.

Samarbeid og regional samordning

Ingen kommune kan handtera alle typar kriser åleine. Evna til samhandling og gjensidig støtte er avgjerande for å skapa robuste lokalsamfunn.

Kvam herad deltek aktivt i regionalt beredskapsforum og samarbeider tett med ulike samvirkeaktørar. Gjennom slike samarbeidsarenaer vert det bygd nettverk, felles situasjonsforståing og kunnskap som er avgjerande når alvorlege hendingar oppstår.

I åra framover vert det viktig å vidareutvikla regionalt samarbeid innan planlegging, ressursdeling, øving og krisehandtering. Nabokommunane utgjer viktige støtteressursar for kvarandre ved langvarige eller omfattande hendingar, og eit godt samvirke styrkjer den samla beredskapen i regionen.


Informasjon til innbyggjarane

God informasjon er ein sentral del av samfunnstryggleiken. Innbyggjarane må vita kvar dei finn påliteleg informasjon både i kvardagen og under kriser.

Kvam herad arbeider aktivt med informasjon om beredskap og eigenberedskap. Ved uønskte hendingar vil kommunen si heimeside vera ein sentral kanal for oppdatert og kvalitetssikra informasjon. På heimesida finn innbyggjarane informasjon om mellom anna eigenberedskap, psykisk beredskap og informasjonspunkt. Informasjonspunkt er ein viktig del av kommunen sitt beredskapssystem og skal bidra til at innbyggjarar og kan få offisiell kriseinformasjon og hjelp til å få kontakt med naudetatane om heile kommunen er utan straum, fungerande mobilnett og internett.

Innbyggjarar kan møta heradet på fylgjande stader:

- Rådhuset i Norheimsund – Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund
- Strandebarm omsorg – Tangeråsneset 25, 5630 Strandebarm
- Elkem Bjølvefossen (hovudinngangen) – Ålvikvegen 1055, 5614 Ålvik



Kommunen vil i økonomiplanperioden halda fram med å styrkja innbyggjarane si medvit om eigenberedskap. God eigenberedskap hos innbyggjarane aukar motstandskrafta i samfunnet og gjev kommunen betre høve til å prioritera ressursane der behova er størst.

Beredskap kostar

Auka forventningar til kommunane innan samfunnstryggleik og beredskap medfører òg auka ressursbehov. Arbeidet krev investeringar i kompetanse, planverk, øvingar, samarbeid, tekniske løysingar, reservekapasitet og beredskapsressursar.

Sjølv om staten i aukande grad understrekar den sentrale rolla kommunane har i totalforsvaret, er finansieringa av fleire av dei nye forventningane framleis uklar. Kommunane må i fleire tilfelle etablera løysingar og beredskapstiltak utan at det følgjer midlar med oppgåvene.

Rådmannen vurderer at det framleis er behov for tydelegare nasjonale avklaringar knytt til finansiering, ansvarsdeling og konkrete krav innan mellom anna forsyningstryggleik, beredskapslager, kritisk infrastruktur, tilfluktsrom og sivil støtte til totalforsvaret.

Oppsummering

Kvam herad har dei siste åra styrkt arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap gjennom oppdaterte planar, risikoanalysar, øvingar og samarbeid med sentrale aktørar. Kommunen står betre rusta enn tidlegare til å møta eit meir krevjande risiko- og trusselbilete.

Samtidig vil dei komande åra krevja eit vidare målretta arbeid med å styrkja motstandskrafta, uthaldet og samhandlinga både internt i organisasjonen og saman med andre aktørar. Vidareutviklinga av totalforsvaret, regionalt samarbeid, øvingar og kompetansebygging vil vera avgjerande for å sikra at Kvam herad kan ivareta innbyggjarane og oppretthalda kritiske tenester også under framtidige kriser og ekstraordinære hendingar.

Organisasjon

Rekruttera og behalda kompetanse

Kommunen står ei tid med betydelege økonomiske og demografiske utfordringar. Kommunen si evne til å gjennomføra naudsynte endringar vil vera ein avgjerande faktor i planperioden. Strammare økonomiske rammer, demografiske endringar og aukande krav til tenestene inneber at organisasjonen må ha tilstrekkeleg endringskapasitet til å utvikla og tilpassa drifta. Endringskapasitet handlar både om tilgang på kompetanse, kapasitet hos leiarar og medarbeidarar til å ta i bruk nye arbeidsformer, teknologi og organisatoriske løysingar.

Kunstig intelligens representerer ikkje berre eit nytt digitalt verktøy, men eit potensial for grunnleggjande endring av korleis kommunen løyser oppgåvene sine. I ein situasjon med aukande tenestebehov og avgrensa tilgang på arbeidskraft, vil teknologi vera ein viktig del av løysinga. Kommunen må difor aktivt vurdera korleis kunstig intelligens kan takast i bruk for å effektivisera arbeidsprosessar og frigjera kapasitet til oppgåver som krev menneskeleg innsikt. Dette vil vera ein sentral del av arbeidet med å sikra berekraftige tenester og nok arbeidskraft framover.

I møte med økonomiske utfordringar og endra tenestebehov må kommunen ha evne til å omstilla seg raskt og målretta. Samstundes skal endringane gjennomførast i tråd med grunnleggjande demokratiske prinsipp og krav til medverknad. Kommunesektoren er kjenneteikna av omfattande involvering av politiske organ, tillitsvalde, verneteneste og medarbeidarar, noko som er ein styrke, men som også stiller krav til planlegging og gjennomføring av omstillingsarbeidet. Kommunen må difor byggja både endringskapasitet og kompetanse til å gjennomføra komplekse omstillingsprosessar på ein måte som sikrar tillit, forankring og legitimitet hos alle involverte partar.


Ei av utfordringane i omstillingsprosessar er å gjennomføra omstillingstiltak samstundes som høgt arbeidspress, vakansar eller mangel på kompetanse kan føra til redusert gjennomføringsevne. Det er den klassiske diskusjonen om kvar fokuset skal vera: på dagleg drift eller på utviklingsarbeid. Me lyt ha fokus på begge deler for å sikra at kommunen både leverer stabil drift og har tilstrekkeleg endringskraft til å gjennomføra naudsynte omstillingar.

Dette inneber at framtidige behov ikkje kan møtast berre gjennom nyrekruttering. Minst like viktig vert evna til omstilling og utvikling av organisasjonen. Kommunen må i aukande grad ta i bruk eksisterande kompetanse på nye måtar, leggja til rette for tverrfagleg samarbeid, ny teknologi og meir effektive arbeidsprosessar. Medarbeidarar og leiarar må vera førebudde på endringar i oppgåver, organisering og arbeidsformer.

For å møta desse utfordringane vil kommunen arbeida målretta med endringskapasiteten i organisasjonen. Dette inneber leiarar som kan driva omstillingsprosessar, medarbeidarar med evne og vilje til læring og utvikling, robuste fagmiljø, god prosjektkompetanse og fokus på gevinstrealisering. Endringskapasitet handlar også om å kunna gjennomføra demokratiske prosessar med nødvendig involvering. Kommunen må difor prioritera ressursar til både drift, utviklingsarbeid og organisasjonsutvikling.

Organisering


Kvam herad hadde 932 tilsette ved 2. tertialrapportering i 2026. Tabellen nedanfor viser utviklinga i talet på tilsette og utførte årsverk frå august 2025 – august 2026:



Tab. 1: Tal tilsette og utførte årsverk siste 12 månader. Kjelde: Visma BI-HRM

Tabellen viser ein tydeleg nedgang i talet på tilsette frå 999 i august 2025 til 932 i august 2026. Tilsvarande har talet på utførte årsverk vorte redusert frå 777 til 723 i same periode. Utviklinga speglar dei tilpassingane som allereie er gjennomførte for å møta kommunen sine økonomiske rammevilkår. Med dei innsparingskrava som ligg til grunn i økonomiplanen vil det vera nødvendig å vidareføra denne utviklinga gjennom 2027 for å sikra berekraftig drift.

Organisasjonskart



Arbeidsgjevarpolitikk

Arbeidsgjevarpolitikken utgjer eit felles verdigrunnlag for alle som arbeider i Kvam herad. Leiarar har eit særskilt ansvar, ei plikt, men også eit handlingsrom for å påverka og nå mål saman med medarbeidarane sine. Godt leiarskap heng tett saman med godt medarbeidarskap og i Kvam herad vil me at leiarane er:

- Meistringsorienterte
- Innovatørar
- Effektjegarar

Godt leiarskap er avgjerande for å levera gode tenester til innbyggjarane. Leiarar skal leggja til rette for meistring, innovasjon og kontinuerleg forbetring gjennom m.a. å setja mål og jakta effektar som gir verdi for brukarane.

Medarbeidarar i Kvam herad vil verta kjenneteikna av at dei er:

- Profesjonelle
- Innovatørar
- Lagspelarar

Godt medarbeidarskap handlar om å spela kvarandre gode. Ved å utføra arbeidsoppgåvene ansvarsfullt og profesjonelt, tenkja kva som har verdi for brukaren og arbeida med kontinuerleg forbetring, vil me skapa god tenestekvalitet. Kommunen treng tilsette som tenkjer nytt gjennom å foreslå nye løysingar, vera opne for endringar, dela og auka kompetansen sin og samarbeida tverrfagleg.

Medarbeidarundersøking – «10-faktor»

Annakvart år vert det gjennomført medarbeidarundersøkingar i heile organisasjonen. Kvam herad nyttar KS si undersøking «10 faktor». Undersøkinga er gjennomført fem gonger; i 2017, 2019, 2021 og 2023 og januar 2026. Neste gong undersøkinga skal gjennomførast er i 2028.

Undersøkinga måler faktorar som vert sett på som avgjerande for at organisasjonen skal oppnå gode resultat og er basert på 10 innsatsfaktorar som det er mogleg å påverka for å utvikla godt leiarskap og eit godt arbeidsmiljø. Undersøkinga er orientert både mot medarbeidar- og leiarskap og legg spesiell vekt på meistring, motivasjon og bruk av kompetanse. Det er utarbeidd eit oppfølgingssystem som arbeidsplassane skal nytta for å følgja opp resultata. Kompetansefaktoren er den faktoren som tilsette oftast skårar lågast. Det er eit positivt signal om at tilsette ynskjer at det blir lagt til rette for kompetanseheving i tråd med endringar i krav og forventningar til jobben som skal utførast.

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
f. Campingvogn/vallavogn/husvogn (søknadsplikt)		7 450,0	7 735,0	285,0	3,8%	↗
g. Tilbygg til campingvogn (som f.eks. spikertelt)		7 450,0	7 735,0	285,0	3,8%	↗
h. Campinghytter		11 920,0	12 375,0	455,0	3,8%	↗

16. Godkjenning av plassering av midlertidige anlegg, Pbl §20-1 j

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Midlertidige byggverk, konstruksjonar og anlegg med varigheit inntil 2 år		22 350,0	23 200,0	850,0	3,8%	↗

17. Anlegg av veg eller parkeringsplass, Pbl §20-1 l

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Mindre parkeringsplassar, inntil 10 bilar		11 920,0	12 375,0	455,0	3,8%	↗
b. Større parkeringsplassar		14 900,0	15 465,0	565,0	3,8%	↗
c. Parkeringshus/anlegg		14 900,0	15 465,0	565,0	3,8%	↗
d. Gangbruer (i tillegg til gangveg)		10 430,0	10 825,0	395,0	3,8%	↗
e. Køyrebruer (i tillegg til veganlegg)		14 900,0	15 465,0	565,0	3,8%	↗
f. Veganlegg/gangveg		14 900,0	15 465,0	565,0	3,8%	↗
g. For tiltak ikkje avklart gjennom godkjent reguleringsplan eller bebyggelsesplan vert det rekna eit tillegg på 50% på gebyra under pkt.17 a-f		bereknast	bereknast			

18. Delingssøknad, Pbl §20-1 m

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Oppretting/endring av eigedom etter pbl. § 20-1 m der grenser er fastsett i reguleringsplan		7 450,0	7 735,0	285,0	3,8%	↗
b. Oppretting/endring av eigedom etter pbl. § 20-1 m der grenser ikkje er fastsett i plan		14 900,0	15 465,0	565,0	3,8%	↗
c. Delingssak pbl. § 20-1 m - melding til søkar om tilleggsdokument/mangelbrev		2 235,0	2 320,0	85,0	3,8%	↗

a. Oppretting/endring av eigedom etter pbl. § 20-1 m der grenser er fastsett i reguleringsplan

Det skal sendast inn ein søknad per tomt. Det vert fakturert for ein tomt per søknad. Søknader med fleire tomter i same søknad vert send i retur for oppdeling til ein søknad per bruksnummer.

b. Oppretting/endring av eigedom etter pbl. § 20-1 m der grenser ikkje er fastsett i plan

Det skal sendast inn ein søknad per tomt. Det vert fakturert for ein tomt per søknad. Søknader med fleire tomter i same søknad vert send i retur for oppdeling til ein søknad per bruksnummer.

19. Sletting av klausular

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Sletting av klausular/hefter		7 450,0	7 735,0	285,0	3,8%	↗

Gebyr etter matrikkellova

20. Oppretting av matrikkeleining/grunneigedom/festegrunn/eksisterande umatrikulert grunn/punktfeste

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Gebyr pr. tomt areal 0 - 250 m2	pr. tomt	22 680,0	23 540,0	860,0	3,8%	↗
b. Gebyr pr tomt med areal 250 m² og opp til 2000 m2 (tilegg: pluss timepris for markarbeid over 7,5 timar)	pr. tomt	32 130,0	33 350,0	1 220,0	3,8%	↗
c. Gebyr pr. tomt areal frå 2001 m2 (tilegg: pluss timepris for markarbeid over 7,5 timar)	pr. tomt	37 800,0	39 235,0	1 435,0	3,8%	↗
d. Rabatt frå og med tomt 2, når oppmåling skjer i samanheng same dag	pr. tomt		20%			
e. Punktfeste der markarbeid ikkje er naudsynt	pr. punktfeste	7 560,0	7 850,0	290,0	3,8%	↗
f. Punktfeste med markarbeid	pr. punktfeste	18 900,0	19 620,0	720,0	3,8%	↗
g. Dersom det i saka tilfell kommunen eit vesentleg meirarbeid og auka kostnadar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid jf. Pkt 1		Bereknast	Bereknast			

21. Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Areal til 0 - 1000 m²		18 900,0	19 620,0	720,0	3,8%	↗
b. Areal til 1001 - 2000 m²		22 680,0	23 540,0	860,0	3,8%	↗
c. Areal over 2000 m²	pr. påbegynt 100 m2	500	520			

a. Areal til 0 - 1000 m²

Gebyr for oppmåling av uteareal pr. teig. Ein seksjon kan ha fleire teigar.

b. Areal til 1001 - 2000 m²

Gebyr for oppmåling av uteareal pr. teig. Ein seksjon kan ha fleire teigar.

c. Areal over 2000 m²

Gebyr for oppmåling av uteareal pr. teig. Ein seksjon kan ha fleire teigar.

22. Oppretting av anleggseigedom

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Volum frå 0 - 2000 m3		37 800,0	39 235,0	1 435,0	3,8%	↗

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
b. Over 2000 m3	pr. påbegynt 500 m2	5 000,0	5 190,0	190,0	3,8%	↗
c. Dersom det i saka tilfell kommunen eit vesentleg meirarbeid og auka kostnadar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid jf. Pkt 1		bereknast	bereknast			

23. Registrering av jordsameige

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid, jf. pkt. 1		bereknast	bereknast			

24. Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Ved fullført oppmålingsforretning innan 3 års fristen + tillegg i punkt 24b		11 340,0	11 770,0	430,0	3,8%	↗
b. Gebyr for gjennomføring av oppmålingsforretning jf. punkt 20, 21, 22		bereknast	bereknast			

25. Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før den er fullført, vert fakturert med 1/3 av opphavleg gebyr utan markarbeid og 2/3 vert fakturert ved markarbeid		bereknast	bereknast			

26. Gebyr for matrikulering utan oppmåling

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Gebyr for matrikulering utan oppmåling, jf. matrikkellova § 10 4. ledd a-c		7 560,0	7 850,0	290,0	3,8%	↗
b. Dersom det i saka tilfell kommunen eit vesentleg meirarbeid og auka kostnadar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid jf. Pkt 1		Bereknast	Bereknast			

27. Grensejustering og mindre tilleggsareal. Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Grensejustering		15 120,0	15 695,0	575,0	3,8%	↗
b. Tosidig grensejustering (byte av areal)		22 680,0	23 540,0	860,0	3,8%	↗

28. Arealoverføring. Grunneigedom , festegrunn og jordsameige

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Areal frå 0 - 2000 m²		26 460,0	27 465,0	1 005,0	3,8%	↗
b. Areal over 2001 m²	pr. påbegynte 100 m2	500,0	520,0	20,0	4,0%	↗
c. Dersom det i saka tilfell kommunen eit vesentleg meirarbeid og auka kostnadar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid jf. Pkt 1		bereknast	bereknast			
d. Rabatt for arealoverføringar, når oppmåling skjer i samanheng same dag pr arealoverføring			20 %			

a. Areal frå 0 - 2000 m²

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

b. Areal over 2001 m²

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

c. Dersom det i saka tilfell kommunen eit vesentleg meirarbeid og auka kostnadar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid jf. Pkt 1

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

29. Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. For inntil 4 punkt (markarbeid og/eller kontorarbeid)		11 340,0	11 770,0	430,0	3,8%	↗
b. For overskytande grensepunkt, pr. punkt	pr. punkt	945,0	980,0	35,0	3,7%	↗
c. Dersom det i saka tilfell kommunen eit vesentleg meirarbeid og auka kostnadar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid jf. Pkt 1		Bereknast	Bereknast			

30. Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheitar.

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. For inntil 2 punkt		22 680,0	16 000,0	-6 680,0	-29,5%	↘
b. For overskytande grensepunkt, pr. punkt	pr. punkt	2 835,0	2 835,0	0,0	0,0%	↘
c. Dersom det i saka tilfell kommunen eit vesentleg meirarbeid og auka kostnadar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid jf. Pkt 1		bereknast	bereknast			

31. Privat grenseavtale

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Minstegebyr(Fakturering etter medgått tid)		7 560,0	7 850,0	290,0	3,8%	↗
b. Dersom det i saka tilfell kommunen eit vesentleg meirarbeid og auka kostnadar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid jf. Pkt 1		bereknast	bereknast			

32. Teknisk grensepåvisning

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Teknisk grensepåvising (ingen oppmålingsforretning, ikkje nedsetting av grensemerker)		5 670,00	5 885,00	215,00	3,79%	↗

Gebyr etter lov om eigarseksjonar

I forbindelse med seksjonering skal/kan det betalast gebyr for oppmålingsforretning, matrikkelbrev og tinglysingsgebyr 585 kr (for papirbasert innsending)

33. Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom (Lov om eigarseksjonar §7).

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Seksjonering av nybygg 2 - 4 seksjonar		13 700,0	14 220,0	520,0	3,8%	↗
b. Seksjonering av nygbygg 5 - 10 seksjonar		19 180,0	19 910,0	730,0	3,8%	↗
c. Seksjonering av nybygg frå seksjon 11 - tillegg pr. seksjon		685,0	710,0	25,0	3,6%	↗
d. Seksjonering av eksisterande 2 - 4 seksjonar		16 440,0	17 065,0	625,0	3,8%	↗
e. Seksjonering av eksisterande bygg 5 - 10 seksjonar		19 180,0	19 910,0	730,0	3,8%	↗
f. Seksjonering av eksisterande bygg frå seksjon 11 - tillegg pr. seksjon		685,0	710,0	25,0	3,6%	↗
g. Reseksjonering av 2 - 4 seksjonar		13 700,0	14 220,0	520,0	3,8%	↗
h. Reseksjonering 5 - 10 seksjonar		20 550,0	21 330,0	780,0	3,8%	↗
i. Reseksjonering frå seksjon 11 - tillegg pr. seksjon		1 096,0	1 140,0	44,0	4,0%	↗
j. Sletting av seksjon		4 110,0	4 265,0	155,0	3,8%	↗
k. Tilleggsgebyr for utarbeiding av matrikkelbrev som del av ein seksjon utan markarbeid		25%	25%			
l. Dersom det i saka tilfell kommunen eit vesentleg meirarbeid og auka kostnadar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid jf. Pkt 1		bereknast	bereknast			

Gebyr etter ureiningslova-/forskrift

34. Forureining bygg og anlegg

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Opprydding i ureina grunn ved byggje- og gravearbeid (kap 2 i forskrifta). Gebyr fakturerast etter medgått tid, jf. pkt. 1		bereknast	bereknast			

35. Utsleppsløyve

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Basisgebyr nytt utsleppsløyve, 0 - 50 pe		13 320,0	13 825,0	505,0	3,8%	↗
b. Basisgebyr nytt utsleppsløyve, 51 - 1000 pe (ferskvatn/elv)/ 5000 pe (sjø)		35 520,0	36 870,0	1 350,0	3,8%	↗
c. Basisgebyr nytt utsleppsløyve, 1001 - 2000 pe (ferskvatn/elv)/ 10.000 pe (sjø)		37 000,0	38 405,0	1 405,0	3,8%	↗
d. Fast tilleggsgebyr for mangelfull sak/tilleggsdokumentasjon, pr. søknad		2 960,0	3 075,0	115,0	3,9%	↗
e. Sak som vert avslutta utan realitetsvedtak - dokumentregistrering utført		1 480,0	1 535,0	55,0	3,7%	↗
f. Sak som vert avslutta utan realitetsvedtak - sakshandsaming påbegynt		4 440,0	4 610,0	170,0	3,8%	↗
g. Søknad om endring av utslepp		50% av basisgebyr etter storle	50% av basisgebyr etter storle			
h. Årsgebyr for tilsyn av separate avløpsanlegg, pr. bueining		310,5	320,0	9,5	3,1%	·

36. Kontrollsaker

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
a. Basisgebyr nytt utsleppsløyve, 0 - 50 pe		3 256,1	3 380,0	123,9	3,8%	↗
b. Basisgebyr nytt utsleppsløyve, 51 - 1000 pe (ferskvatn/elv)/ 5000 pe (sjø)		4 870,7	5 055,0	184,3	3,8%	↗
c. Basisgebyr nytt utsleppsløyve, 1001 - 2000 pe (ferskvatn/elv)/ 10.000 pe (sjø)		6 498,8	6 745,0	246,2	3,8%	↗
d. Anlegg > 2001 pe (ferskvatn/elv)/ 10.001 pe (sjø) vert fakturert etter minstegebyr pluss tillegg for medgått tid, jf. Pkt 1.		8 155,8	8 465,0	309,2	3,8%	↗

Gebyr etter hamne- og farvasslova

37. Løyve etter hamne og farvasslova

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
Søknad om tillatelse etter hamne- og farvasslova, jf. §§1, 27, 28, 29		7 450,0	7 735,0	285,0	3,8%	↗

Gebyr etter plan og bygningslova - plansaker

1. Plansaker etter plan og bygningslov

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
Avvist planinitiativ		16 900,0	17 545,0	645,0	3,8%	↗
Feil i digitalt filer ved innsending av plan		8 450,0	8 770,0	320,0	3,8%	↗
Full endring av reguleringsplan		169 000,0	175 420,0	6 420,0	3,8%	↗
Full endring av reguleringsplan med konsekvensutgreiing		253 500,0	263 135,0	9 635,0	3,8%	↗
Gjennomgang av planinitiativ		16 900,0	17 545,0	645,0	3,8%	↗
Mindre endring - delegert til administrasjonen (det vert ikkje fakturert for gebyr for planinitiativ)		30 420,0	31 575,0	1 155,0	3,8%	↗
Mindre endring - politisk handsaming		50 700,0	52 625,0	1 925,0	3,8%	↗
Oppstartsmøte med referat		20 280,0	21 050,0	770,0	3,8%	↗
Planprogram		37 180,0	38 595,0	1 415,0	3,8%	↗
Premissavklaring		21 970,0	22 805,0	835,0	3,8%	↗
Reguleringsplan		169 000,0	175 420,0	6 420,0	3,8%	↗
Reguleringsplan med konsekvensutgreiing		253 500,0	263 135,0	9 635,0	3,8%	↗

Gebyr etter konsesjons- og jordlov

Søknad om frådeling etter jordlova

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
Andre		3 415,0	3 545,0	130,0	3,8%	↗
Enkle/kurante		2 050,0	2 130,0	80,0	3,9%	↗

Søknad om konsesjon etter konsesjonslova

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
Andre		5 000,0	5 000,0	0,0	0,0%	↘
Enkle/kurante		2 000,0	2 000,0	0,0	0,0%	↘

Søknad om omdisponering etter jordlova

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
Andre		3 415,0	3 545,0	130,0	3,8%	↗
Enkle/kurante		2 050,0	2 130,0	80,0	3,9%	↗

Frikjøp av parkeringsplass

Gebyr	Eining	Sats 2026	Sats 2027	Endring i kr	Endring i %	Trendpil
Frikjøp parkeringsplassar		47 200,0	49 000,0	1 800,0	3,8%	↗

Tenesteområda i kommunen

Finans og fellespostar

Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: Finans og fellespostar

Retning for tenesteområdet i økonomiplan

Pensjonsutgifter er ein av dei største utgiftene til kommunen. Kommunen har tre pensjonsleverandørar, og det vert arbeidd med sak om anbod for hovudleverandør. Dei to andre leverandørane (for lærarar og for sjukepleiarar), er ikkje mogleg å ha ut på anbod.

Dei statlege inntektene er estimert i tråd med KS prognosemodell.

Som konsekvens av auke i investeringar og rentenivå, aukar finansutgiftene.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**-76 602**	**-80 056**	**-81 159**	**-81 159**
Sum Tekniske justeringer	**34**	**34**	**34**	**34**
Sum Vedtak forrige periode	**1**	**1**	**1**	**4 001**
Sum Budsjettendringar	**3 111**	**4 551**	**3 457**	**3 474**
Sum Pensjons og felleskostnadar	**306**	**-1 548**	**1 429**	**-13**
Sum Lønns- og prisvekst	**6**	**10**	**10**	**10**
Sum Budsjettendring – 1. tertial	**-13 340**	**-17 211**	**-10 491**	**-9 965**
Konsekvensjustert budsjett	**-9 883**	**-14 165**	**-5 562**	**-2 461**
Konsekvensjustert ramme	**-86 485**	**-94 221**	**-86 721**	**-83 620**
Nye tiltak				
Prisjusteringspott	6	6	6	6
Årets saldering, retta ansvar	0	4 000	4 000	0
Sum Nye tiltak	**6**	**4 006**	**4 006**	**6**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**6**	**4 006**	**4 006**	**6**
Ramme 2027-2030	**-86 479**	**-90 215**	**-82 715**	**-83 614**

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	**2026**	**2026**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Driftsutgifter							
Lønn	0	-8 433	-32 666	-58 181	-5 841	9 302	-2 372
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	460	460	467	467	467	467
Overføringsutgifter	0	71	55	55	55	55	55
Finansutgifter	0	174 945	189 651	211 794	202 225	182 332	187 609
Sum Driftsutgifter	0	167 043	157 501	154 135	196 906	192 157	185 760
Driftsinntekter							
Refusjoner	0	-146	-130	-130	-130	-130	-130
Overføringsinntekter	0	-850 578	-851 470	-858 418	-866 219	-854 205	-871 989
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-178 305	-188 324	-174 269	-182 180	-159 715	-151 502

	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Rev.budsjett 2026	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Sum Driftsinntekter	0	-1 029 030	-1 039 925	-1 032 818	-1 048 530	-1 014 050	-1 023 622
Sum	0	-861 987	-882 424	-878 682	-851 624	-821 893	-837 862

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Rev.budsjett 2026	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Årets premieavvik	0	33 031	7 707	4 156	-6 468	8 689	-2 995
Pensjon	0	28	1 126	29	29	29	29
Premiefond	0	-42 000	-42 000	-63 000	-0	-0	-0
Diverse fellesutgifter	0	790	783	920	883	870	880
Skatt på inntekt og formue	0	-391 047	-394 395	-407 104	-407 104	-407 104	-412 871
Statlig rammetilskudd og øvrige generelle statstilskudd	0	-433 367	-430 069	-425 053	-434 239	-422 225	-434 242
Generelt statstilskudd vedrørende flyktninger m.v.	0	-27 006	-27 006	-26 261	-24 876	-24 876	-24 876
Motpost avskrivninger	0	-76 845	-75 679	-71 862	-71 862	-71 862	-71 862
Renter/utbytte og lån (innlån og utlån)	0	88 750	76 950	67 354	80 454	91 254	95 154
Interne finansieringstransaksjoner	0	-14 321	158	42 140	11 560	3 333	12 922
Sum	**0**	**-861 987**	**-882 424**	**-878 682**	**-851 624**	**-821 893**	**-837 862**

Styring og kontrollverksemd

Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: Styring og kontrollverksemd

Retning for tenesteområdet i økonomiplan

Etter at miljø-, plan- og bygningsutvalet vert nedlagt frå 1.1.26, står kommunen berre igjen med lovpålagde politiske utval for folkevalde (formannskap og heradsstyre). Frå neste heradsstyreperiode vert også tal på representantar i Kvam heradsstyre endra frå 27 til 23, og formannskap frå 9 til 7. Vidare er 2 av møta i formannskap og heradsstyre flytta frå dagtid til kveldstid som del av innsparingsprogrammet.

Det er viktig å halda fram arbeidet med å gjera politiske møter og prosessar tilgjengeleg for innbyggjarane våre. Utviklinga andre stadar i verda har vist at me ikkje kan ta demokrati for sjølvsagt, og det er svært viktig å oppretthalda tillit til det politiske systemet vårt.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**6 985**	**6 356**	**5 791**	**5 791**
Sum Tekniske justeringer	**-33**	**-33**	**-33**	**-33**
Sum Vedtak forrige periode	**74**	**74**	**74**	**-302**
Sum Budsjettendringar	**-25**	**-25**	**-25**	**-25**
Sum Pensjons og felleskostnadar	**-5**	**4**	**39**	**21**
Sum Lønns- og prisvekst	**77**	**123**	**123**	**123**
Sum Budsjettendring – 1. tertial	**104**	**104**	**104**	**104**
Konsekvensjustert budsjett	**194**	**249**	**283**	**-111**
Konsekvensjustert ramme	**7 179**	**6 604**	**6 074**	**5 680**
Nye tiltak				
Hardangerrådet - auke i kontingent frå 2027	220	294	371	463
Kontrollutvalet 2027	-1	-2	-1	-1
Prisjusteringspott	31	31	31	31
Sum Nye tiltak	**250**	**323**	**400**	**492**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**250**	**323**	**400**	**492**
Ramme 2027-2030	**7 429**	**6 928**	**6 474**	**6 172**

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	**2026**	**2026**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Driftsutgifter							
Lønn	0	4 081	4 014	4 725	4 011	3 194	3 037
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	2 676	2 780	3 290	3 186	3 492	3 408
Overføringsutgifter	0	650	650	650	650	650	650
Finansutgifter	0	59	59	59	59	59	59
Sum Driftsutgifter	**0**	**7 465**	**7 503**	**8 724**	**7 906**	**7 395**	**7 154**
Driftsinntekter							
Refusjoner	0	-477	-477	-477	-477	-477	-477
Sum Driftsinntekter	**0**	**-477**	**-477**	**-477**	**-477**	**-477**	**-477**

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Sum	0	6 988	7 026	8 247	7 429	6 918	6 677

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Politisk styring	0	5 684	5 718	6 902	6 089	5 580	5 337
Kontroll og revisjon	0	1 304	1 308	1 345	1 340	1 338	1 339
Sum	0	6 988	7 026	8 247	7 429	6 918	6 677

Måltabell

Overordna mål
Ansvarleg styre
Borgarnært styre
Debattklima
Effektivt styre
Påliteleg styre

Administrasjon

Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: Administrasjon

Retning for tenesteområdet i økonomiplan

Innleiing

Administrasjonen som "tenesteområde" omfattar IT-avdelinga, servicetorget, politisk sekretariat, HR-avdelinga og økonomiavdelinga.

Administrasjonen skal bidra til effektiv drift og god kvalitet i tenestene med bruk av færre ressursar i tida framover. Det krev at me:

- **Brukar digitale verktøy** og unngår manuelt arbeid der me kan
- **Prioriterer kjerneoppgåver og avklarer roller** slik at ressursane vert nytta der dei gir størst verdi
- **Reduserer ressursbruk** gjennom omstilling, kompetanseheving og smart bruk av teknologi, utan å svekka kvaliteten
- **Utviklar nye arbeidsformer** som gjer at me brukar den kompetansen og arbeidskapasiteten som finst best mogleg
- **Bidreg med administrativ kompetanse** til organisasjonen, m.a. gjennom ulike former for leiarstøtte
- **Bidreg til å vera ein attraktiv arbeidsgjevar** som tiltrekkjer seg og utviklar kompetent arbeidskraft til å løysa oppgåvene på nye, framtidsretta måtar

Nivå på tenestene

IT har fire årsverk som driftar og utviklar it-systema til kommunen. I tillegg driftar Kvam herad it-system for kommunane Eidfjord og Ulvik. Bemanninga i avdelinga er stabil og handterer eit stadig veksande tal ulike it-løysingar utan at bemanninga har auka. Nasjonal sikkerheitsmyndigheit (NSM) har heva det nasjonale cyberrisikonivået til **Høgt** og peikar på ein aukande risiko for digitale angrep og oppmodar alle verksemder til å styrkja tryggleiken og vera ekstra merksame. Med bakgrunn i krav til cybertryggleik, innføring av nye system og at fleire system skal bytast, vil det ikkje vera forsvarleg å redusera dagens bemanning. Det skal m.a. implementerast ein ny politikarportal, nytt sakssystem,brannmur, skule har innført nytt adminstrasjonssystem m.m.

Servicetorget har fem årsverk. Arbeidet med anbod på nytt sakssystem har vore ein viktig aktivitet i 2026, medan innføringa av systemet vil krevje omfattande innsats i 2027. Det vart anskaffa nytt arkivsystem i 2026, og det vert no arbeidd med å integrera kommunen sine fagsystem og administrative system i den nye løysinga. Dette inneber at me går inn i ein periode med opprydding og kvalitetsforbetring av data og saksstruktur i 2027

Politisk sekretariat har to årsverk og har hatt ein periode med fråvær i dei faste stillingane. Det er framleis vikarbruk for å drifta sekretariatet. Det er kommune-og fylkestingsval i 2027 som legg beslag på mykje av ressursane til førebuing og gjennomføring. Digitalt program for politisk møte og møteportal vert bytta ut i 2027.

HR har 4,5 årsverk som inkluderer ressursar til personaladministrasjon, lønn, opplæring og helse, miljø og tryggleik. Trass i utfordringar knytt til langtidsfråvær, klarer avdelinga å levera på kjerneoppgåvene, medan vidareutvikling av eksisterande it-system, fjerning av manuelle rutinar og anna utviklingsarbeid, diverre ikkje har vore prioritert i ønska grad.

Økonomi har sju årsverk. Eininga er redusert med 0,6 årsverk i 2026 gjennom å ikkje erstatta tilsette som har slutta. Kjerneoppgåvene til eininga er knytt til økonomistyring, budsjettering, rapportering og innkjøp. Arbeid med innsparingsprogrammet har stort fokus.

Tiltak i perioden

I 2026 har rådhuset innført kortare opningstid måndag - torsdag (10:00 - 14:00) og stengt fredagar. Dette er gjort for å auka kapasiteten til andre nødvendige arbeidsoppgåver, særleg for servicetorget og økonomiavdelinga. Tiltaket har fungert og det er ikkje store utfordringar knytt til reduksjonen. Det kan framleis avtalast møter i dei tidspunkta rådhuset er stengt, men då må sakshandsamar henta besøket og følgja dei ut igjen.

Etter val hausten 2027 vert antall politkarar justert ned, det vil gje kommunen innsparing på budsjett for 2028.

IT har jobba med å ta ned lisenskostnadar, samtidig så aukar kostnadsnivå på Microsoft sine system. IT jobbar med exit strategi for digitale avhengigheitar.

HR vil prioritera tiltak som gjeld effektivisering av lønnsrutinar gjennom å ta i bruk eksisterande funksjonalitet i Visma HRM og korleis integrasjon med andre fagsystem kan bidra til å fjerna manuelle rutinar.

Retning framover

Det vert jobba vidare med innsparing på servictorg, politisk sekretariat og IT. Mykje av 2027 går med til val og innføring av nye system, samt implementering av KI-teknologi som skal effektivisera drifta.

HR og Økonomi arbeider med effektiviseringstiltak for å innfri felles innsparingskrav i økonomiplanperioden. Tiltaka vil i stor grad dreia seg om å redusera stillingsressursane gjennom digitalisering av oppgåver.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**50 141**	**43 354**	**42 940**	**42 940**
Sum Tekniske justeringer	**758**	**758**	**758**	**758**
Sum Vedtak forrige periode	**-127**	**-127**	**-127**	**958**
Sum Budsjettendringar	**-300**	**-261**	**-301**	**-301**
Sum Pensjons og felleskostnadar	**309**	**875**	**924**	**1 017**
Sum Lønns- og prisvekst	**629**	**1 028**	**1 028**	**1 028**
Sum Budsjettendring – 1. tertial	**2 289**	**2 049**	**1 049**	**1 049**
Sum Rammeendring i 2. tertial	**0**	**-1**	**-1**	**-1**
Konsekvensjustert budsjett	**3 558**	**4 321**	**3 331**	**4 509**
Konsekvensjustert ramme	**53 699**	**47 675**	**46 271**	**47 449**
Innsparingstiltak				
Innsparing Administrasjon: HR/økonomi	0	259	259	259

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Innsparing Samfunnsutvikling: Informasjons- og sekretariatsarbeid (inkl. IT)	0	124	124	124
Innsparingskrav Alle: Nytt innsparingsprogram frå 2028	0	-700	-1 500	-1 500
Innsparingskrav Alle: Reduksjon i leiarstillingar i heile org som følgje av reduksjon tilsette	1 000	5 000	5 000	5 000
Reduksjon 0,25 årsverk HR avdeling	-185	-259	-259	-259
Sum Innsparingstiltak	**815**	**4 424**	**3 624**	**3 624**
Nye tiltak				
HST 061/26 - Overtaking av Kvam Bustadstifting	95	95	95	95
Justering kostnad på sjølvkost, B2027	-247	-297	-348	-402
Prisjustering drivstoff	-249	-249	-249	-249
Prisjusteringspott	272	272	272	272
Teknisk - Auke i renovasjonskostnadar	-97	-97	-97	-97
Teknisk - Brannalarmtilknytning formålsbygg	12	12	12	12
Teknisk - Filterleveranse formålsbygg	13	13	13	13
Teknisk: Auka forsikringskostnader for eigedom og ansvar	804	804	804	804
Utskifting av brannmur	1 290	-200	-200	-200
Sum Nye tiltak	**1 893**	**354**	**302**	**248**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**2 708**	**4 778**	**3 926**	**3 872**
Ramme 2027-2030	**56 408**	**52 453**	**50 197**	**51 321**

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	**2026**	**2026**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Driftsutgifter							
Lønn	0	36 198	38 243	41 125	36 928	34 220	35 020
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	21 587	19 822	24 911	20 096	20 055	20 948
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	901	761	847	847	847	847
Overføringsutgifter	0	5 011	4 994	4 994	4 994	4 994	4 994
Finansutgifter	0	3 888	4 501	3 602	3 602	3 602	3 602
Sum Driftsutgifter	0	67 586	68 321	75 479	66 467	63 719	65 411
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	0	-2 489	-2 724	-2 758	-2 758	-2 758	-2 758
Refusjoner	0	-5 746	-5 729	-6 468	-6 468	-6 468	-6 468
Overføringsinntekter	0	-2 100	0	-2 100	-0	-0	-0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-100	-100	-100	-100	-100	-100
Sum Driftsinntekter	0	-10 435	-8 553	-11 426	-9 326	-9 326	-9 326
Sum	0	57 150	59 768	64 053	57 141	54 393	56 086

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	**2026**	**2026**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Administrasjon	0	49 148	52 088	55 154	47 876	45 215	46 851
Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	0	4 387	4 051	5 268	5 754	5 729	5 763
Administrasjonslokaler	0	3 615	3 628	3 632	3 511	3 449	3 472
Sum	0	57 150	59 768	64 053	57 141	54 393	56 086

Måltabell

Overordna mål

Arkivplan: Sikra arkivet for nåtid og framtid

Bevarings- og kassasjonsplan 1964-2021: Sikre heilskapleg samfunnsdokumentasjon

Overordna mål
Digitaliseringsstrategi 2018-2021: Brukarstyrte løysingar som ivaretek informasjonstryggleik
Etterleving av lover og reglar
Godt omdøme og legitimitet
Heilskaleg styring og rett utvikling
Kommunikasjonsstrategi 2017-2021: Aktiv, offensiv og planlagt informasjon
Kommunikasjonsstrategi 2017-2021: Fremja demokrati og medverknad
Kommunikasjonsstrategi 2017-2021: Sikring av informasjon som ikkje skal vera offentleg
Kommunikasjonsstrategi 2017-2021: Tilgjengeleg informasjonsmateriell
Kommunikasjonsstrategi 2017-2021: Tilpassa informasjon
Kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjon

Barnehagar

Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: Barnehagar

Retning for tenesteområdet i økonomiplan

Retning for tenesta

Kvam herad skal vidareutvikla ein inkluderande, læringsfremjande og berekraftig barnehagesektor der alle born opplever tilhøyrsle, meistring og deltaking i eit trygt og godt fellesskap. Arbeidet er forankra i Oppvekstplanen for Kvam og dei beskyttande faktorane trygge vaksne, høg kvalitet på opplæringa og å vera ein del av eit sosialt fellesskap.

Forsking og erfaringar frå Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis viser at kvaliteten i barnehagen i hovudsak vert skapt gjennom kompetente tilsette, sterke profesjonsfellesskap og tett samarbeid med PPT og andre støttetenester. Kvam herad vil difor halda fram satsinga på inkluderande praksis, tidleg innsats og styrking av det ordinære tilbodet framfor auka bruk av individuelle tiltak.

Denne retninga samsvarer godt med utviklingsarbeidet som Kvam herad over fleire år har gjennomført gjennom BTI, «Sjå barnet innanfrå», Rekom og Kompetanseløftet, og gjennom arbeidet med å etablera felles system, planar og kvalitetsarbeid.

Nivå på tenesta

Barnehagane i Kvam har over fleire år vore styrkte med auka grunnbemanning, spesialpedagogisk kompetanse og administrativ støtte. Som del av innsparingsprogrammet er den styrka grunnbemanninga redusert frå 6,15 til 3,8 årsverk frå august 2026, og vikarkoordinatorressursen er halvert. Endringane kjem i tillegg til innføring av meir samordna ferieavvikling og stenging av barnehagane i jul og påske.

Trass i desse tiltaka har Kvam framleis høgare bemanning og ressursbruk enn landsgjennomsnittet. Alle kommunale barnehagar oppfyller pedagognorma utan dispensasjon, og foreldreundersøkinga viser høg tilfredsheit med kvaliteten på tilbodet.

Barnehagane har gjennom fleire år bygd opp kompetanse innan inkluderande praksis, spesialpedagogikk, relasjonskompetanse, psykososialt barnehagemiljø og tidleg innsats. Denne kompetansen skal bidra til å oppretthalda kvaliteten i barnehagetilbodet.

Samtidig opplever sektoren utfordringar knytt til sjukefråvær, tilgang på kvalifiserte vikarar, rekruttering av pedagogar og aukande krav til dokumentasjon og tverrfagleg samarbeid.

Status innsparingsprogram og vidareføring

Barnehageområdet har gjennomført vedtekne innsparingskrav for 2026:

- redusert styrka grunnbemanning frå august 2026
- halvering av vikarkoordinatorordninga

- feriestengt ei ekstra veke om sommaren
- stenging av barnehagane ved jul og påske

Samtidig viser erfaringane frå sektoren at handlingsrommet for ytterlegare innsparingar er avgrensa. Store delar av kostnadene er knytte til lovpålagde krav om bemanning, pedagognorm og tilrettelegging for born med særlege behov. Vidare reduksjonar vil i større grad påverka kvaliteten i tilbodet, arbeidsmiljøet for dei tilsette og moglegheita til å rekruttera og halda på kvalifisert personale.

Handlingsrom og moglegheitsrom

Kvam herad har over tid satsa på barnehage og har difor hatt høgare ressursbruk innan barnehage enn samanliknbare kommunar. Framskriving av folketal viser at kommunen står framfor ei demografisk utvikling med færre born og unge og fleire eldre innbyggjarar. Dette inneber at ressursane gradvis må tilpassast eit meir berekraftig nivå.

Kvam herad har samla sett ledig kapasitet i barnehagesektoren målt opp mot dagens barnetal og tilgjengeleg areal. Fleire barnehagar har moglegheit til å ta imot fleire born innanfor eksisterande bygningsmasse. Samstundes medfører ledig arealkapasitet kostnader knytte til bygg og drift som i avgrensa grad vert nytta til ordinær barnehagedrift. På sikt vil den demografiske utviklinga krevja vurderingar av korleis barnehagestrukturen kan tilpassast for å sikra god ressursutnytting, kvalitet og økonomisk berekraft.

Handlingsrommet framover ligg i organisering, ressursfordeling og struktur. Utfordringa vert å balansera tilgjengelege ressursar opp mot kvalitet, inkludering, rekruttering med behovet for økonomisk berekraft. Rådmannen vurderer at dette er mogleg då barnehagane held fram arbeidet med kompetanseutvikling, inkluderande praksis, systematisk kvalitetsarbeid og målretta bruk av ressursar.

Mål framover

Barnehagane skal vidareføra arbeidet med:

- å utvikla inkluderande barnehagemiljø der alle born opplever tryggleik, tilhøyrsle og meistring
- å styrkja kvaliteten i det ordinære tilbodet gjennom kompetanseutvikling og inkluderande praksis
- vidareutvikla samarbeidet mellom barnehage, PPT og andre tenester
- rekruttera og halda på kvalifisert personale
- å utvikla profesjonsfellesskapa og leiarrolla i barnehagane
- redusera sjukefråvær og styrkja nærvær
- sikra økonomisk berekraft gjennom målretta ressursbruk

Måltal

Barnehagetenesta skal levera tenester innanfor vedtekne økonomiske rammer samstundes som lovkrav og kvalitetskrav vert oppfylte.

1. Alle kommunale barnehagar skal oppfylla pedagognorma utan dispensasjon.
2. Minst 50 prosent av dei tilsette skal ha pedagogisk utdanning.
3. Flest mogleg born skal få tilfredsstillande utbytte av og vera inkluderte i det ordinære barnehagetilbodet.
4. Foreldretilfredsheita skal oppretthaldast på same nivå eller høgare.
5. Sjukefråværet skal reduserast gjennom målretta nærværsarbeid.

6. Alle barnehagane skal arbeida systematisk med BTI, «Sjå barnet innanfrå» og trygt og godt barnehagemiljø.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**109 912**	**110 488**	**110 643**	**110 643**
Sum Tekniske justeringer	**-982**	**-982**	**-982**	**-982**
Sum Vedtak forrige periode	**273**	**273**	**273**	**2 385**
Sum Budsjettendringar	**603**	**524**	**524**	**524**
Sum Pensjons og felleskostnadar	**-458**	**218**	**126**	**350**
Sum Lønns- og prisvekst	**1 819**	**2 826**	**2 826**	**2 826**
Sum Budsjettendring – 1. tertial	**576**	**1 276**	**1 143**	**938**
Konsekvensjustert budsjett	**1 830**	**4 135**	**3 910**	**6 041**
Konsekvensjustert ramme	**111 742**	**114 623**	**114 553**	**116 684**
Innsparingstiltak				
Endring i tilskot til private barnehagar	-1 401	-1 401	-1 401	-1 401
Innsparing Oppvekst KS: Reduksjon i støtteapparat	2 203	1 740	660	660
Innsparing Oppvekst: Barnehage overføring til privat barnehage	0	900	900	900
Innsparing Oppvekst: Struktur skule	105	105	105	105
Innsparing Oppvekst: Struktur skule	-105	-105	-105	-105
Innsparingskrav Alle: Nytt innsparingsprogram frå 2028	0	-1 800	-3 500	-3 500
Justering av budsjett for lærlingordninga i Oppvekst	-2 203	-1 740	-660	-660
Vidareutdanning i skule og barnehage – justert ramme som følgje av endra tilskotsordning	120	120	120	120
Ålvik Oppveksttun frå 2027	-105	-105	-105	-105
Sum Innsparingstiltak	**-1 386**	**-2 286**	**-3 986**	**-3 986**
Nye tiltak				
Grunnbemanning i barnehage endring for barnehageår 2026/2027	-2 037	-2 037	-2 037	-2 037
Prisjustering drivstoff	23	23	23	23
Prisjusteringspott	349	349	349	349
Teknisk - Auke i renovasjonskostnadar	114	70	70	70
Teknisk - Brannalarmtilknytning formålsbygg	28	28	28	28
Teknisk - Filterleveranse formålsbygg	49	49	49	49
Tilskot til tiltak for å styrke språkutviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehage	105	45	0	0
Tilskudd til toppa bemanning i barnehage	-392	-548	0	0
Sum Nye tiltak	**-1 761**	**-2 020**	**-1 517**	**-1 517**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**-3 147**	**-4 306**	**-5 503**	**-5 503**
Ramme 2027-2030	**108 595**	**110 317**	**109 050**	**111 181**

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	**Budsjett**	**Rev.budsjett**	**Økonomiplan**			
	2025	**2026**	**2026**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Driftsutgifter							
Lønn	0	99 414	105 862	105 543	99 394	96 565	99 976
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	7 016	7 390	7 605	7 435	7 413	7 396
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	24 167	22 030	21 067	21 067	21 067	21 067
Overføringsutgifter	0	1 278	1 278	1 526	1 278	1 278	1 278
Finansutgifter	0	5 646	6 942	6 498	5 950	5 950	5 950
Sum Driftsutgifter	0	137 522	143 502	142 240	135 125	132 274	135 668
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	0	-5 562	-4 732	-5 218	-5 218	-5 218	-5 218
Refusjoner	0	-7 484	-9 290	-9 315	-7 967	-8 147	-8 052

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	-454	-862	-451	97	97
Sum Driftsinntekter	0	-13 046	-14 476	-15 395	-13 636	-13 268	-13 173
Sum	0	124 475	129 026	126 845	121 489	119 006	122 495

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Førskole	0	100 318	103 189	100 857	96 492	94 166	97 382
Styrket tilbud til førskolebarn	0	12 645	13 286	13 696	12 968	12 851	13 059
Førskolelokaler og skyss	0	11 513	12 551	12 292	12 029	11 989	12 054
Sum	0	124 475	129 026	126 845	121 489	119 006	122 495

Måltabell

Overordna mål

Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.

Oppvekstplanen: Alle barn og unge i Kvam skal ha gode moglegheiter til vennskap og fellesskap, og til ei utvikling der ein får brukt evnene sine og vera til nytte.

Oppvekstplanen: Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.

Oppvekstplanen: Barnehagen skal ta vare på barna sine behov for omsorg og leik og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Opplæringa i skule og lærebedrifta skal opna dører mot verda og framtida og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa gjennom barnehage og skule skjer i samarbeid og forståing med heimen.

Oppvekstplanen: I Kvam set me pris på og ser nytten i dei ulike ressursane kvart enkelt menneske representerer.

Grunnskuleopplæring

Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: Grunnskuleopplæring

Retning for tenesteområdet i økonomiplan

Retning for tenesta

I økonomiplanperioden skal skulane halda fram arbeidet med å styrkja den ordinære opplæringa slik at fleire elevar får tilfredsstillande læringsutbyte. Dette skal skje innanfor dei økonomiske rammene kommunen har til rådvelde.

Kvam herad skal vidareutvikla ein inkluderande, læringsfremjande og berekraftig skule der flest mogleg elevar får opplæringa si i fellesskapet. Målet er at alle elevar skal oppleva tilhøyrsle, meistring og fagleg utvikling i eit trygt og godt læringsmiljø.

Arbeidet er forankra i Oppvekstplanen med vekt på trygge vaksne, høg kvalitet i opplæringa og mangfald som ressurs. Tilstandsrapporten for 2026 viser at elevane i hovudsak trivst godt, elevmedverknaden aukar, og resultata frå Elevundersøkinga ligg om lag på nivå med Vestland og landet elles. Samstundes er motivasjon, inkludering og førebygging av mobbing framleis viktige utviklingsområde.

Nivå på tenesta

Grunnskulane har i 2026 tilpassa drifta til reduserte økonomiske rammer og gjennomført vedtekne omstillingstiltak. Ressurstildelinga er i større grad knytt til hovudtrinn enn klassestruktur, og skulane har arbeidd målretta med å utvikla inkluderande praksis.

Delen elevar med individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) er redusert frå 12,7 prosent til 7,9 prosent gjennom skuleåra 2024/2025 - 2026/2027 , og er no på nivå med landet elles. Utviklinga kjem som følgje av styrking av den ordinære opplæringa, tettare samarbeid med PPT og auka bruk av universelle tiltak.

Omstillinga er gjennomført utan oppseiingar av fast tilsette, og læringsresultata er i hovudsak stabile. Elevundersøkinga viser resultat på nivå med eller over Vestland og landet på fleire område, særleg når det gjeld lærarstøtte, elevmedverknad og faglege utfordringar.

Miljørettleiarressursane er reduserte i tråd med politiske vedtak, og skulane samarbeider tett med PPT, skulehelsetenesta og andre støttetenester for å sikra gode lærings- og oppvekstvilkår.

Status innsparingsprogram

Per utgangen av 2026 har grunnskuleområdet gjennomført eller sett i verk følgjande tiltak:

- redusert miljørettleiarressurs
- endra ressurstildelingsmodell til skulane
- styrka ordinær opplæring med mål om redusert behov for ITO
- tilpassa SFO-drifta til vedtekne økonomiske rammer
- tilpassa drifta ved vaksenopplæringa til vedtekne økonomiske rammer

Samla har grunnskule, SFO og vaksenopplæringa innfridd innsparingskrava for 2026.

Rådmannen har reversert noko av innsparingstiltaket knytt til individuelt tilrettelagt opplæring(ITO). Det er gjennomført ROS-analyse av innsparingskrava i økonomiplanperioden. Analysen viser at grunnskulen er nær ei smertegrense når det gjeld ytterlegare reduksjon i indivduell tilrettelagt opplæring(ITO) allereie frå skuleåret 2027/2028. Dersom reduksjonane kjem raskare enn utviklinga av den ordinære opplæringa, kan dette føra til lovbrot og få konsekvensar for elevar med individuell rett til individuelt tilrettelagt opplæring. Analysen viser òg at eventuelle ytterlegare innsparingar innan grunnskule bør må takast på andre område enn ITO. Områda ein evt. må vurdera er reduksjon av leiingsressursar, eller støttetenester som miljørettleiarar. Samstundes peikar analysen på at slike tiltak vil ha negative konsekvensar for kvalitet, læringsmiljø og utviklingsarbeid, utan at det er identifisert kompenserande tiltak som fullt ut reduserer risikoen.

Vaksenopplæringa har innfridd innsparingskrav, og har ny organisering av undervisninga frå hausten 2026. Ros-analysen viser at ytterlegare redusert bemanning medfører høg risiko for svekka kvalitet på opplæringa. Det store spriket i elevane sitt kunnskapsnivå gjer det utfordrande å tilpassa undervisninga. Færre tilsette vil svekkja fagmiljøet, redusera moglegheita for fagleg samarbeid og fordela arbeidsoppgåver på færre personar. Dette aukar belastninga på dei tilsette og risikoen for lågare læringsutbytte for elevane. På sikt kan dette føra til svakare norskkompetanse og dårlegare føresetnader for arbeid og integrering. Rådmannen har derfor reversert ytterlegare innsparingstiltaka på vaksenopplæringa.

Handlingsrom og utfordringar

Kvam herad har over fleire år hatt høgare ressursbruk innan grunnskule, SFO og vaksenopplæring enn samanliknbare kommunar. For å skapa eit berekraftig økonomisk handlingsrom må tenestene tilpassa drifta til dei økonomiske rammene og den framtidige befolkningsutviklinga.

Utfordringa framover er å finna eit tempo i omstillinga som både tek vare på kvaliteten i opplæringa og møter dei økonomiske krava. Forsking og eigne erfaringar viser at inkluderande praksis kan gje både betre ressursutnytting og meir heilskapleg opplæring, men dette føreset kompetanse, kapasitet og tid til å implementera og gjennomføra endringane.

Rådmannen vurderer at dette er mogleg dersom skulane held fram den langsiktige omlegginga til meir inkluderande opplæring, sterkare profesjonsfellesskap og meir målretta bruk av ressursane.

Rådmannen har reversert innsparing på skulestruktur då det ikkje føreligg ytterlegare planar eller vedtak om endra struktur. Eventuelle framtidige endringar i skulestrukturen vil truleg ha innverknad på avstand til nærskulen for elevane og såleis vil det og påvirka kostnader til skuleskyss. Innsparingspotensiale i eventuell framtidig endring ligg i redusert leiingsressurs og truleg redusert lærarressursar.

Mål framover

Skulane skal vidareføra arbeidet med:

- eit trygt og godt læringsmiljø med høg kvalitet på undervisninga
- inkluderande undervisning, universelle tiltak og meir praktisk og variert opplæring
- vidareutvikling av profesjonsfellesskapa slik at kompetanse, planar og rutinar vert omsette til god praksis
- tett samarbeid mellom skule, PPT, føresette og laget rundt elevane
- å behalda og rekruttera kvalifiserte lærarar og andre faggrupper

- å redusera skulefråvær og styrkja skulenærvær gjennom tverrfagleg innsats
- redusera sjukefråværet

Måltal

1. Alle elevar skal oppleva eit trygt og godt skulemiljø.
2. Auka delen elevar som får tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa og vera omlag på nivå med landet knytt til ITO innan utgangen av økonomiplanperioden.
3. 100 % av lærarane skal oppfylla kompetansekrava i alle fag, men særleg i norsk, matematikk og engelsk.
4. Styrkja skulenærværet og redusera urovekkjande skulefråvær.
5. Oppretthalda eller betra læringsresultata innanfor vedtekne økonomiske rammer.
6. Oppretthalda høg overgang til vidaregåande opplæring frå dagens nivå på om lag 99 %.
7. SFO skal halda god kvalitet i tråd med rammeplan og lokal plan innanfor eit kostnadsnivå nærare landsgjennomsnittet.
8. Vaksenopplæringa skal oppfylla lovkrav og levera tenester innanfor vedteken økonomisk ramme.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**174 561**	**167 755**	**163 232**	**163 232**
Sum Tekniske justeringer	**-449**	**-449**	**-449**	**-449**
Sum Vedtak forrige periode	**-369**	**-301**	**-301**	**-116**
Sum Budsjettendringar	**358**	**-192**	**-154**	**-154**
Sum Pensjons og felleskostnadar	**1 540**	**3 199**	**4 241**	**4 667**
Sum Lønns- og prisvekst	**3 007**	**4 829**	**4 647**	**4 461**
Sum Budsjettendring – 1. tertial	**600**	**900**	**450**	**450**
Konsekvensjustert budsjett	**4 687**	**7 986**	**8 433**	**8 860**
Konsekvensjustert ramme	**179 248**	**175 740**	**171 665**	**172 092**
Innsparingstiltak				
Innsparing Oppvekst KS: Reduksjon i støtteapparat	650	780	780	780
Innsparing Oppvekst KS: Reduksjon vaksenopplæringa	0	483	483	483
Innsparing Oppvekst KS: Redusere individuelt tilrettelagt opplæring i skule - ITO	1 146	1 801	2 736	2 436
Innsparing Oppvekst KS: Redusere individuelt tilrettelagt opplæring i skule - ITO ytterligare	0	2 000	4 000	4 000
Innsparing Oppvekst: Struktur skule	0	1 909	2 069	2 069
Innsparing Oppvekst: Vaksenopplæringa ytterligare reduksjon i ramma	243	940	940	940
Innsparingskrav Alle: Nytt innsparingsprogram frå 2028	0	-3 000	-6 000	-6 000
Vidareutdanning i skule og barnehage – justert ramme som følgje av endra tilskotsordning	-770	-900	-900	-900
Sum Innsparingstiltak	**1 269**	**4 013**	**4 107**	**3 807**
Nye tiltak				
Prisjustering drivstoff	53	53	53	53
Prisjusteringspott	232	231	231	231
Teknisk - Auke i renovasjonskostnadar	223	154	154	154
Teknisk - Brannalarmtilknytning formålsbygg	25	25	25	25
Teknisk - Filterleveranse formålsbygg	143	143	143	143
Sum Nye tiltak	**676**	**606**	**606**	**606**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**1 944**	**4 619**	**4 714**	**4 414**
Ramme 2027-2030	**181 193**	**180 359**	**176 378**	**176 505**

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Rev.budsjett 2026	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	0	186 744	174 657	191 989	179 836	174 734	177 318
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	19 418	21 968	19 419	19 644	19 194	19 194
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	3 169	3 619	3 668	3 668	3 382	3 382
Overføringsutgifter	0	4 355	4 355	4 350	4 350	4 350	4 350
Finansutgifter	0	15 616	17 738	20 549	16 088	16 088	16 088
Sum Driftsutgifter	0	229 303	222 337	239 974	223 587	217 749	220 333
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	0	-1 894	-1 441	-1 628	-1 628	-1 628	-1 628
Refusjoner	0	-17 594	-18 105	-15 699	-15 699	-15 675	-15 675
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-100	-1 516	-4 560	-100	-100	-100
Sum Driftsinntekter	0	-19 589	-21 062	-21 887	-17 427	-17 403	-17 403
Sum	0	209 714	201 275	218 087	206 160	200 346	202 930

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Rev.budsjett 2026	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Grunnskole	0	164 118	152 301	170 982	159 932	154 677	156 887
Voksenopplæring	0	7 125	8 017	6 722	6 663	6 695	6 754
Skolefritidstilbud	0	8 312	8 780	9 432	8 861	8 795	8 968
Skolelokaler	0	25 539	27 476	26 187	25 941	25 415	25 558
Skoleskyss	0	4 620	4 700	4 763	4 763	4 763	4 763
Sum	0	209 714	201 275	218 087	206 160	200 346	202 930

Måltabell

Overordna mål
Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.
Oppvekstplanen: Alle barn og unge i Kvam skal ha gode moglegheiter til vennskap og fellesskap, og til ei utvikling der ein får brukt evnene sine og vera til nytte.
Oppvekstplanen: Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.
Oppvekstplanen: Barnehagen skal ta vare på barna sine behov for omsorg og leik og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Opplæringa i skule og lærebedrifta skal opna dører mot verda og framtida og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa gjennom barnehage og skule skjer i samarbeid og forståing med heimen.
Oppvekstplanen: I Kvam set me pris på og ser nytten i dei ulike ressursane kvart enkelt menneske representerer.

Kommunehelse

Innleiing

Link til beskriving av tenesteområdet: Kommunehelse

Retning for tenesteområdet i økonomiplan

Legetenesta:

Kvam herad har ansvar for å sørga for at alle innbyggarar i kommunen har fastlege. Rekruttering av fastlegar vil vera utfordrande og i 2027, i etterkant av eit stort generasjonsskifte.

Dei fleste fastlegane som Kvam har rekruttert dei seinare åra er legar som er i eit utdanningsløp for å bli spesialist i allmennmedisin. Dette gjer at kommunen må legge til rette for krav i utdanningsløpet som rettleiing, kurs etc.

I budsjettframlegget er det føreslått å auka rammene med 7,33 %-vis auke på helsestasjon i samband med rekruttering og behov, og 2,5 % auke i ALIS-rettleiing.

På grunn av staten si omlegging av sine tilskotsordningar for næringsdrivande legar er subsidieringa opp til 1050 pr. pasient no i stor grad dekka av staten sine pasient-tilskot. Ut frå at dette er ei teneste som skal vera dekka av statlege tilskot og kommunen sin økonomi, tilrår ikkje rådmannen ei ny subsidiering, men å prioritera å gje garanti for husleigeutgifter for næringsdrivande legekontor og LIS-stilling på næringsdrivande kontor.

Rådmannen har oppdrag å utgreia eit felles legekontor. Denne utgreiinga er ikkje starta grunna kapasitet i tenesta.

Teneste for Rus og Psykiatri (ROP-Tenesta):

Tenesta gjev eit lågterskel tilbod til alle innbyggarane i Kvam herad. Tenesta har dei siste åra hatt ei auke i tilvisingar. Det er i stor grad fastlegar som tilviser til tenesta. Tenesta driftar og har ansvar for Kan-Skje kafe.Kafedrifta har vore finansiert meed prosjektnidlar.Etter at talmaterialet til budsjettet var ferdigstilt, kom det fram at det ikkje vil vera mogleg å søkje om prosjektmidlar til kafedrift for 2027. Kan-Skje kafe har hatt prosjektfinansiering med 0,5 mnok, medan drifta har eit overskudd på 0,2 mnok. Overskot har vorte nytta til velferdstiltak, men det kan dekke noko av manglande prosjektfinansiering. Dersom tenesta skal drifta Kanskje-kafe i 2027 manglar me såleis 0,3 mnok til drift. Rådmannen har difor føreslått å auka rammene i eige framlegg til vedtak.

Tenesta gjennomfører innsparing med eit nedtrekk på 50 % stilling i fastlønnsramma.på lavterskel tilbodet. Dette kan føra til ei auke i pasientretta oppfølging for fastlegane i Kvam.

I løpet av 2026 er det oppretta ei døgnavdeling som er organisert under ROP. Dette behovet var meldt i budsjettet for 2026. For å kunne gje betre tilbod innan psykisk helse innan heildøgnsomsorg, har ROP-tenesta fått base og særskilt ansvar for ei avdeling. Dette for å kunne byggja opp tenestetilbodet med særskild kompetanse og oppfølging tettare på brukarar i omsorgsbustader. Ved å leggja ei avdeling av omsorgsbustader under ROP-tenesta for å styrkja kvaliteten på tenestetilbodet på psykisk helse innan heildøgnsomsorg. Denne endringa fører ikkje til endringar i tildelingsgrunnlag eller nedprioritering av

andre tildelingsgrupper. Når det er høve til det, vil me prioritera plasseringar til aktuelle brukarar i nærleik til ROP-basen.

Ergo- og Fysioterapitenesta:

Helse og omsorgstenesta har som overordna mål at flest mogleg skal ha eit godt liv i eigen heim. Tidleg innsats og meir satsing på tenester til heimebuande er sentralt. Ergo- og fysioterapitenesta må difor fortsetja med å dreia tenestetilbodet mot meir tilrettelegging i bustad, meir bruk av tekniske hjelpemidlar og meir trening- og aktivitetstilbod for dei ulike brukargruppene. Tenesta vil vera med å vidareutvikla det tverrfaglege rehabiliterings- og habiliteringstilbodet i tråd med tiltak i temaplanane. Med auka tal eldre vil det ikkje vera nok å dreie tenesta men krev meir ressursar om me skal driva tenesta på same måte som i dag. Allereie no syner arbeidet i demensteamet at det er eit auka behov, spesielt kommune-ergoterapeuten har auke i oppgåvene her.

Fysisk aktivitet og tilrettelagt trening har stor effekt på eiga helse. Nye behandlingsmetodar legg opp til meir trening som alternativ til operasjon, ofte då med lange oppfølgingsløp. Parallelt er det også stort behov for opptrening etter operasjonar. Det er viktig at tenesta føl opp nasjonale råd og utviklingstrendar og utviklar tenestetilbodet i tråd med desse.

Barn og unge si psykiske helse er satsingsområde nasjonalt. Ergo- og fysioterapitenesta har ei viktig rolle her med å gje born og unge moglegheit for motorisk meistring, tryggheit i eigen kropp og strategiar for å ha ei god fysisk og psykisk helse. Fysioterapi for born og unge er fagleg ein del av helsestasjon- og skulehelsetenesta.

Dei private fysioterapiinstitutta er i eit generasjonsskifte. Spesialistkompetanse innan ulike fagområde skal erstattast. Dette er viktig å ta med i vidare rekrutteringsarbeid. Dagens struktur og den demografiske utviklinga i Kvam utfordrar også ergo- og fysioterapitenesta.

Tenesta vil ikkje ha turnuskandidatar frå august 2027. Dette er ein del av innsparingstiltaka i Helse og omsorg. Det vil føra til endringar i fysioterapi-tilbodet til innbyggarane i Kvam.

Helsestasjon -og skulehelseteneste og kommunepsykolog for barn og unge

Retning for tenestene

Kvam herad skal leggja til rette for at fleire barn og unge opplever god psykisk helse, meistring, deltaking og inkludering. Arbeidet skal byggja på oppvekstplanen, plan for førebyggande arbeid og BTI-modellen.

Utviklingstrekk lokalt og nasjonalt viser auka behov knytt til psykisk helse og samansette hjelpebehov hos barn og unge. Helsestasjon -og skulehelsetenesta og psykisk helseteneste for barn og unge er sentrale lågterskeltilbod i kommunen sitt arbeid med tidleg innsats, førebygging og samordna tenester. Rådmannen vurderer at ressursar retta mot tidleg innsats og dei yngste barna framleis gir størst effekt både for den enkelte og for samfunnet.

Nivå på tenestene

Helsestasjon- og skulehelsetenesta er blant kommunen sine viktigaste universelle og førebyggjande tenester og møter alle barn og familiar frå svangerskap til vaksen alder. Tenesta har høg oppslutning og bidreg til tidleg oppdaging av utfordringar, helseoppfølging, vaksinasjon, rettleiing og støtte til familiar.

Kommunepsykolog for barn og unge bidreg med lett tilgjengeleg psykisk helsehjelp, foreldrestøtte, rettleiing og systemretta arbeid. Tenesta er òg ein viktig ressurs i utviklinga av BTI, oppvekstreforma og samarbeidet mellom dei kommunale tenestene.

I økonomiplanperioden må tenestene prioritera dei lovpålagde oppgåvene og oppretthalda eit forsvarleg tilbod innanfor dei økonomiske rammene kommunen har til rådvelde.

Kommunen skal etter nasjonale føringar ha eit lett tilgjengeleg psykisk helsetilbod til barn og unge. Den nasjonale rettleiaren for psykisk helsearbeid for barn og unge slår fast at kommunen skal sørgja for psykisk helseteneste til barn og unge med psykiske plager, rusutfordringar eller reaksjonar på belastande livshendingar. Tenesta skal vera tilgjengeleg utan tilvising og vera eit supplement til helsestasjon -og skulehelseteneste og fastlegeordninga. Kommunepsykolog for barn og unge er ein del av dette tilbodet og bidreg både med direkte hjelp til barn og familiar og med systemretta arbeid i kommunen. Det er eit arbeid på gang med mål om å vidareutvikla psykiske helsetenester for barn og unge og sjå det i samanheng med tilbod til familiar og vaksne med psykiske helseplager.

Status innsparingsprogram

Området har tilpassa drifta til vedtekne økonomiske rammer og samtidig klarer heradet å oppretthalda dei lovpålagde tenestene. Det er redusert med 1 stilling familierettleiarressurs.

Innsparingskravet knytt til støttetenestene i oppvekst er mellombels handtert gjennom reduserte kostnader til vidareutdanning som følgje av nye tilskotsordningar frå 2026, samt lågare kostnader til lærlingar grunna færre søkjarar. Innsparingskravet er likevel ikkje varig løyst og må vurderast på nytt i komande budsjettprosess.

Handlingsrom og utfordringar

Kvam herad har over tid bygd opp eit sterkt førebyggjande arbeid gjennom helsestasjon -og skulehelseteneste, kommunepsykolog, BTI og tverrfagleg samarbeid. Dette arbeidet er i tråd med både forsking og nasjonale føringar som peikar på at innsats tidleg i livet gjev størst gevinst for den enkelte og for samfunnet.

Det største handlingsrommet ligg i å halda fram arbeidet med tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og målretta prioritering av ressursane. Helsestasjon -og skulehelseteneste og kommunepsykolog når barn og unge tidleg, og bidreg til å førebyggja meir alvorlege helse- og hjelpebehov seinare i oppveksten.

Samtidig står tenesteområdet overfor fleire utfordringar:

- psykiske helseutfordringar blant barn og unge
- aukande etterspurnad etter samtalar og oppfølging på skulane og individuelt
- rekrutteringsutfordringar innan helsesjukepleiarfaget
- større forventningar til lågterskel psykisk helsehjelp i kommunen
- behov for tettare samordning mellom tenestene
- Rekrutteringsutfordringar

Det har over tid vore ynskje frå helsestasjonstenesta å få ein sentral helsestasjon. Det vil gje meir effektiv utnytting av dei samla stillingsressurane og redusera sårbarheita ved fråvær. Det legg til rette for fleksibel bruk av fagkompetanse i tenesta og styrkja kompetansedeling og fagmiljø. Ein sentral helsestasjonsteneste vil styrkja kvaliteten og sikra ein meir berekraftig drift på lang sikt.

Frå 2027 fell statleg tilskot som har finansiert ei 100 % stilling i skulehelsetenesta bort. Den statlege tilskotsordninga for styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta er avvikla som eiga øyremerkt ordning frå 2026. Midlane er no innlemma i Kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge, som blir forvalta av Bufdir.

Føremålet med den nye ordninga er å gje kommunane større fridom til å prioritera førebyggande innsats på tvers av tenesteområde ut frå lokale behov. Frå 2027 er det lagt opp til at fleire tidlegare øyremerkte tilskot vert samla i denne ordninga. Det inneber at kommunane ikkje lenger kan leggja til grunn vidare finansiering av einskilde stillingar i helsestasjon- og skulehelsetenesta gjennom øyremerkte statlege tilskot, men må vurdera ressursbruken samla opp mot lokale prioriteringar og tilgjengelege tilskotsmidlar. Kommunen vil får meir informasjon om utlysing av tilskotet i november/desember 2026.

For skulehelsetenesta betyr dette i praksis at ein frå 01.01.2027 og fram til det er gjort ei prioritering av tilskotsmidlane for 2027 er redusert med eitt årsverk. Dette vil redusera tilgangen på helsesjukepleiar på skulane, og gje mindre kapasitet til førebyggjande arbeid, grupper og oppfølging av elevar.

Mål framover

Kommunehelse barn og unge skal:

- sikra at lovpålagde oppgåver vert gjennomførte innanfor vedtekne økonomiske rammer
- prioritera tidleg innsats og førebygging framfor reparasjon
- vidareutvikla BTI som felles arbeidsmåte på tvers av tenestene
- sikra lett tilgjengelege psykisk helseteneste og lågterskeltilbod for barn, unge og familiar
- bidra til betre psykisk helse og meistring hos barn og unge

Rådmannen vurderer at det er avgrensa handlingsrom for ytterlegare reduksjonar utan at dette vil påverka tilgangen til lågterskeltilbod og førebyggjande arbeid. Særleg gjeld dette skulehelsetenesta, der bortfall av statleg finansiering av ei stilling frå 2027 kan utfordra kommunen sitt mål om tidleg innsats og lett tilgjengelege tenester. Når Kvam herad får vita kor mykje tilskotsmidlar som blir tildelt kommunen for 2027 må ein, slik ein gjorde i sak 069/26 i juni 2026, vurdera korleis desse kan nyttast til beste for barn og unge i kommunen i økonomiplanperioden.

Rådmannen tilrår difor at kommunen held fram med å prioritera førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid og sjå dette i ein heilskap i eit samfunnsperspektiv som dei viktigaste verkemidla for å styrkja oppvekstvilkåra for barn og unge i Kvam herad i planperioden 2027–2030.

Rådmannen vurderer at måla er realistiske dersom tenestene får høve til å prioritera kjerneoppgåvene og vidareføre arbeidet med tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.

Måltal

1. Talet på unge mellom 16 og 29 år utan arbeid, utdanning eller tiltak skal reduserast i planperioden.
2. Elevane si trivsel skal liggja over landsgjennomsnittet målt gjennom elevundersøking
3. Barn og unge skal ha tilgang til lett tilgjengelege helse- og støttetenester.

4. Lovpålagde oppgåver i helsestasjon -og skulehelsetenesta skal gjennomførast innan gjeldande fristar og retningslinjer.
5. BTI skal vidareførast som felles modell for tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid.
6. Førebyggjande arbeid skal gjennomførast innanfor vedtekne økonomiske rammer.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**45 466**	**45 424**	**44 794**	**44 794**
Sum Tekniske justeringer	**-2**	**-2**	**-2**	**-2**
Sum Vedtak forrige periode	**151**	**151**	**151**	**151**
Sum Budsjettendringar	**445**	**-2 078**	**-3 498**	**-3 498**
Sum Pensjons og felleskostnadar	**-474**	**-76**	**-37**	**81**
Sum Lønns- og prisvekst	**878**	**1 355**	**1 255**	**1 255**
Sum Budsjettendring – 1. tertial	**-977**	**-977**	**-977**	**-977**
Konsekvensjustert budsjett	**21**	**-1 628**	**-3 109**	**-2 991**
Konsekvensjustert ramme	**45 487**	**43 796**	**41 685**	**41 803**
Innsparingstiltak				
Innsparing helse: Nedbemanning andre tenester i helse og omsorg (samling av tidlegare vedtekne)	449	898	898	898
Innsparing Oppvekst: Redusere førebyggjande arbeid barn og unge	41	41	41	41
Sum Innsparingstiltak	**490**	**939**	**939**	**939**
Nye tiltak				
Aukning av fastlønstilskot til fysioterapitenesta	-76	-76	-76	-76
Legetenesta - Auke 2,5% på ALIS-veiledar	48	48	48	48
Legetenesta - Auke 7,33% på lege med flyktningansvar	106	106	106	106
Prisjusteringspott	254	254	254	254
Teknisk - Auke i renovasjonskostnadar	21	21	21	21
Teknisk - Filterleveranse formålsbygg	9	9	9	9
Sum Nye tiltak	**362**	**362**	**362**	**362**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**852**	**1 301**	**1 301**	**1 301**
Ramme 2027-2030	**46 339**	**45 097**	**42 986**	**43 104**

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	**2026**	**2026**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Driftsutgifter							
Lønn	0	44 362	48 439	47 467	45 230	42 454	43 308
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	8 401	9 438	10 092	8 952	8 918	8 918
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	15 370	15 449	15 900	13 200	13 200	13 200
Overføringsutgifter	0	1 513	1 479	1 468	1 468	1 468	1 468
Finansutgifter	0	288	292	288	288	288	288
Sum Driftsutgifter	**0**	**69 933**	**75 097**	**75 215**	**69 137**	**66 328**	**67 182**
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	0	-4 292	-5 384	-5 875	-4 425	-4 425	-4 425
Refusjoner	0	-14 070	-14 350	-14 285	-13 435	-13 435	-13 435
Overføringsinntekter	0	-437	-401	-659	-659	-659	-659
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	-814	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	**0**	**-18 799**	**-20 948**	**-20 819**	**-18 519**	**-18 519**	**-18 519**
Sum	**0**	**51 134**	**54 148**	**54 396**	**50 618**	**47 808**	**48 663**

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste	0	12 103	12 670	11 379	11 308	10 057	10 269
Annet forebyggende helsearbeid	0	4 365	4 772	4 626	4 324	4 077	4 156
Diagnose, behandling, re-/habilitering	0	34 666	36 706	38 391	34 986	33 675	34 238
Sum	**0**	**51 134**	**54 148**	**54 396**	**50 618**	**47 808**	**48 663**

Måltabell

Overordna mål

Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.
Alle barn og unge i Kvam skal ha gode moglegheiter til vennskap og fellesskap, og til ei utvikling der ein får brukt evnene sine og vera til nytte.
Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.
Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskapleg tilbod
Det skal vera brukarmedverknad i planleggings,- utgreiings, og beslutningsprosessar i helse og omsorgstenesta
Helse og omsorg skal skapa framtidsretta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod
Helse og omsorgstenesta skal gjennom innovasjon ha evne til forenkling, fornying og forbetring. Teknologi skal vera ein naturleg del i tenestetilbodet
Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon
Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvemmingane gjennom direkte og indirekte påverknad
Helse og omsorgstenesta skal rekruttera og behalda kvalifiserte medarbeidarar til å møta veksten i oppgåver og nye og meir komplekse oppgåver
Kvam herad skal ta aktivt del i å realisera potensiale i frivillig arbeid
Med brukarane i sentrum skal helse- og omsorgstenesta samarbeida med nabokommunar og helseføretak om tenester som sikrar pasientar og brukarar tidleg og god hjelp når dei treng det, nærast mogleg der dei bur. Dei skal få rett behandling til rett tid, gjennom eit tilpassa, trygt, heilskapleg og koordinert helse og omsorgstilbod.
Med brukaren i sentrum skal helse og omsorgstenesta i nært samarbeid med nabokommunar og helseføretak, vera budde på å handtera situasjonar som har potensiale til å truga liv og helse, viktige verdiar og svekka organisasjonen si evne til å utføra viktige funksjonar
Oppvekstplanen: Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.

Pleie og omsorg

Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: Pleie og omsorg

Retning for tenesteområdet i økonomiplan

Kvam herad skal vere eit godt samfunn å leve i heile livet. Alle skal føle seg som ein verdsett del av fellesskapet med tryggleik, meistring i kvardagen og fleire aktive leveår med god helse og trivsel. Målet er at fleire eldre skal bu heime så lenge som mogeleg.

Visjonen legg vekt på både livskvalitet og berekraft: Tenestene skal organiserast slik at dei har god fagleg kvalitet, er økonomisk forsvarlege og har tilgjengeleg personell over tid, samstundes som innbyggjarane får rett hjelp til rett tid. På bakgrunn av dette er målet for pleie og omsorg i Kvam herad at 13 % av personar over 80 år, og som har behov for det, skal få tilbod om heildøgns omsorgsplass. Det betyr at når ein fyrst kjem inn i institusjon, vil pleiebehov vere stort og ein vil trenge sjukeheimsplass. Fleire vil gå direkte frå heim til sjukeheim.

Oversikt over dekningsgrad på institusjonsplass til innbyggjarar over 80 år i Kvam herad

ÅR	2026	2030	2034	2038	2042	2046	2050
Tal 80+	699	757	828	901	966	985	1051
Tal plassar Langtid og omsorg+	107	107	107	107	107	107	107
Dekningsgrad	15.3 %	14,1 %	12,9 %	11,9 %	11,7 %	10,9 %	10,2 %
Tal plassar LT, oms+ og korttid	124	124	124	124	124	124	124
Dekningsgrad	17,7 %	16,4 %	15,0 %	13,8 %	12,9 %	12,6 %	11,8 %

Tabellen syner dekningsgraden Kvam herad har for heildøgnsomsorg for personar over 80 år med dagens kapasitet. Langtidsplassar er det same som sjukeheimsplassar og omsorg+ er heildøgns omsogsbustader. Korttid er plassar ved Kvam kortids- og rehabiliteringsavdeling ved Toloheimen.

Tenesta iverksett nye årsturnusar i Mars kvart år.Tenesta har gjennomført innsparingar i grunnbemanninga med 8,76 årsverk i løpet av 2026. Detter er eit nedtrekk som vil få heilårseffekt i 2027. Tenesta skal ta ned driftsutgiftene med ytterlegare 6 mnok i 2027. Rådmannen legg fram forslag om auka brukarbetaling for pleie og omsorgstenester og helseteknologi. Tenesta har gjort samanlikingar med nabokommunar. Rådmannen legg på bakgrunn av dette opp til ei auke i brukarbetaling frå og med budsjettet i 2027 for denne økonomiplanperioden.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Vedtatt budsjett	**259 685**	**251 169**	**242 159**	**242 159**
Sum Tekniske justeringer	**3 937**	**3 937**	**3 937**	**3 937**
Sum Vedtak forrige periode	**766**	**766**	**766**	**766**
Sum Budsjettendringar	**2 060**	**2 289**	**3 564**	**3 564**
Sum Pensjons og felleskostnadar	**-5 114**	**-2 390**	**-2 245**	**-1 433**
Sum Lønns- og prisvekst	**5 514**	**8 931**	**8 931**	**8 931**
Sum Budsjettendring – 1. tertial	**5 768**	**5 768**	**5 766**	**5 766**
Konsekvensjustert budsjett	**12 931**	**19 301**	**20 719**	**21 530**
Konsekvensjustert ramme	**272 616**	**270 470**	**262 878**	**263 690**
Innsparingstiltak				
Auka brukarbetaling for tenester i helse og omsorg	-2 754	-2 754	-2 754	-2 754
Innsparing helse: Auka betaling for tenester i pleie og omsorg (samling av tidlegare vedtekne)	1 000	1 000	1 000	1 000
Innsparing helse: Nedbemanning pleie og omsorg (samling av tidlegare vedtekne)	1 754	1 754	1 754	1 754
Innsparing helse: Nedbemanning pleie og omsorg (samling av tidlegare vedtekne)	1 391	5 691	5 591	5 591
Innsparingskrav Alle: Nytt innsparingsprogram frå 2028	0	-4 500	-9 000	-9 000
Sum Innsparingstiltak	**1 391**	**1 191**	**-3 409**	**-3 409**
Nye tiltak				
Auka kostnader på kjøp frå ekstern leverandør i forbindelse med ressurskrevjande oppdrag	1 786	1 786	1 786	1 786
Budsjett ressurskrevjande brukarar 2027	820	820	820	820
Leasingbilar – innleverings- og leasingkostnader	750	450	450	450
Prisjustering drivstoff	45	45	45	45
Prisjusteringspott	432	432	432	432
Teknisk - Auke i renovasjonskostnadar	40	-10	-10	-10
Teknisk - Brannalarmtilknytning formålsbygg	16	16	16	16
Teknisk - Filterleveranse formålsbygg	48	48	48	48
Sum Nye tiltak	**3 936**	**3 586**	**3 586**	**3 586**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**5 328**	**4 778**	**178**	**178**
Ramme 2027-2030	**277 943**	**275 247**	**263 056**	**263 867**

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Rev.budsjett 2026	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	0	311 241	338 236	339 954	321 609	304 659	310 556
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	31 506	33 691	34 796	34 392	34 290	34 290
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	27 505	30 541	33 416	33 416	33 416	33 416
Overføringsutgifter	0	5 991	5 991	5 991	5 991	5 991	5 991
Finansutgifter	0	6 549	7 183	6 572	6 572	6 572	6 572
Sum Driftsutgifter	0	382 793	415 642	420 729	401 980	384 928	390 825
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	0	-25 207	-27 002	-31 575	-31 575	-31 575	-31 575
Refusjoner	0	-56 143	-56 143	-57 557	-57 557	-57 557	-57 557
Overføringsinntekter	0	-50	-50	-50	-50	-50	-50
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	-229	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	0	-81 400	-83 424	-89 182	-89 182	-89 182	-89 182
Sum	0	301 393	332 218	331 547	312 797	295 746	301 642

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	2026	2026	2027	2028	2029	2030
Aktiviserings- og servicetjenester overfor eldre og personer med funksjonsnedsettelser	0	11 726	12 302	10 474	9 680	9 540	9 777
Helse- og omsorgstjenester i institusjon	0	100 232	113 668	115 805	109 667	100 247	102 544
Tilbud om øyeblikkelig hjelp døgnopphold i kommunene	0	1 534	1 299	1 656	1 574	1 540	1 566
Bofellesskap/samlokaliserte omsorgsboliger med personellbase	0	96 962	106 427	114 149	106 925	102 590	104 583
Ambulerende virksomhet med videre	0	78 774	86 126	77 844	73 657	70 578	71 842
Institusjonslokaler	0	12 166	12 395	11 619	11 294	11 250	11 331
Sum	0	301 393	332 218	331 547	312 797	295 746	301 642

Måltabell

Overordna mål

«Eit godt liv der me bur, tenester for framtida, meistring og deltaking»
Det skal vera brukarmedverknad i planleggings,- utgreiings, og beslutningsprosessar i helse og omsorgstenesta
Helse og omsorg skal skapa framtidsretta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod
Helse og omsorgstenesta skal gjennom innovasjon ha evne til forenkling, fornying og forbetring. Teknologi skal vera ein naturleg del i tenestetilbodet
Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon
Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvemmingane gjennom direkte og indirekte påverknad
Helse og omsorgstenesta skal rekruttera og behalda kvalifiserte medarbeidarar til å møta veksten i oppgåver og nye og meir komplekse oppgåver
Kvam herad skal ta aktivt del i å realisera potensiale i frivillig arbeid
Leve hele livet: «Å leggja til rette for ein god kvardag for alle»
Med brukarane i sentrum skal helse- og omsorgstenesta samarbeida med nabokommunar og helseføretak om tenester som sikrar pasientar og brukarar tidleg og god hjelp når dei treng det, nærast mogleg der dei bur. Dei skal få rett behandling til rett tid, gjennom eit tilpassa, trygt, heilskapleg og koordinert helse og omsorgstilbod.
Med brukaren i sentrum skal helse og omsorgstenesta i nært samarbeid med nabokommunar og helseføretak, vera budde på å handtera situasjonar som har potensiale til å truga liv og helse, viktige verdiar og svekka organisasjonen si evne til å utføra viktige funksjonar
Pleie og omsorg- tenester for framtida : Omsorgstenester for framtida- meir satsing på tenester til heimebuande

Sosialteneste

Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: Sosialteneste

Lenkje til teneste for Utekontakt

Retning for tenesteområdet i økonomiplan

Sosialtenesta

Sosialtenesta skal arbeida for å få fleire personar i arbeids- og aktivitetstiltak. Tenesta skal sikra at færrast mogleg er passive sosialhjelpsmottakarar. Tenesta vil vidareføra arbeidet med aktivitet for sosialhjelp. Tenesta vil i økonomiplanperioden arbeida for å betra buevna til vanskelegstilte mellom anna gjennom trivselsvaktmeisterane, i tett samarbeid med teknisk eining og avdeling rus og psykisk helse.

Status innsparingsprogram

Tenesta gjennomførte store innsparingar i 2025 og 2026. Desse innsparingane svara i stor grad ut innsparingsprogrammet for denne økonomiplanperioden. Tenesta vurderer at det er råd og gjennomføra ytterlegare innsparingar ved å sei opp 3 kommunale VTA-plassar ved Hardanger AKS frå 13 til 10 plassar, i samsvar med faktisk behov. Reduksjonen skal gjennomførast ved naturleg avgang og ved å avvikle ledige plassar. Ingen brukarar skal miste sitt noverande tilbod som følgje av endringa.

Retning for tenesta

Kvam herad inngår i partnerskap med den statlege delen av NAV i Hardanger og Voss-området, saman med kommunane Vaksdal, Voss, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang. Partnerskapet har gjort eit utgreiingsarbeid for ei vertskommuneordning for dei kommunale tenestene i partnerskapet, som omhandlar sosialtenesta. Vidare arbeid i dette prosjektet skal behandlast av heradstyre i ei eige politisk sak..

Flyktningenesta har ansvar for å busetja flyktningar i tråd med politiske vedtak. Kvam herad har politisk vedtak om å busette 30 flyktningar i 2026. Det er kome oppmodingstal frå IMDI om kor mange flyktningar staten ynskjer at Kvam herad skal busette i 2027. Oppmodingstalet er 20 flyktningar.Tenesta ser at det er rom for innsparing ved å ta ned budsjettposten for introduksjonslønn for flyktningar. Det kan ein gjera fordi Kvam herad er oppmoda om å busette mindre flyktningar i 2027 samanlikna med 2025 og 2026

Rådmannen tilrår å busette 20 flyktningar i 2027 og ber heradsstyre om å fatte eit vedtak om dette i samband med budsjett- og økonomiplan handsaminga for 2027.Endelege endringar i budsjettal for eit busettingstal på 20 må gjerast i 1. tertial 2027.

Utekontakt

Retning for tenesta

Utekontakttenesta skal bidra til å førebyggja utanforskap, psykiske helseutfordringar, rusproblematikk og sosial marginalisering blant ungdom. Tenesta skal vera til stades på ungdomane sine arenaer og fungera som eit lågterskeltilbod for kontakt, støtte og rettleiing. Utekontakten driv ungdomsbasen – ein uformell møteplass for ungdom frå 13-20 som gjerne ikkje har så sterk tilknyting til andre fritidstilbod.

Arbeidet skal byggja på oppvekstplanen, plan for førebyggande arbeid og BTI-modellen. Utekontakten skal særleg bidra til tidleg innsats, relasjonsbygging og tett samarbeid med føresette, skule, helsetenester, politi, frivillige lag og organisasjonar.

Nivå på tenesta

Utekontakttenesta er ei førebyggjande teneste som arbeider oppsøkjande og relasjonsbasert med ungdom. Tenesta fangar opp utfordringar tidleg, bidreg til å skapa tillit til hjelpetenestene og fungerer som bindeledd mellom ungdom og det kommunale hjelpeapparatet.

Tenesta har særleg verdi for ungdom som ikkje sjølve oppsøkjer hjelpeapparatet, og for ungdom som står i fare for å hamna utanfor skule, arbeid eller organiserte fritidsaktivitetar.

Status innsparingsprogram

Det er vedteke at utekontakten skal vidareførast i dagens form. Vidare er det vedteke at koordineringsoppgåver knytt til fritidstilbod og inkludering vert vidareført gjennom utekontakten sitt samarbeid med frivillig sektor (idrettslag, Grannehjelpa, Lions og andre lag og organisasjonar).

Omstillinga inneber at tenesta må prioritera tydelegare mellom oppsøkjande arbeid, individuell oppfølging og deltaking i koordineringsarbeid- og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Det er eit arbeid på gang med mål om å organisera utekontakttenesta og arbeidet i tråd med vedtak og mål for tenesta.

Handlingsrom og utfordringar

Kvam herad har lågare grad av utanforskap enn mange kommunar, men har framleis unge som står utan arbeid, utdanning eller tiltak. Arbeid med å førebyggja utanforskap krev langsiktig innsats og tett samarbeid mellom fleire tenester.

Møteplassen Ungdomsbasen ligg i kjellaren i Ungdomshallen i Norheimsund. Bygget vert truleg overdregen til private eigarar i løpet av 2027. Det er dialog mellom kommunen og aktuelle eigarar rundt ungdomsbasen ein eksistens i kjellaretasjen og utføring av Basecamp prosjektet med støtte frå Vestland fylkeskommune.

Omstillingane som skjer i heradet må sjåast i samanheng for å sikra best mogleg ressursutnytting. Lokale erfaringar og nasjonale utviklingstrekk viser behov for auka støtte knytt til psykisk helse, einsemd, rusførebygging og inkludering i fritidsaktivitetar. Kapasitet til systematisk oppsøkjande arbeid og individuell oppfølging overfor dei ungdomane som treng det mest må vurderast opp mot desse erfaringane

Det viktigaste handlingsrommet framover ligg i å styrkja samarbeidet mellom utekontakt,kultur, skulehelsetenesta, psykisk helse, barnevern og frivillig sektor, slik at dei samla ressursane kan nyttast mest mogleg målretta. Gjennom relasjonsbygging, tidleg innsats og låg terskel for kontakt kan

utekontakttenesta framleis bidra til at fleire ungdomar opplever meistring, deltaking og tilhøyrsle i lokalsamfunnet.

Mål framover

Utekontakttenesta skal:

- prioritera ungdom med risiko for utanforskap
- bidra til tidleg oppdaging av utfordringar knytt til psykisk helse og rus
- styrkja samarbeid på tvers av tenester og frivillig sektor
- leggja til rette for deltaking i fritidsaktivitetar og fellesskap

Måltal

1. Talet på unge utan arbeid, utdanning eller tiltak skal reduserast.
2. Ungdom med behov for hjelp skal fangast opp tidleg og koplast til rett teneste.
3. Fleire ungdomar skal delta i organiserte fritidsaktivitetar og sosiale fellesskap.
4. Utekontakttenesta skal leverast innanfor vedtekne økonomiske rammer.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**37 925**	**37 917**	**37 945**	**37 945**
Sum Tekniske justeringer	**488**	**488**	**488**	**488**
Sum Vedtak forrige periode	**-59**	**-59**	**-59**	**-59**
Sum Budsjettendringar	**14**	**-44**	**-44**	**-44**
Sum Pensjons og felleskostnadar	**-493**	**-359**	**-341**	**-304**
Sum Lønns- og prisvekst	**280**	**443**	**443**	**443**
Sum Budsjettendring – 1. tertial	**-903**	**-903**	**-903**	**-903**
Konsekvensjustert budsjett	**-673**	**-434**	**-416**	**-379**
Konsekvensjustert ramme	**37 253**	**37 483**	**37 529**	**37 566**
Innsparingstiltak				
Innsparing helse KS: Sosial tenester	1 029	1 029	1 029	1 029
Innsparing helse: NAV - Oppseiing av 3 kommunale VTA-plassar ved Hardanger AKS	-449	-898	-898	-898
Innsparing helse: Reduksjon i introduksjonsstønad hos NAV	-1 029	-1 029	-1 029	-1 029
Innsparing Oppvekst: Redusere førebyggjande arbeid barn og unge	400	400	400	400
Sum Innsparingstiltak	**-49**	**-498**	**-498**	**-498**
Nye tiltak				
Auka budsjettramme på kjøp av VTA-plassar hos Hardanger AKS	505	505	505	505
Leasingbilar – innleverings- og leasingkostnader	50	50	50	50
Prisjustering drivstoff	-25	-25	-25	-25
Prisjusteringspott	90	90	90	90
Teknisk - Auke i renovasjonskostnadar	8	8	8	8
Teknisk - Filterleveranse formålsbygg	4	4	4	4
Sum Nye tiltak	**632**	**632**	**632**	**632**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**583**	**134**	**134**	**134**
Ramme 2027-2030	**37 836**	**37 617**	**37 663**	**37 700**

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Rev.budsjett 2026	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Driftsutgifter							
Lønn	0	24 615	24 970	24 329	23 402	23 267	23 526
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	2 010	2 140	2 076	2 076	2 076	2 076
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	5 384	5 384	5 513	5 064	5 064	5 064
Overføringsutgifter	0	12 490	12 490	12 490	12 490	12 490	12 490
Finansutgifter	0	247	247	247	247	247	247
Sum Driftsutgifter	0	44 747	45 230	44 654	43 279	43 144	43 403
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	0	-350	-350	-360	-360	-360	-360
Refusjoner	0	-3 639	-3 601	-3 483	-3 483	-3 483	-3 483
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	-42	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	0	-3 989	-3 992	-3 843	-3 843	-3 843	-3 843
Sum	0	40 757	41 238	40 811	39 436	39 301	39 560

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2025	Budsjett 2026	Rev.budsjett 2026	Økonomiplan 2027	2028	2029	2030
Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	0	14 051	14 094	13 162	12 379	12 287	12 502
Tilbud til personer med rusproblemer	0	335	368	391	370	366	372
Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi	0	4 192	4 190	4 712	4 262	4 261	4 262
Introduksjonsordningen	0	7 689	8 028	7 756	7 650	7 617	7 650
Kvalifiseringsordningen	0	2 003	2 003	2 003	2 003	2 003	2 003
Økonomisk sosialhjelp	0	12 487	12 556	12 787	12 773	12 767	12 771
Sum	0	40 757	41 238	40 811	39 436	39 301	39 560

Måltabell

Overordna mål
Det skal vera brukarmedverknad i planleggings,- utgreiings, og beslutningsprosessar i helse og omsorgstenesta
Helse og omsorg skal skapa framtidsretta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod
Helse og omsorgstenesta skal gjennom innovasjon ha evne til forenkling, fornying og forbetring. Teknologi skal vera ein naturleg del i tenestetilbodet
Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon
Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvemmingane gjennom direkte og indirekte påverknad
Helse og omsorgstenesta skal rekruttera og behalda kvalifiserte medarbeidarar til å møta veksten i oppgåver og nye og meir komplekse oppgåver
Kvam herad skal ta aktivt del i å realisera potensiale i frivillig arbeid
Med brukarane i sentrum skal helse- og omsorgstenesta samarbeida med nabokommunar og helseføretak om tenester som sikrar pasientar og brukarar tidleg og god hjelp når dei treng det, nærast mogleg der dei bur. Dei skal få rett behandling til rett tid, gjennom eit tilpassa, trygt, heilskapleg og koordinert helse og omsorgstilbod.
Med brukaren i sentrum skal helse og omsorgstenesta i nært samarbeid med nabokommunar og helseføretak, vera budde på å handtera situasjonar som har potensiale til å truga liv og helse, viktige verdiar og svekka organisasjonen si evne til å utføra viktige funksjonar
Sosialtenesta skal betra levekår for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og fremja overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

Barnevern

Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: Barnevern

Retning for tenesteområdet i økonomiplan

Retning for tenesta

Barneverntenesta skal sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada helse og utvikling får rett hjelp til rett tid. Arbeidet skal vera forankra i prinsippet om barnets beste, tidleg innsats og hjelp nær barnet sitt eige nettverk og nærmiljø.

Barnevernreforma legg til grunn at kommunane i størst mogleg grad skal hjelpa familiar på heimebane og utvikla lokale tiltak som kan førebyggja plasseringar utanfor heimen. Kvam herad har over fleire år prioritert eigne familierettleiarar og heimebaserte hjelpetiltak. Dette er i tråd med både nasjonale føringar og kommunen sitt mål om at flest mogleg barn skal kunna veksa opp i eigen familie eller i nettverket sitt.

Nivå på tenesta

Barneverntenesta i Kvam har stabile medarbeidarar, høg fagkompetanse og gode resultat på sentrale kvalitetsindikatorar. Tenesta har ingen fristbrot på meldingar eller undersøkingar i 2025, låg turnover og har fått gode tilbakemeldingar gjennom både forvaltningsrevisjon og tilsyn.

Kostnadsnivået ligg om lag på nivå med samanliknbare kommunar, men noko over landssnittet. Hovudårsaka er satsinga på eigne tiltaksressursar og heimebaserte hjelpetiltak. Samstundes ligg kommunen lågt når det gjeld bruk av kostnadskrevjande plasseringstiltak utanfor heimen.

Kvam skil seg positivt ut ved at ein høg del av fosterheimsplasseringane skjer i familie og nær nettverk. Dette gjev betre kontinuitet for barna og reduserer behovet for meir omfattande tiltak.

Status innsparingsprogram

Barneverntenesta har bidrege til kommunen sitt innsparingsprogram gjennom reduksjon av tiltaksressursar. Ei vakant familierettleiarstilling vart teken ut som del av innsparingstiltaket innan førebygging.

Trass reduserte ressursar har tenesta oppretthalde lovpålagde oppgåver, kvalitetskrav og forsvarleg drift innanfor gjeldande økonomiske rammer, men med mindre kapasitet til tiltaksutvikling og færre ressursar til familiar som tidlegare kunne fått hjelp gjennom lågterskeltilbod.

Handlingsrom og utfordringar

Det viktigaste handlingsrommet i barnevernet er å hindra at barn må plasserast utanfor heimen. Heimebaserte tiltak og familierettleiing kan i mange tilfelle førebyggja meir omfattande tiltak og samstundes gje betre resultat for barnet.

Samstundes viser erfaringane at sakene vert meir komplekse, særleg knytt til psykisk helse, rus, koordinering av tenester rundt barn med samansette behov, høgkonflikt mellom foreldre og skulefråvær. Krava til dokumentasjon, medverknad og oppfølging aukar òg.

På sikt vil befolkningsutviklinga med færre barn og unge kunna redusera behovet for ressursar i tenesta. Rådmannen vurderer likevel at det er avgrensa handlingsrom for ytterlegare reduksjonar i planperioden dersom kommunen skal kunna oppretthalda lovpålagde oppgåver og arbeidet med førebygging og hjelpetiltak.

Mål framover

Barneverntenesta skal:

- prioritera dei mest utsette barna og familiane
- overhalda lovpålagde fristar og krav til kvalitet
- vidareutvikla lokale hjelpetiltak som kan førebyggja plasseringar
- vidareføra arbeidet med fosterheimar i familie og nær nettverk
- styrkja samarbeidet med andre tenester gjennom BTI og oppvekstreforma
- sikra høg kompetanse, låg turnover og eit godt arbeidsmiljø
- implementera nasjonalt forløp for barnevern og styrkja internkontrollen

Rådmannen vurderer at måla er realistiske. Tenesta har høg kompetanse, låg turnover, gode resultat på kvalitetsindikatorar, god måloppniing og eit stabilt fagmiljø. Utfordringa framover vert å balansera aukande lovkrav og meir komplekse saker med reduserte ressursar og behovet for økonomisk berekraft. Heradet må vera merksam på at ytterlegare reduksjon i tiltaksressursar kan svekkja moglegheita til å arbeida førebyggjande og på sikt føra til auka behov for meir kostnadskrevjande tiltak. For både barna og kommunen sin økonomi er det difor viktig å halda fram satsinga på tidleg innsats, heimebaserte tiltak og arbeid i familie og nettverk.

Måltal

1. Alle meldingar og undersøkingar skal handsamast innan lovpålagde fristar.
2. Alle plasserte barn skal ha oppdatert omsorgs- eller tiltaksplan.
3. Flest mogleg barn skal få hjelp gjennom heimebaserte tiltak framfor plassering utanfor heimen.
4. Akuttplasseringar skal haldast på eit lågast mogleg nivå.
5. Kommunen skal vidareføra den høge delen fosterheimsplasseringar i familie og nær nettverk.
6. Sikra høg fagkompetanse og låg turnover blant dei tilsette.
7. Barneverntenesta skal levera forsvarlege tenester innanfor vedtekne økonomiske rammer.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**26 665**	**25 152**	**24 515**	**24 515**
Sum Tekniske justeringer	**-81**	**-81**	**-81**	**-81**
Sum Vedtak forrige periode	**-81**	**41**	**41**	**41**
Sum Budsjettendringar	**-2**	**-4**	**-24**	**-24**
Sum Pensjons og felleskostnadar	**-80**	**70**	**115**	**151**
Sum Lønns- og prisvekst	**378**	**531**	**531**	**531**
Sum Budsjettendring – 1. tertial	**34**	**34**	**34**	**34**
Konsekvensjustert budsjett	**168**	**591**	**616**	**652**

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Konsekvensjustert ramme	**26 833**	**25 742**	**25 130**	**25 167**
Nye tiltak				
Prisjusteringspott	60	60	60	60
Teknisk - Auke i renovasjonskostnadar	8	8	8	8
Teknisk - Filterleveranse formålsbygg	0	0	0	0
Sum Nye tiltak	**68**	**68**	**68**	**68**
Nye tiltak og realendringer budsjett	**68**	**68**	**68**	**68**
Ramme 2027-2030	**26 901**	**25 810**	**25 198**	**25 235**

Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	**2026**	**2026**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Driftsutgifter							
Lønn	0	20 126	20 673	21 305	20 511	19 709	19 954
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	4 334	4 391	4 366	4 366	4 366	4 366
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	5 258	5 258	3 058	1 958	1 958	1 958
Overføringsutgifter	0	1 511	1 511	1 497	1 211	1 211	1 211
Sum Driftsutgifter	0	31 230	31 833	30 226	28 046	27 244	27 489
Driftsinntekter							
Refusjoner	0	-723	-723	-520	-520	-520	-520
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	-58	0	0	0	0
Sum Driftsinntekter	0	-723	-781	-520	-520	-520	-520
Sum	0	30 507	31 052	29 706	27 526	26 724	26 969

Fordeling på teneste (Tabell)

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2025	**2026**	**2026**	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Barnevernstjeneste	0	10 705	11 189	11 849	11 295	11 195	11 359
Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet	0	6 663	6 775	6 791	5 203	4 493	4 553
Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	0	13 140	13 087	11 066	11 029	11 036	11 057
Sum	0	30 507	31 052	29 706	27 526	26 724	26 969

Måltabell

Overordna mål
Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.
Oppvekstplanen: Alle barn og unge i Kvam skal ha gode moglegheiter til vennskap og fellesskap, og til utvikling der ein får brukt evnene sine og vera til nytte.
Oppvekstplanen: Barn og unge møter trygge og inkluderande vaksne i dei ulike arenaene i liva sine.
Oppvekstplanen: Barn, unge, gravide og familiar i Kvam møter gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar. Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.

Vatn og avlaup, avfall og renovasjon

Innleiing

Lenkje til beskriving av tenesteområde: Vatn og avlaup, avfall og renovasjon

Vatn, avløp, avfall og renovasjon er grunnleggjande tenester som skal sikre innbyggjarane trygt drikkevatn, forsvarleg handtering av avløp og gode renovasjonsløysingar. Tenestene er i hovudsak gebyrfinansierte, men står overfor aukande krav frå styresmakter, store investeringsbehov og avgrensa gjennomføringskapasitet på prosjektsida.

Retning for tenesteområdet i økonomiplan

Nivå på tenesta

Tenestene held i dag eit godt nivå, men det er eit aukande behov for fornying av leidningsnett, oppgradering av anlegg og gjennomføring av vedtekne tiltak i hovudplanane for vatn og avløp. Samstundes er kapasiteten til planlegging og gjennomføring av prosjekt pressa. Dette omfattar mellom anna grunn- og avtaleoppfølging, prosjektering, utføring og rapportering.

For å lukkast med gjennomføringa er det ikkje tilstrekkeleg å sikre investeringsmidlar åleine. Det må òg setjast av tilstrekkelege interne ressursar til førebuing, oppfølging og gjennomføring av prosjekta. Dette er heilt avgjerande for å sikre gode og driftssikre løysingar som skal gagne abonnentane i mange år.

Det er utfordrande å gjennomføre både lovpålagde oppgåver og politisk prioriterte prosjekt i ynskt tempo. Skal ein realisere dei planlagde tiltaka, må det vere samsvar mellom tilgjengelege investeringsmidlar og naudsynte personellressursar.

Mål framover

- Gjennomføre høgast prioriterte tiltak i vedtekne VA-planar (2026 – 2032) bl.a. trygge vassforsyning til innbyggarane i Vikøy, trygge forsyning til Øystese/Norheimsund og starte på etterslepet i Ålvik
- Gjere opprydding langs elv knytt til eldre tidlegare overteke vassverk i Øystese
- Nye vassmålarar – ta i bruk nytt digitalt system og mogelegheiter
- Redusere lekkasjar og sikre stabil vassforsyning
- Førebu og gjennomføre tiltak for å møte nye miljø- og reinsekrav
- Redusere innlekk i avløpssystema
- Gjennomføre ROS-analyse på avløpssystema for å fylgje opp pålegg frå statsforvaltar
- Styrkje kapasiteten innan planlegging og gjennomføring av prosjekt
- Vidareutvikle renovasjonsordningane i samarbeid med BIR

Tiltak, handlingsrom og konsekvensar

Handlingsrommet er avgrensa av både økonomi og kapasitet. Det vil vere nødvendig å prioritere strengt mellom lovpålagde oppgåver, investeringar og lokale utviklingsprosjekt. Skal nye prosjekt inn, må eit anna planlagt prosjekt ut.

I 2027 vil det vere særleg fokus på gjennomføring av dei viktigaste VA-prosjekta som vart vedtekne i hovudplanane i 2026, innføring av vassmålarar og tiltak som reduserer lekkasjar og framtidige driftskostnader. Samstundes står heradet framfor ei svært omfattande investeringsportefølje spesielt innan vatn og avløp, men også noko innan bygg, samferdsle og beredskap. Sjølv om mange av prosjekta er estimert med ein grovare kostnad i hovudplanane for VA, må ein arbeide vidare med desse prosjekta for å kunne leggje fram eit grundigare og meir nøyaktig investeringsestimat som skal inn i årlege budsjett- og prosjekttabellar før gjennomføring.

Særleg innan VA vil dei vedtekne hovudplanane utløyse eit høgt aktivitetsnivå over fleire år, med krav til planlegging, prosjektering, innkjøp, byggeleiing og oppfølging av entreprisar. Auka prosjektkapasitet er nødvendig for å kunne gjennomføre vedtekne tiltak innan fastsette tidsfristar, sikre god prosjektstyring og redusere behovet for kostbar ekstern bistand. I 2027 er det eit forsiktig estimat med underskot på 3000 timar, berre for dei høgast prioriterte prosjekta.

Det er difor behov for å styrkje organisasjonen med to prosjektleiar frå 2027. Alderssamansetning til personell i prosjektavdelinga tilseier også at det bør rekrutterast no, då ein kan forvente avgang innan nokre år.

To nye prosjektleiarar vil leggje til rette for betre framdrift i investeringsprosjekta, redusere risikoen for forseinkingar og bidra til at kommunen får realisert dei viktigaste investeringane som er nødvendige for å møte framtidige krav og forventningar til tenestene.

Ein reduserer også sjanse for reaksjonar/bøter og tilleggskrav frå tilsynsmynde. Kostnadane for prosjektleiarane er i alle hovudsak tenkt belasta investeringsprosjekt og i svært liten grad driftsprosjekt.

Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	**2027**	**2028**	**2029**	**2030**
Vedtatt budsjett	**-22 163**	**-22 679**	**-18 540**	**-18 540**
Sum Tekniske justeringer	**-56**	**-56**	**-56**	**-56**
Sum Vedtak forrige periode	**15**	**15**	**15**	**-423**
Sum Budsjettendringar	**-1 556**	**1 146**	**0**	**0**
Sum Pensjons og felleskostnadar	**-17**	**75**	**91**	**115**
Sum Lønns- og prisvekst	**1 081**	**434**	**1 194**	**434**
Sum Budsjettendring – 1. tertial	**720**	**3 059**	**25**	**25**
Konsekvensjustert budsjett	**187**	**4 673**	**1 268**	**94**
Konsekvensjustert ramme	**-21 976**	**-18 005**	**-17 272**	**-18 446**
Nye tiltak				
Auke kursavgift VA 2027	115	0	0	0
Fjerning av eldre inntak og pumpehus i Øystese-elva	500	0	0	0
Justering inntekt på sjølvkost, B2027	2 561	4 186	6 780	6 258
Justering kostnad på sjølvkost, B2027	172	207	243	280
Prisjustering drivstoff	42	42	42	42
Prisjusteringspott	169	169	169	169

